

# **Årsrapport 2008**

**Fylkesmannen i Rogaland**

## Innhold

<b>Kapittel 1 - Om embetet</b>	Side 3
<b>Kapittel 2 - Sentrale politiske føringar</b>	Side 7
<b>Kapittel 3 - Resultatområder</b>	Side 16
Kongehuset	Side 16
Miljøverndepartementet	Side 16
Landbruks- og matdepartementet	Side 22
Kunnskapsdepartementet	Side 50
Barne- og likestillingsdepartementet	Side 66
Justis- og politidepartementet	Side 70
Kommunal- og regionaldepartementet	Side 78
Arbeids- og inkluderingsdepartementet	Side 83
Helse- og omsorgsdepartementet	Side 86
Statens Helsetilsyn	Side 103
Samferdselsdepartementet	Side 106
Utenriksdepartementet	Side 106
Kultur- og kirkedepartementet	Side 107
Foryings- og administrasjonsdepartementet	Side 107

# Kapittel 1 - Om embetet

## 1.1 Tilstanden i embetet og fylket – generelt

### **Innleiing**

Fylkesmannen i Rogaland legg med dette fram årsrapport for 2008 i samsvar med rapporteringskrav i embetsstyringsdokumenta og i tildelingsbrev for 2008.

Rapporten er fylkesmannens tilbakemelding med omsyn til aktivitetar og oppnådde resultat i 2008 i høve til dei mål og forventningar departement og direktorat har stilt til embetet i tildelingsbrev for 2008. Vi viser elles til særskilde rapportar på ulike saksfelt.

Rapporten gjev først ei tilbakemelding på administrative tiltak og statistikk. Deretter er det i kap.1 og 2 gitt kort "tilstandsrapport" og rapport på overordna politiske føringar for rapporteringsåret. Kap. 3 inneheld rapport på dei enkelte resultatområda.

### **1. Økonomiske rammer og administrative føringar**

#### *1.1 Organisasjon*

Embetsleiinga har i 2008 bestått av kst. fylkesmann Harald Thune og ass. fylkesmann Arild Michelsen.

Avdelingane er leia av følgjande personar:

Administrasjonsavdelinga:	Torjus Waaga. Frå 1. desember Henriette Hagen
Forvaltningsavdelinga:	Grete E. Øvernes
Helse og sosialavdelinga:	Pål Iden (som og er Fylkeslege)
Utdanningsavdelinga:	Sølvi Ona Gjul
Miljøvernavdelinga:	Marit Sundsvik Bendixen
Landbruksavdelinga:	Jon Ola Syrstad

Embetet har ca. 160 tilsette.

#### *1.2 Budsjett og rekneskap*

Frå eit mindreforbruk i 2007, hadde Fylkesmannen i 2008 eit meirforbruk på ca. 800.000 kr. Utviklinga skuldast i hovudsak et ein i fjor hadde lukkast i å rekruttere til fleire vakante stillingar, samstundes som vi har hatt ei kraftig gjennomsnittleg lønsauke. Dette skuldast behovet for å behalde godt kvalifisert arbeidskraft i ein stram arbeidsmarknad.

For dei konkrete tala viser vi til rekneskapsrapporten.

Når det gjeld økonomiforvaltninga i embetet, tek embetet tek embetet utgangspunkt i den sentrale budsjettfordelingsmodellen, når vi fordelar tidelinga mellom dei ulike avdelingane (fagområda). Dette gir oss ein betre innsikt i korleis departement og direktorat finansierer saksfelte sine. Vi ser at dette vil føre til ein viss grad av intern omfordeling, men dette vil skje over tid i tråd med våre egne prioriteringar. I 2008 har vi hatt i gang ein arbeidsgruppe som førebur fleirårsbudsjettering frå og med 2009.

#### *1.3 Embetsoppdrag og rapportering*

Fylkesmannen i Rogaland har rapport i samsvar med tiledelingsbrev og embetsoppdraga. Vi kan framleist konstatere at krav og forventningar til rapportering er ulikt mellom departementa og det er å håpe at dette kan bli betre samordna.

#### *1.4 Saksbehandlingstid og systematisk samanlikning*

Når det gjeld saksbehandlingstida så vil vi vise til dei einskilte resultatområda.

Men ikkje minst innafor byggesakene og reguleringsplaner ser vi at Rogaland er eit pressområde og vi har mange

saker til behandling. Dette, saman med vakanser i stillingane har gjort at vi har hatt ei ikkje tilfredstillande saksbehandlingstid på, mellom anna, klagesaker. Saksbehandlingstida er no i ferd med å reduserast og vi reknar med å nå målet om 3 månaders saksbehandlingstid også på dette feltet i løpet av 2009.

Saksbehandlingstida i saker etter utdannings- og barnehagelovgjevinga har stort sett vore innanfor fristen i forvaltningslova. Det blir rutinemessig sendt førebels forvaltningsmelding i saker der vi trur saksbehandlingstida kan bli noko lenger. I 2008 vart slik melding sendt i 8 saker. (søknad om tilskott barnehage 2, klage tildeling driftstilskott barnehage 2, godkjenning barnehage 1, spesialpedagogisk hjelp 1, utsett skolestart 1, klage skoletur 1). **Det er ei prioritert oppgåve å behandle klagesakene på utdanningsfeltet så raskt som råd, sidan desse sakene mest alltid gjeld individuelle rettar for barn, unge og vaksne.**

### 1.5 Elektronisk forvaltning

#### Nettarbeid

Vi arbeider stadig med å utvikle nettstaden vår. Vi har og tilsett kommunikasjonsrådgjevar i 100 % stilling i 2008.

#### Kart og stadfesta informasjon

GIS-kompetansen ved embetet er i stadig endring. Vi mista på ny GIS-koordinatoren etter sommaren, samtidig som fleire medarbeidarar tok høgskulenivå GIS-utdanning. GIS-rådgivar er tilsett 60% på forvaltning (temakart innan beredskap og kommuneplan) og 40% på landbruksavdelinga (temakart, Geovekst). Drifta av Temakart Rogaland er førebels sett ut til ekstern konsulent ([www.temakart-rogaland.no](http://www.temakart-rogaland.no)). Det er uklart korleis innsynsløysinga for kartdata blir organisert framover; tematkart-portalen er tungdriven og blir moglegvis utfasa over tid.

Sakshandsamarar sin GIS-kompetanse er stadig i fokus, og ein del har fått heva kompetansen gjennom kortare og lengre kurs. Geodatautvalet har fungert som møteplass i embetet, men utan å integrere Utdanningsavdelinga og Sosial- og helseavdelinga tilfredsstillande i arbeidet med kartfesta informasjon. Elles verkar utvalet som ein nyttig arena for kartfokusert samhandling mellom avdelingane.

Fylkesmannen påverkar prioriteringane i fylket gjennom innspel til geodataplanen for Noreg digitalt Rogaland. Vi samarbeider godt med t.d. Statens kartverk Rogaland og Rogaland fylkeskommune.

Grunnlagsdata, temadata/plandata og biletdata er tilgjengelege for saksbehandlarane og allmenta gjennom internettportalen Temakart Rogaland. Ein eigen SAK-GIS versjon sørgjer for kopling mellom sakene i ePhorte og oppslag i GIS-programmet. LGIS blir ikkje vedlikehalde lenger, og blir berre delvis erstatta av nye løysingar på nettet. Her er det stort behov for å leggje til rette fleire funksjonar. Fleire tilbod av geodata gjennom WMS er og noko vi må vurdere å nytte betre framover.

Programvara i felles lisenspool er tatt i bruk, men fleire av bruksområda er ikkje fullt ut utnytta enno. For samfunns- og arealplanlegginga blir det stadig viktigare å nytte kartet som informasjonskjelde. Tilgang til kommuneplanen gjennom GIS-systemet gir høve for fleire og betre analysar. Det er aukande krav om KU og ROS-analysar, og dette krev at data samlast, systematiserast og blir gjort tilgjengelege i kartet. Ein er i ferd med å samle inn og leggje til rette for meir kartdata på samfunnstryggleik. Ønska satsing på etablering av nye temadata blir stadig utsett, både på grunn av ressursmangel og fordi formidling av kunnskap må prioriterast.

### 1.6 Leiing, organisasjon og styring

Fylkesmannen har kontinuerleg fokus på organisasjon og leiing. Det er eit mål å tilstrebe ein flat organisasjon og dei fleste avdelingane er organisert i såkalla sjølvstyrte lag. Men organisasjonen er heile tida i endring.

#### Personalpolitikk

Fylkesmannen i Rogaland arbeidar for å vere bevisst i sin løns- og personalpolitikk. Vi har reforhandla dei personapolitiske retningslinene (Personalplanen) i 2008 og vi har lage ein varslingsrutine. Vi merker fortsatt eit press på avlønningnivået, fortsatt ein noko for høg turn-over (ca. 10%) og få søkjarar til mange av stillingane. Periodevis har vi difor ein del vakanser, sjølv om dette betra seg noko i 2008.

#### IA og sjukefråver

Fylkesmannen i Rogaland er IA-verksemd. I 2006 vart IA-avtalen fornya og embetet har laga ny handlingsplan frå 2007. Første handlingsplan blei langt på veg innfridd og vi hadde ønska nedgang i sjukefråværet i avtaleperioden. Sjukfråværet ha vist ei kraftig auke i 2008, til bortimot 7 %. Sjølv om ein del av dette kan forklarast i ikkje-arbeidsrelatert langtidssjukefråver, er dette langt frå tilfredstillande. Både AMU og leiargruppa har fokus på det i

2009.

### Lærlingar

Embetet hadde ein lærling, innafor kontorlaget, i 2008.

### Likestilling

Fylkesmannen har totalt sett rimeleg god balanse mellom kvinner og menn i arbeidsstokken, med ein overvekt av kvinner. Det er likevel store variasjonar avdelingane mellom. Dei siste åra har det vore sett særskilt søkjelys på lønsskilnader og talet på kvinner i leiande stillingar.

Tabellane nedanfor viser nokre viktige samanhengar.

Tab. 1 Lønnsfordeling mellom kvinner og menn avdelingane mellom (gjennomsnittlig ltr.)

	Adma	Forvaltning	Miljø	Landbruk	Helse- og sosial	Utdanning
Kvinner	47,8	52,1	54,3	52,6	55,9	55,1
Menn	49,5	53,3	59,	57,3	62,1	55

Tab. 2 Utvikling gj. snittlig lønstrinn kvinner og menn i embetet samla sett

	2004	2006	2007	2008
Kvinner	41,66	47,6	49,48	52,28
Menn	51,8	55,26	56,58	58,18

Lønnsauken er større for kvinner enn for menn i perioden.

Tab. 3 Kjønnfordeling embete i %

	Topp- leing	Adma	For- valtning	Helse- og sosial	Miljø	Land- bruk	Ut- danning	Totalt
Kvinner	0	72	53	74	28	47	68	58
Menn	100	28	47	26	72	53	32	42

Tab. 4 Kjønnfordeling leiande stillingar i tall

	Topp- leing	Adma	For- valtning	Helse- og sosial	Miljø	Land- bruk	Ut- danning	Totalt
Kvinner	0	1	1	1	1	0	1	5
Menn	2	1	1	1	2	2	1	10

Tab. 5 Deltidstilsette fordelt på kjønn i tall

	Topp- leing	Adma	For- valtning	Helse- og sosial	Miljø	Land- bruk	Ut- danning	Totalt
Kvinner	0	2	4	4	0	2	0	12
Menn	0	1	0	1	1	0	0	3

Tab. 6 Nyrekruttering i 2008 kjønnsdelt

Kvinner	Menn
19	12

## Eksternt likestillingsarbeid

Med forankring i Handlingsplan for likestilling i barnehage og skole fekk Fylkesmannen i Rogaland tildelt midlar til "Lokalt arbeid med likestilling i barnehagen". Midlane vart tildelt BarnebyggGruppen Rogaland, som har 16 barnehagar. Dei brukte pengane til ei felles oppstartsamling for å setje i gang systematisk arbeid for å rekruttere og behalde menn i barnehagane i Barnebygg. Dei fekk 70 000 kr, og samlinga blir halden 25.-27. februar 2009.

Likestilling er også eitt perspektiv i prosjektet "Dei utfordrande barna". Prosjektet har som mål å utvikle handlingskompetanse til å førebyggje, avdekkje og avhjelpe psykososiale vanskar i aldersgruppa 4-8 år, og fire kommunar deltok med personale i barnehagar og skolar. Etter to år under leiing av Fylkesmannen, overtok Universitetet i Stavanger/Senter for Atferdsforskning prosjektleiinga frå hausten 2007. Fylkesmannen er med i styringsgruppa og delfinansierer prosjektet. Fire kommunar deltar i denne toårige "runden", og prosjektet blir truleg vidareført med fire nye kommunar i nok ein runde.

Ein del av statistikken på opplæringsfeltet er kjønnsdelt, t.d. opplysningar om spesialundervisning i GSI (Grunnskolen informasjonssystem). Også statistikk som gjeld læringsresultat i grunnopplæringa er kjønnsdelt. Desse opplysningane blir kommenterte for Rogaland sin del på nettsida vår i samband med publisering, men med ulik vekting av kjønnspektivet.

Vi nemner også at vi prøver å rekrutterte kvinner som sensorar i realfaga, og at vi nyttar førelesarar av begge kjønn når vi arrangerer kurs og konferansar.

## 1.2 Rapportering på ressursbruk

### 1.2.1 Embetet som helhet

Departement	FMRO		Sum	
	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.		
Kongehuset	6		6	0
Foryings- og administrasjonsdepartementet	4		4	0
Arbeids- og inkluderingsdepartementet	149	57	149	57
Barne- og likestillingsdepartementet	281		281	0
Helse- og omsorgsdepartementet	241	210	241	210
Statens Helsetilsyn	636		636	0
Justis- og politidepartementet	322		322	0
Kommunal- og regionaldepartementet	407		407	0
Kultur- og kirkedepartementet	26		26	0
Kunnskapsdepartementet	479	116	479	116
Landbruks- og matdepartementet	1211		1211	0
Utenriksdepartementet	10		10	0
Samferdselsdepartementet	1		1	0
Miljøverndepartementet	949	166	949	166
Administrasjon	1026		1026	0
Embetsledelse	90		90	0
Sum:	5838	549	5838	549

### 1.2.2 Det administrative området

Område	FMRO	Sum
--------	------	-----

	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.	
Embetsledelse (FM og ass. FM)	90	90	0
Administrativ ledelse (adm sjef el. tilsvarende)	45	45	0
Arkiv	280	280	0
Regnskap og lønn	212	212	0
Personal	100	100	0
IKT	190	190	0
Informasjon	45	45	0
Ekspedisjon/forværelse	154	154	0
Statens hus (vaktmester, kantinge, sentralbord, renhold mm)		0	0
Landsdekkende oppgaver på administrativt område		0	0
Sum:	1116	0	1116 0

## 1.3 Andre forhold

# Kapittel 2 - Sentrale politiske føringar

## 2.1 Generelle samordningsoppgåver. Fornyng av offentleg sektor

### 2. SENTRALE POLITISKE FØRINGER

#### 2.1 Generelle samordningsoppgåver

Samordning er viktig. Embetet arbeider mykje med dette etter to aksar: intern samordning og ekstern samordning. Arbeidet prioriterast fordi vi ser nytta av dette, ikkje minst i dialog med kommunane, effektiviteten det gjer organisasjonen vår og kunnskapsaukinga som følgjer av dette.

Områda vi har arbeidd mykje med i 2008 er kommuneretta tilsyn, Fylkesmannens kommunebesøk, KOSTRA og bruk av skjønsmidlar, samt planarbeid. Den spesielle beredskapssamordninga blir ikkje omtala her.

**Tilsyn:** Vi har organisert dette arbeidet i en administrativ eining som blir kalla tilsynslag. Alle avdelingane har gitt ressursar inn og det er valt ein koordinator. Det har vært arbeidd mykje med metodar, hospitering og kompetansebygging i 2008. Vi har ein stadig betre tilsynskalender på nettet, og vi har arbeidd mot kommunerevisjonen for å lære av og bli kjend med metodene deira. Det har ikkje vært arbeidd så mykje mot andre regionale myndigheiter, men det blir prioritert i 2009. Faglig utbytte har vore stort og kommunane er tilfreds. Ressursbruken på dette laget er ca. 45 vekeverk. Dette er da ikkje medrekna dei konkrete tilsyna. Vi ser at dette er eit område kor ressursbruken vil auke.

**Fylkesmannens kommunebesøk** skjer kvart 4. år etter valet. Fylkesmannen personleg saman med avdelingsdirektørar og andre ressurspersonar har besøkt 22 av fylkets 26 kommunar i 2008. Bakgrunnen er å bli kjent med ny politisk og administrativ leing og understreke kor viktig god dialog mellom Fylkesmannen og kommunane er. Fylkesmannens ansvar og rolle blir understreka og regional stats styringssystem mot kommunane blir alltid lagt fram.

Det er rådgivarar frå alle avdelingane som planlegge besøka ut frå den samla kunnskapen vi har om den enskilde kommune. Dette har høg prioritet fordi vi alle merker ei forbetring i dialogen med kommunane. Ressursbruk er konservativt rekna til 45 vekeverk

**KOSTRA –tall** er viktige og brukast mykje. Vi har ei samling i året med alle kommunane kor data blir presentert og problemområde diskutert. Vi er også aktive når det gjeld informasjon og dialog med kommunen både via nettsidene og direkte kontaktar.

Prosjektskjønsmidlar blir aktivt brukt for å stimulere kommunen til vidare utvikling og modernisering.

**Planarbeidet** i embetet er også samordna med at fleire avdelingar arbeider saman i et planforum med ein koordinator som bind alt saman. Vårt fylke er eit stort planfylke og embetet ser på dette som ei kjerneoppgåve. Det brukast difor mykje ressursar på feltet og kompetansen er stor. Som departementet er kjent med, har vi også ei svært god samordning med Fylkeskommunen på dette feltet, kalla Regional Dialog. Sjå elles pkt. 2.4.

## 2.2 Velferd, helse og personleg tenesteyting

### 2.2 Velferd, helse og personleg tenesteyting

Fylkesmannen har i løpet av 2008 gjennomført kommunebesøk i samtlege kommunar i fylket. Ved alle desse besøka har ein nytta høvet til å presentera dei statlege forventningane til kommunane på helse, velferds og tenestesida.

Ved desse kommunebesøka har fylkesmannen hatt høve til å møta øverste administrative og politiske leing i kvar av kommunane.

På helse- sosial og barnevernsfeltet harbesøka særleg hatt fokus på de store nasjonale satsingane som *Omsorgsplan 2015*, med kompetanseløftet, legetenester i sjukeheimar, demensplan og investeringstilskot for kommunale plassar med heildøgnspleie- og omsorg, *NAV-reforma og kvalifiseringsordninga* med presisering av det kommunale ansvaret, *rusreforma* med presentasjon av ny rusrådgevar og fylkesmannen si rolle, *Folkehelsefeltet* med særleg vekt på universell utforming og helseaspekt i kommunal planleggjing, *Opptappingsplan for psykisk helse* med vekt på kommunen si rolle når planperioden er over og psykiatrisatsinga går over i ei driftsfase der kommunen må vidareføra satsinga ut frå rammetilskotet.

Kommunebesøka har og vore nytta til å presentera viktige erfaringar frå fylkesmannen og Helsetilsynet i Rogaland sine gjennomførte tilsyn. Tilsyna mot helse- og sosialtenesta i kommunane er godt samordna, og ein del tilsyn blir gjort

som felles tilsyn mot både helsetenesta, barneverns- og sosialtenesta.

Det landsomfattande tilsynet med *kommunane sitt ansvar for utsatte barn* vart eit særleg krevjande, men også nyttig tilsyn som vert gjennomført i 6 kommunar i Rogaland i 2008. Tilsynet vert rekna som så viktig for kommunane, at det også vert vidareført i fleire av kommunane hos oss i 2009.

Volumkrava som vert stilt til embetet med omsyn til talet på tilsyn, er vanskelege å oppfylle. I 2008 mangla vi likevel berre eit tilsyn på å oppnå dei tilsaman 21 tilsyna som er sett som krav for Rogaland når det gjeld planlagde tilsyn på helse- og sosialsektoren. Alle dei landsomfattande tilsyna som var forventa, har blitt gjennomført i Rogaland, både mot kommunehelsetenesta, sosialtenesta og spesialisthelsetenesta. Helsetilsynet i Rogaland har også utført tilsyn med ulike installasjonar i petroleumsverksemda.

Behandlinga av klagesaker etter helselovene, sosialtenestelova og barnevernlova har hatt høg prioritet, og ved utgangen av 2008 er saksmengda under kontroll.

Fylkesmannen har vore aktiv i rettleiing av kommunane i forhold til pleie- og omsorgstenester, og det har vore særlege tema som kommunane har vore opptekne av, som IPLOS, demensutgreiing og spørsmål knytt til investeringstilskotet.

Opplæring av kommunar, helseforetak, fastlegar, tannhelsteneste og ansvarlege i kommunane kring *nytt kapittel 4A i Pasientrettighetsloven*, har hatt høg prioritet og har krevt betydelege ressursar i hausthalvåret 2008. (Nytt regelverk om bruk av tvang og makt overfor pasientar med manglande samtykkekompetanse og som sett seg i mot helsehjelp).

Folkehelsearbeidet er i god gjenge. Alle avdelingar hos Fylkesmannen er med i eit

folkehelseutval som er oppnemnd i embetet. Både i fylkesplanarbeid og kommuneplanarbeid er dette utvalet ein viktig samarbeidsarena. Fylkesmannen har vore aktiv pådrivar i forhold til dei ulike handlingsplanane i folkehelsearbeidet. Fylkesmannen har og vore pådrivar for å få til eit formalisert partnerskap for folkehelsearbeidet, og talet på partnerskapskommunar har auka i Rogaland også i 2008.

Fylkesmannen har etablert nettverk og kontaktar med kommunane og med dei statlege aktørane i NAV-samarbeidet. Me har avsett ein heil stillingsressurs i prosjektorganisering under NAV-fylke. Fylkesmannen bidrar dessutan med omfattande opplæring rundt om på NAV-kontora og sit i styringsgruppa for gjennomføring av NAV i Rogaland.

## 2.3 Oppvekst, barnehagar, utdanning og likestilling

### 2.3.1 Samarbeid og samordning

Fylkesmannen har gjennom generell informasjon og rettleiing saman med spesifikke tiltak, motivert til heilskap og samarbeid når det gjeld barn og unge. I Utdanningsavdelinga sin kontakt med barnehagefagleg og skolefagleg ansvarlege og med PPT er slike spørsmål jamleg på dagsorden. Betre samordning er ei konkret målsetjing i prosjektet ”Dei utfordrande barna”. Dette prosjektet vart gjennomført med fire kommunar i ”første runde i 2005- 2007 med Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen som prosjektleiar. Prosjektleiing og fagleg ansvar er no lagt til UiS v/Senter for Atferdsforskning, og prosjektet er vidareført med fire nye kommunar i 2008-2009. Det er nyleg gjort avtale med SAF/UIS om vidareføring i ytterlegare to år. Fylkesmannen deltar i styringsgruppa og delfinansierer prosjektet.

Elles samarbeider Utdanningsavdelinga med Helse- og sosialavdelinga og Landbruksavdelinga om oppvekst- og levevilkår for barn, m.a. om prosjektet *Fysisk aktivitet og måltid i skolen* og om handlingsplan for universell utforming. I samband med desse tiltaka er det også poengtert at tverrfagleg samarbeid er viktig i kommunane. Tiltaka er nærare omtalte i kap 3.

### 2.3.2 Barnehage

Fylkesmannen sine oppgåver er knytte til gjennomføringa av målsetjingane i Barnehageløftet, med full dekning, god kvalitet og låg pris som sentrale mål, og med informasjon, rettleiing, motivasjon og tilsyn som viktige strategiar.

Rogaland har hatt stor utbygging av barnehagar i 2008, og alle kommunane hadde nådd målet om full barnehagedekning ved utgangen av 2008. Men Rogaland er eit vekstfylke, og mange kommunar har med auka etterspurnad etter barnehageplassar, framleis behov for vidare barnehageutbygging. Fylkesmannen held seg jamt orientert om barnehagedekninga i Rogaland gjennom ulike former for områdeovervaking.

Fylkesmannen har også i 2008 prioritert informasjon og rettleiing om kommunen sitt ansvar som barnehagemynde. Det er arrangert ei to dagars samling for barnehagefagleg ansvarlege i kommunane med emna kompetanseplanlegging, endringar i barnehagelova og oppfølging av fylkesmannen sitt tilsyn med kommunane (bhl § 10 kommunen si godkjenning av barnehagar og bhl § 16 kommunen sitt tilsyn med barnehagar). Dei tre nettverka i fylket er ein viktig arena for dialog og erfaringsutveksling, og det har vore tre til fire møte i kvart nettverk i 2008. Barnehagedekning, regelverket, kompetanseutvikling og implementering av rammeplanen har vore gjennomgangstema også dette året. Vi nyttar også nettsida aktivt til informasjon om nasjonale mål og om regelverket, og førespurnader pr telefon og e-post blir prioriterte for å medverke til at regelverket blir kjent og følgt.

På bakgrunn av kontakten med kommunane både gjennom informasjons- og rettleiingsarbeid og gjennom tilsyn, er det inntrykket vårt at dei jamt over er rimeleg godt medvitne om kva ansvaret som barnehagemynde inneber. Men det er variasjon både når det gjeld kapasitet og kompetanse i kommuneleddet, og det er ofte forvaltningskompetansen det skortar på. Nokre kommunar styrkjer no bemanninga på kommunalt nivå på barnehagefeltet, men vi kjenner også til kommunar som fjernar barnehagefagleg ansvarleg og delegerer alt til styrarane. Det ville etter vårt skjøn vore tenleg om departementet kunne medverke til å setje kommunen sitt ansvar og utfordringar som barnehagemynde på dagsorden i ein nasjonal konferanse.

Barnehagekonferansen 2008 vart arrangert 28. mai med 230 deltakarar. Konferansen er årleg, og er eit samarbeid mellom Fylkesmannen, Universitetet i Stavanger og Utdanningsforbundet Rogaland. Dette året var tittelen *Kviskre til ein stein - om kunst, kultur og kreativitet i barnehagen*. Målet med konferansen er å presentere nye utviklingstrekk og utfordringar for barnehagane, og å vere ein fagleg møtestad for barnehageutsette i fylket.

På oppdrag frå og i samarbeid med Kunnskapsdepartementet arrangerte vi i slutten av november ein nasjonal

konferanse om samarbeid og samanheng mellom barnehage og skole. Konferansen gav kunnskap om og presenterte prosjekt om kvifor og korleis ein kan fremje samarbeidet mellom barnehage og skole. Konferansen gjekk over to dagar med om lag 500 deltakarar.

Kvalitetsutviklinga blir stimulert ved tiltak knytte til kompetansestrategien, kompetansemidla og kvalitetsmidla. Mål og forventningar til kommunane vart vektlagde på samlinga med kommunane nemnt ovanfor. Kompetansemidla er tildelte til kommunane etter søknad med kompetanseplan for 2008 og rapport for bruk av midla i 2007. Midla blir tildelte etter fordelingsnøkkel basert på talet på barnehagar og barn i barnehagane i kommunen. Frå rapportane ser vi at dei prioriterte områda i strategiplanen frå KD er godt ivaretekne, alle barnehagane og alle yrkesgruppene har deltatt i kompetansehevingstiltak. I nokre få tilfelle har dei private barnehagane hatt eigne kompetansehevingstiltak i regi av eigen organisasjon(PBL). Vi nemner også at Fylkesmannen gav midlar til Universitetet i Stavanger i 2007 for å medverke til at universitetet skulle etablere system og utvikle relevante tilbod til barnehagane i regionen. Dette resulterte i ei kursrekke med fagtema for tilsette i barnehagar i 2008.

Kvalitetsmidla er tildelt til prosjekt i kommunar, og elles nytta til nettverk og samlingar med kommunane og til eigne prosjekt og konferansar. Det er også brukt noko til å stimulere til arbeid med nasjonale strategiar og satsingsområde. Så nemner vi at ni kommunar er tildelt særskilte midlar til *utviklingstiltak for barn med spesielle behov*, og ni kommunar er tilselt særskilte midlar til å styrkje kompetanse i *fleirkulturell pedagogikk og språkstimulering for minoritetsspråklege barn*.

Elles tar vi med at til saman ni kommunar og 17 barnehagar til no har deltatt i NAFO-prosjektet *Språkleg og kulturelt mangfald i barnehagen*. Prosjektet starta hausten 2006, og prosjektleiinga er lagt til Universitetet i Stavanger. Rogaland er også tildelt midlar til lokalt arbeid med likestilling i barnehagen, og midla vart i 2008 tildelt BarnebyggGruppen Rogaland, som har 16 barnehagar her i fylket. Barnebygg skal starte opp systematisk arbeid for å rekruttere og behalde menn i barnehagane, og midla skal nyttast til ei oppstartsamling for alle Barnebygg sine 42 barnehagar i 12 fylke.

I samband med rekrutteringsstrategien er det etablert ei lokal arbeidsgruppe som er i gang med tiltak i samarbeid med UH-sektoren i regionen. Gruppen er representert på nettverksmøta i regi av Kunnskapsdepartementet. Talet på dispensasjonar frå utdanningskravet er høgt og aukande, og i eit vekstfylke som Rogaland skal det framleis byggjast fleire nye barnehagar. Det er positivt at både næringsliv og andre aktørar etter kvart ser at det er viktig for regionen å ha gode barnehagar med kompetent personale for å rekruttere anna arbeidskraft og sikre næringsutviklinga i regionen.

Fylkesmannen har i 2008 ført tilsyn med tre kommunar etter systemrevisjonsmetoden. Tema for tilsyna har vore kommunen som godkjenningssmynde og kommunen sitt tilsyn med barnehagar. Det er gitt avvik på at kommunane ikkje fattar vedtak om godkjenning av barnehagar etter reglane i barnehagelova i alle tre kommunane. Vidare er det gitt eitt avvik og ein merknad på kommunen sitt tilsyn med barnehagar.

I tilbakemeldingar frå tilsynskommunane har vi fått melding om at avvik på kommunen si godkjenning av barnehagar vil bli retta ved at kommunane etablerer nye rutinar for å sikre saksutgreiing i tråd med regelverket. I nokre av kommunane vil dei også gi nye godkjenningar av gamle barnehagar som ikkje har hatt godkjenning i tråd med gjeldande regelverk. Avvik i samband med tilsyn av barnehagar er retta ved at kommunen utarbeider plan og rutinar som sikrar at kommunen gjennomfører tilsyn i tråd med regelverket.

Også i 2007 blei det gitt avvik på at tilsynskommunar ikkje fattar vedtak om godkjenning av barnehagar etter reglane i barnehagelova. I fleire kommunar er godkjenningar dokumenterte berre i skjema Q-0218, kommunen sine vurderingar etter barnehagelova er ikkje skriftleggjorte. Vi har derfor i 2008 bede om saksutgreiingar frå kommunane for å sikre at det ligg føre gyldige vedtak. Innhentinga skjer i samband med opningsmelding og søknad om driftstilskot for nye barnehagar. Kommunane vil få samla tilbakemelding om funn og manglar i saksutgreiingane saman med informasjon om krava i barnehagelova i løpet av våren 2009.

Fylkesmannen har starta eit skriftleg tilsyn med kommunen si saksbehandling av dispensasjonar frå kravet om førskolelærarutdanning for styrar og pedagogisk leiar etter barnehagelova §§ 17 og 18. Halvparten av kommunane har fått melding om tilsynet og har levert dokumentasjon hausten 2008, den andre halvparten vil få brev og frist for dokumentasjon våren 2009. Alle kommunane vil få rapport med tilbakemelding etter tilsynet i løpet av våren 2009.

### 2.3.3 Grunnopplæringa

Nasjonalt tilsyn retta mot tilpassa opplæring og spesialundervisning vart gjennomført som føresett våren 2008 i 4 kommunar, ein privatskole og fylkeskommunen (her avgrensa til barn og unge i institusjonar etter barnevernlova). Det er også gjennomført tilsyn med årstimetal i vidaregåande opplæring. Hausten 2008 vart det ført tilsyn med ytterlegare to kommunar på området tilpassa opplæring og spesialundervisning. Det er vidare hausten 2008 gjennomført tilsyn med to kommunar og ein privatskole retta mot elevane sitt psykososiale miljø, jf. § 9a-3. Alle tilsyna vart utførte som systemrevisjon, og dermed også med tilvisning til § 13-10, 2. ledd. I tillegg er det gjennomført skriftleg tilsyn med ein kommune retta mot kravet om forsvarleg leing ved kvar skole (§ 9-1). Dette tilsynet er enno ikkje avslutta, men det vart gitt varsel om pålegg om retting like før jul. Så nemner vi at det vart gjennomført ei kartlegging når det gjeld oppfølging av ordninga med frukt og grønt (§ 13-5) på bakgrunn av nokre oppslag i media i samband med budsjettprosessen i kommunane i haust. Nokre få kommunar hadde planar om å kutte ut ordninga, men dette vart løyst gjennom rettleiing.

Ved alle tilsyn der det er gitt avvik, har skoleeigar fått ein rimeleg frist til å melde frå om korleis avviket er følgt opp. Alle har svart innan fristen. I ein av kommunane og i fylkeskommunen har fylkesmannen vurdert tilbagemeldinga slik at tilsynet ikkje er blitt avslutta. Vi har sendt melding om at vi vil følge opp tilsynet ved stikkprøvekontroll og nokre intervju for å sjekke ut om avvika er lukka. Det er såleis gitt varsel om pålegg dersom avvika ikkje er blitt lukka. Vi vil nemne at tilsyn med fylkeskommunen også dette året var særleg krevjande både undervegs og i etterkant. Så tar vi med at det nasjonale tilsynet også i 2008 vart følgt opp med ein todagars konferanse i november med fokus på status og utfordringar i Rogaland etter tilsynet, og ca 150 personar deltok her.

Tilsynsarbeidet i 2008 er planlagt og gjennomført med utgangspunkt i tilgjengelege ressursar i avdelinga. Tre tilsyn kunne ikkje gjennomførast som planlagt på grunn av sjukdom og vakanse, desse er utsette til 2009. Det er vanskeleg å vurdere om tilsynsarbeidet samla sett er tilstrekkeleg, men graden av avvik ved gjennomførte tilsyn kan indikere at skoleeigarane, som nemnt ovanfor, generelt har for låg kunnskap om lovverket og for dårleg forvaltningspraksis. Dette treng ikkje innebere at elevar ikkje får oppfylt rettane sine, men vi er framleis urolege for nokre område: rettar knytte til reglane i kap 5 og kap 9a -3. Auke i rammene for inneverande år gir rom for auke i tilsynsaktiviteten også i 2009.

Det er gjort nærare greie for tilsynsarbeidet i kap 3, m.a. med ei vurdering av tilsynsbehovet.

Informasjons- og rettleiingsoppdraget er todelt, med både planlagde tiltak og arbeid knytt til førespurnader utanfrå. Mengda av førespurnader pr telefon og e-post er i periodar svært stor, både frå dei som arbeider med og i skole og frå føresette. Her er det stort spenn i behovet til dei som vender seg til oss, frå ønskje om enkeltopplysningar om regelverket til behov for rettleiing i kompliserte saker som krev arbeid over tid. Informasjons- og rettleiingsarbeidet er krevjande, men også viktig: Det styrkjer medvitet om nasjonale prioriteringar i utdanningspolitikken hos skoleeigarane, og det gir grunnlag for å sikre kvaliteten i grunnopplæringa. Det er uråd for oss å måle effekten av verksemda, men vi meiner vi ser resultat på ulike vis, t.d. ved at ein kommune grip fatt i konkrete forvaltningsutfordringar etter eit kurs, eller ved at enkeltsaker kan bli løyste gjennom ein rettleiingsprosess utan å bli ei "sak". Elles får vi tilbagemeldingar om at deltakarane opplever både utdanningskonferansen og andre samlingar som viktige møteplassar for dialog og refleksjon. I tillegg får Fylkesmannen gjennom dette arbeidet sjølv viktig informasjon om tilstanden i sektoren, noko som er ein vesentleg del av grunnlaget for å vurdere behovet for tilsyn.

Oppgåver knytte til Kunnskapsløftet er prioriterte i samsvar med føringane i embetsoppdraget. Samarbeid med skoleeigarane, KS, UH-sektoren og lærarorganisasjonane er nærare omtalt under kap 3, resultatområde 32.2 nedanfor. Tildeling av kompetanseutviklingsmidlar er utført som føresett og er også nærare omtalt i same punktet.

Vi nemner også at lokal deltaking i prosjektet "Betre vurdering" blir følgt opp frå fylkesmannen si side både ved jamleg kontakt med den lokale prosjektleiinga, ved å leggje til rette for at lokal prosjektleiar informerer alle skolefaglege ansvarlege i Rogaland, og ved at ein medarbeidar ved Utdanningsavdelinga deltar på direktoratet sine prosjektsamlingar.

Endeleg nemner vi at vi i samarbeid med KS Rogaland og Kommunalt foreldretutval i Stavanger, inviterte foreldre til konferanse om samarbeid mellom heim og skole om elevane sitt skolemiljø, her deltok til saman om lag 50 representantar frå FAU saman med rektorar.

### 2.3.4 Likestilling

Med forankring i Handlingsplan for likestilling i barnehage og skole fekk Fylkesmannen i Rogaland tildelt midlar til "Lokalt arbeid med likestilling i barnehagen". Midlane vart tildelt BarnebyggGruppen Rogaland, som har 16 barnehagar. Dei brukte pengane til ei felles oppstartsamling for å setje i gang systematisk arbeid for å rekruttere og behalde menn i barnehagane i Barnebygg. Dei fekk 70 000 kr, og samlinga blir halden 25.-27. februar 2009.

Likestilling er også eitt perspektiv i prosjektet "Dei utfordrande barna". Prosjektet har som mål å utvikle handlingskompetanse til å førebyggje, avdekkje og avhjelpe psykososiale vanskar i aldersgruppa 4-8 år, og fire kommunar deltok med personale i barnehagar og skolar. Etter to år under leiing av Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen, overtok Universitetet i Stavanger/Senter for Atferdsforskning prosjektleiinga frå hausten 2007. Fylkesmannen er med i styringsgruppa og delfinansierer prosjektet. Fire kommunar deltar i denne toårige "runden", og prosjektet blir truleg vidareført med fire nye kommunar i nok ein runde.

Ein del av statistikken på opplæringsfeltet er kjønnsdelt, t.d. opplysningar om spesialundervisning i GSI (Grunnskolen informasjonssystem). Også statistikk som gjeld læringsresultat i grunnopplæringa er kjønnsdelt. Desse opplysningane blir kommenterte for Rogaland sin del på nettsida vår i samband med publisering, men med ulik vekting av kjønnsperspektivet.

Vi nemner også at vi prøver å rekrutterte kvinner som sensorar i realfaga, og at vi nyttar førelesarar av begge kjønn når vi arrangerer kurs og konferansar.

### **2.3.5 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar og norskopplæring for asylsøkjjarar**

Tilskott til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar som fekk opphaldsløyve etter 1.5.05, blir tildelt kommunane som ein sum per person (per capita) i ein femårsperiode. 25 kommunar fekk i alt 57,5 mill kr i tilskot per capita i 2008 mot 34,8 mill kr i 2007. Av dette var 39,6 mill kr for dei som vart busette i 2008.

Det blir utbetalt resultattilskott når elevane har bestått munnleg eller skriftleg norskprøve. 21 kommunar fekk i alt kr 2.005.000 i resultattilskott for 343 elever i 2008. I 2007 fekk 11 kommunar kr 810.000 i tilskott for 86 elevar.

Kommunar som på grunn av svak økonomi ikkje greier å tilby opplæring etter regelverket sjølv om interkommunalt samarbeid er vurdert, kan få skjønnsstilskot. I 2008 fekk ingen kommunar slikt tilskott, medan 3 kommunar fekk i alt kr 900.000 i slikt tilskot i 2007.

Stortinget løyvde 75 mill kr ekstra for å styrkje opplæring av innvandrarar i 2007.

Denne satsinga var vidareført i 2008 gjennom eit basistilskott på kr 370.000 for kommunar med mellom 4 og 150 personar i målgruppa for opplæringa.

18 kommunar fekk slikt tilskott i 2008; i alt 6,7 mill kr. I 2007 fekk 10 kommunar med mellom 10 og 200 deltakarar i målgruppa kvar kr 400.000.

Tilskot til opplæring av innvandrarar som fekk opphaldsløyve før 1.9.05, får tilskot etter overgangsordninga. 20 kommunar fekk i alt kr 21,2 mill kr i tilskott etter denne ordninga. I 2007 fekk 19 kommunar i alt 43,0 mill kr i tilskott. Ordninga gjeld i 5 år og skal fasast ut i 2010. Talet på elevar i denne ordninga er redusert frå 752 på våren til eit anslag på 574 hausten 2008. Dette er 30 – 33% lågare enn eit år tidlegare.

Norskopplæring for asylsøkjjarar i mottak vart gjeninnført frå 1.9.07. 4 kommunar med asylmottak fekk 5,4 mill kr i tilskott i 2008. Det er starta nytt mottak hausten 2008 i Stavanger. I 2007 fekk 3 kommunar med asylmottak utbetalt 1,3 mill kr i 2007.

Fylkesmannen har ikkje gjennomført samlingar med kommunane i 2007, men har gitt rettleiing om ordninga gjennom direkte kontakt med kommunane og rettleiing på nett. Fylkesmannen har utarbeid ein tilskottskalender for kommunar og asylmottak der alle søknadsfristar er samla. Det er gode tilbakemeldingar om at denne kalenderen er nyttig.

I samarbeid med IMDi Vest vart det hausten 2008 arrangert opplæring for lærarar i norsk og samfunnskunnskap. Samlinga hadde over 150 deltakarar og fekk god tilbakemelding.

Forvaltninga av tilskot gjekk etter planen, men vart gjennomført noko seinare enn rekna med på hausten på grunn av stor arbeidsmengde. Nasjonalt Introduksjonsregister (NIR) blir nytta for søknad og godkjenning av tilskott per capita og fungerer godt til dei oppgåvene Fylkesmannen har med søknadsbehandling. Men det er noko uklart kva for kontrollar Fylkesmannen skal og kan gjere i eit system som er basert på personopplysningar om asylsøkjjarar og innvandrarar som er utanfor Fylkesmannens kontroll. Fylkesmannen vert i stor grad ei postkasse for utbetaling av tilskott per capita.

Det er vidare uheldig at det ikkje er nokon samanheng mellom NIR og arkivsystemet. Kommunen skal søkje om

tilskot i NIR, men søknadene kjem ikkje til Fylkesmannens postmottak utan at saksbehandlar hentar desse frå NIR.

Det er behandla tre klager etter introduksjonslova i 2008, tilsvarende tal var tre i 2007 og fire i 2006.

## 2.4 Arealdisponering og byggjesaker

### 2.4 Arealdisponering og byggjesaker

Rogaland er eit planfylke som inneber stort fokus og stor aktivitet på feltet. Dette gjeld både regionale planar og kommuneplanar, på reguleringsplanar og mange klagesaker. Talet på klagesaker stig for kvart år. I 2008 kom det inn 553 saker mot 540 i 2007.

Fylkesmannen legg mye ressursar inn på feltet og er aktivt med i dei fleste prosessane både i fylkesplanar og kommuneplanar. Vi deltar i oppstartsmøta, meklingar og drøftingar. Fylkesmannen er aktiv i bruk av heimesida. Vi har i 2008 utforma bla momentliste for "Kommuneplan til offentlig ettersyn" og lagt ut fleire artiklar. Det kan vere spesielle saker med stort mediefokus eller tema av meir opplysende karakter.

Vi legg vinn på å være tilgjengelige for kommunane og på å bli betre på å samordna oss internt. Vi har godt samarbeid med dei andre avdelingane

*Omdisponering jordbruksareal, vern av viktig jord- og kulturlandskap, rettleiing landbruksomgrepet m.m.*

Høgkonjunktur, sentralisering og folkevekst gir sterkt utbyggingspress i dei sentrale jordbruksområda i fylket, samstundes som ein nå kan registrere noko mindre byggeaktivitet mot slutten av 2008. Fylkesmannen er aktivt med i samfunnsplanlegginga gjennom oppstartsmøte for kommuneplanar, tidlege innspel i planlegginga, uttale til planprogram og til kommuneplanframlegg, i drøftingsmøte og mekling og i generelt informasjons- og motivasjonsarbeid. Det er starta opp revisjon av Fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren, der det er lagt til grunn at langsiktig grense for landbruk skal liggje fast.

Kommunane i Jærenregionen er i hovudsak lojale mot langsiktig grense for landbruk som er konkretisert i alle kommuneplanane. Denne grensa har hatt stor effekt for arbeidet med å avgrense tettstadveksten på jordbruksareal, og for å få ei effektiv arealutnytting. Likevel har det også i 2008 vore motsegnssaker der kommunale planar utfordrar prinsippa i fylkesdelplanen. Jordvernet har fått gjennomslag i dei sakene som er avgjorde av Miljøverndepartementet i 2008.

Det er framleis eit stort (og aukande) tal saker som gjeld dispensasjon frå kommuneplan for frådelingar og byggjetiltak i LNF-område. Spreidde frådelingar og byggjetiltak vil over tid gi landbruksområda preg av å vere blandingsområde der landbruket må tilpasse seg andre bruksinteresser. Som eit ledd i rasjonalisering i landbruket, blir det ofte frådelt tunparsellar i landbruksområde. Dette gir utfordringar når det gjeld etterbruk av bygningsmassen, noko som har fått stort fokus i 2008.

### 2.5 Landbruksbasert næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern

*Fylkesmannen sin strategiske rolle og regional landbrukspolitikk*

Fylkesmannen har ei sentral rolle i utvikling av strategiar for landbruksutvikling innafor ramma av den nasjonale landbrukspolitikken. Sentrale prosessar er fastsetjing av strategiar for landbruksbasert næringsutvikling og utarbeiding av regionalt miljøprogram.

Fylkesutvalet i Rogaland har i 2008, har etter initiativ frå fylkesmannen, vedteke at det skal startast opp arbeid med *Fylkesdelplan for landbruk*. Mykje av arbeidet med planen er lagt til fylkesmannen. Utkast til planprogram er utforma hausten 2008, og vi reknar med at planarbeidet er ferdig innan 2010. Bakgrunnen for initiativet er mellom anna dei store omstillings- og utviklingsutfordringane landbruket står framfor. Føremålet med fylkesdelplanen er mellom anna at det skal vere eit styringsverktøy for utviklingstiltak, prosjekter og verkemiddelbruk på regionalt og kommunalt nivå. Planen skal avklare det regionale handlingsrommet sett i lys av den nasjonale politikken, og skal gi prioriteringar innanfor det regionale handlingsrommet. Planen skal bidra til å styrke landbruket og landbruksbasert næringsutvikling i Rogaland. Det skal utarbeidast ein handlingsplan der ulike tiltak blir prioritert.

Fylkesmannen har faste samrådsmøte med dei to faglaga i jordbruket for informasjon og innspel.

Røynslene frå dei fem åra med tildeling av tilskot i Regionalt miljøprogram syner at programmet er målretta og effektivt. Programmet gir auka engasjement i utvikling av miljøverdier frå landbruket og gjer det synleg kva for miljøgode landbruket gir tilbake til samfunnet i høve til dei budsjettoverføringane landbruket får. Slik sett er Regionalt miljøprogram eit viktig strategisk verkemiddel og eit effektivt tiltak for å skape legitimitet for landbrukspolitikken.

Etableringa av pilotprosjektet ”meir miljøvennleg spreining av husdyrgjødsel” har vor ei viktig aktivitet innan miljøsetinga i landbruket, i samarbeid med Aksjon Jærvassdraget. Om lag 30 000 dekar jordbruksareal langs vassdraga på Jæren blei omfatta av ordninga i 2008.

Fylkesmannen har ambisiøse mål i handlingsplan for økologisk landbruk, men det viser seg framleis vanskeleg å få auka produksjonen i rogalandsjordbruket. Her står vi føre ei stor oppgåve.

Fylkesmannen har vore pådrivar og koordinert Rogaland sin del av oppfølgingsarbeidet i samband med Melding om kystskogbruket, som ni fylkeskommunar frå Rogaland til Finnmark står bak. Både skognæringa og fylkeskommunen har aktivt deltatt i dette arbeidet. Fylkesmannen er også viktig medspelar i fylkeskommunen sitt arbeid med utarbeiding av ”*Handlingsplan for skogbruket*”.

Fylkesmannen har vidare vore aktiv i samordning av bioenergiinnsatsa i fylket og i nettverksbygging for auka bruk av lokalt tømmer til byggjeri. Forvaltningsarbeidet med tilskot til fleire ordningar for næringsutvikling i skogbruket er flytta tilbake til fylkesmannen – i tillegg til nye og utvida informasjonstiltak i samband med nye skattereglar knytt til skogfundsordninga.

## **2.5 Landbruksbasert næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern**

### *Fylkesmannen sin strategiske rolle og regional landbrukspolitikk*

Fylkesmannen har ei sentral rolle i utvikling av strategiar for landbruksutvikling innfor ramma av den nasjonale landbrukspolitikken. Sentrale prosessar er fastsetjing av strategiar for landbruksbasert næringsutvikling og utarbeiding av regionalt miljøprogram.

Fylkesutvalet i Rogaland har i 2008, har etter initiativ frå fylkesmannen, vedteke at det skal startast opp arbeid med *Fylkesdelplan for landbruk*. Mykje av arbeidet med planen er lagt til fylkesmannen. Utkast til planprogram er utforma hausten 2008, og vi reknar med at planarbeidet er ferdig innan 2010. Bakgrunnen for initiativet er mellom anna dei store omstillings- og utviklingsutfordringane landbruket står framfor. Føremålet med fylkesdelplanen er mellom anna at det skal vere eit styringsverktøy for utviklingstiltak, prosjekter og verkemiddelbruk på regionalt og kommunalt nivå. Planen skal avklare det regionale handlingsrommet sett i lys av den nasjonale politikken, og skal gi prioriteringar innanfor det regionale handlingsrommet. Planen skal bidra til å styrke landbruket og landbruksbasert næringsutvikling i Rogaland. Det skal utarbeidast ein handlingsplan der ulike tiltak blir prioritert.

Fylkesmannen har faste samrådsmøte med dei to faglaga i jordbruket for informasjon og innspel.

Røynslene frå dei fem åra med tildeling av tilskot i Regionalt miljøprogram syner at programmet er målretta og effektivt. Programmet gir auka engasjement i utvikling av miljøverdier frå landbruket og gjer det synleg kva for miljøgode landbruket gir tilbake til samfunnet i høve til dei budsjettoverføringane landbruket får. Slik sett er Regionalt miljøprogram eit viktig strategisk verkemiddel og eit effektivt tiltak for å skape legitimitet for landbrukspolitikken.

Etableringa av pilotprosjektet ”meir miljøvennleg spreining av husdyrgjødsel” har vor ei viktig aktivitet innan miljøsetinga i landbruket, i samarbeid med Aksjon Jærvassdraget. Om lag 30 000 dekar jordbruksareal langs vassdraga på Jæren blei omfatta av ordninga i 2008.

Fylkesmannen har ambisiøse mål i handlingsplan for økologisk landbruk, men det viser seg framleis vanskeleg å få auka produksjonen i rogalandsjordbruket. Her står vi føre ei stor oppgåve.

Fylkesmannen har vore pådrivar og koordinert Rogaland sin del av oppfølgingsarbeidet i samband med Melding

om kystskogbruket, som ni fylkeskommunar frå Rogaland til Finnmark står bak. Både skognæringa og fylkeskommunen har aktivt deltatt i dette arbeidet. Fylkesmannen er også viktig medspelar i fylkeskommunen sitt arbeid med utarbeiding av "Handlingsplan for skogbruket".

Fylkesmannen har vidare vore aktiv i samordning av bioenergiinnsatsa i fylket og i nettverksbygging for auka bruk av lokalt tømmer til byggjeri. Forvaltningsarbeidet med tilskot til fleire ordningar for næringsutvikling i skogbruket er flytta tilbake til fylkesmannen – i tillegg til nye og utvida informasjonstiltak i samband med nye skattereglar knytt til skogfondsordninga.

Fylkesmannen i Rogaland er sekretær for rovviltnemndene på Vestlandet. Det er ein god samordning internt mellom landbruk og miljø i desse sakene.

Arbeidet med Marin Verneplan er utført.

Arbeidet med vanddirektivet er prioritert og utført. Arbeidet blei noko forsinka, men forvaltningsplan er nå sendt på høyring frå Fylkesmannen i Vest Agder.

I arbeidet med verneplanar er momenta knytt til næringsutvikling tatt med, men det arbeidet kom ikkje skikkeleg i gang i 2008.

BM vurderingar er tatt med i alle arealplanar som Fylkesmannen har uttale/motsegn til. Virkemidla som Fylkesmannen rår over er ikkje tilstrekkeleg til å ivareta 2010-målet.

Fylkesmannen deltek i arbeidet med ny fylkesdelplan for klima og energi.

Vi har prioritert arbeidet med utslepp av kjemikalier og miljøgifter høgt. Industri som har slik problematikk, får prioritert saksbehandling av nye/reviderte løyve og kontroll. Vidare arbeid med sedimentforureining i hamnene er gitt prioritet i -09. Saksbehandling av utfyllingar og dumping i sjø, kor det er forureina sediment, er prioritert. Alle deponi er vurdert med omsyn til klimagassutslipp. For de deponi som har utslepp av klimagassar, er utsleppa regulert.

Vi har delteke i alle landsdekkande aksjonar, og vi har kontrollert industri med løyve frå fylkesmannen etter ein risikovurdering.

Vi har hatt tilsyn med små og mellomstor industri, dei store kommunale utsleppa og avfallsanlegg. Aktørane i avfallsbransjen tener store pengar på å omgå lovverket. Her klarer vi ikkje å følgje opp godt nok.

Vi får ikkje prioritert arbeidet med Miljøstatus i tilstrekkelig grad.

## 2.6 Samfunnstryggleik og beredskap

Fylkesmannen har medverka til vidareutvikling av kommunalt kriseplanverk gjennom øvingar og tilsyn. Det har vore sentralt i arbeidet å få til ein god samanheng mellom overordna kriseplan og sektorplanane. Elles har 2008 hatt stort fokus på utviklinga av Fylkes-ROS Rogaland.

Pr.mai 2008 ble første del av denne ferdig "Betre føre var".

Fylkes-Ros Rogaland er delt inn i to delar; i første del er ein grovanalyse over dei mest sannsynlege regionale risikoområde for vårt fylke. Områda er definerte av kommunane, regionale etatar og fylkesmannen sine eigne tilsette. Grovanalysen gir eit oversiktleg risikobilette og ei overordna vurdering av uønska hendingar. Analysen finst både i papir og digital utgåve.

Andre del av Fylke-ROS Rogaland er meir detaljerte risiko- og sårbaranalyser for dei områda som vi ut frå grovanalysen ser vi bør analysere vidare. Det har vore gode prosessar og mykje kunnskapsdeling i dette arbeidet. Fylkes-ROS Rogaland er den første i sitt slag som tek føre seg heile fylket, mens det er fleire regionale etatar og verksemder i fylket som har utarbeidd ROS-analyser for sine særlege ansvarsområde. Vi innarbeidde siste halvdel 2008 ein del resultat frå Fylkes-ROS i embetets "Plan for ekstraordinære situasjonar, kriseledelse og samordningsansvar". Vi er i desse dagar i ferd med å ferdigstille strategiplan for 2009 for vidare oppfølging av resultat frå Fylkes-ROS.

Vi har hatt mange presentasjonar for Regional samordningsgruppe, for alle tilsette i embetet, synleggjering i kartportalar og for nettverket av kommunale beredskapskontaktar.

Når det gjeld arealplanlegging har vi delteke på fleire oppstartsmøte i samband med rullering av kommuneplanar og har informert mykje om krav og forventningar til kommunane og kva for tryggleiksmessige konsekvensar den einskilde kommune står overfor. Vi har gitt fleire motsegn på grunn av manglande ivaretaking av ROS-omsyn Fylkesmannen har gjennomført rettleiingsmøte i 7 kommunar. På desse møta var forvaltningsavdelinga saman med helse- og sosialavdelinga som var repr. ved ass.fylkeslege.

## Kapittel 3 - Resultatområder

### Kongehuset

#### Resultatområde 00.1 Kongelige besøk

1. Kongebesøk 11.-12. 2008 januar HHMM Kongen og Dronningen i samband med åpning av kulturhovudstad 2008
2. HKH Kronprinsen 10. september 2008 "Point of peace summit" i Stavanger
3. KKH Kronprins Haakon 16. oktober 2008 - Aker Clean Carbon, Risavika, Sola kommune
4. Kongebesøk 05.12.2008 HHMM Kongen og Dronningen i samband med avslutning av Stavanger2008
5. HKH Kronprinsen Filmfestivalen i Haugesund 18. august
6. HKH Kronprinsen ONS 26. august

Kvart av besøka frå Kongehuset er tidkrevjande.

#### Resultatområde 00.2 Tildeling av ordener og medaljer

I 2008 blei det i Rogaland tildelt to St. Olavs Orden, fem Kongens fortienstmedalje i gull og 27 Kongens fortienstmedalje i sølv. Fortienstmedaljar samla, er dette sju fleire enn 2007 og 14 fleire enn 2006. Fylkesmannen i Rogaland har meny punkt på nettstaden med informasjon om fortienstmedaljar og St. Olavs Orden. Informasjon om alle personar som tek imot medaljar og ordenar blir lagt ut her.

### Ressursrapportering

Resultatområde	FMRO	Sum
	<b>1510 Fagdep.</b>	<b>1510 Fagdep.</b>
Resultatområde 00.1 og 00.2	6	6
Sum:	6	6

### Miljøverndepartementet

#### Resultatområde 01 Naturens mangfold og friluftsliv

##### 01.1 Bærekraftig bruk og beskyttelse av leveområder

Vi har ingen pågående fylkesvise verneplaner.

Det er ett frivillig utvidet skogver-område som er innmeldt til DN.

Ingen pågående verneplanprosesser for nasjonalparker og større verneområder.

Vi har gjort forventet arbeide på marin verneplan.

Kommuner med lokal forvaltning i verna områder er fulgt opp, men begrenset og ustabil/kontinuitet i kommunens saksbehandling er et hovedproblem. Enkelte kommuner har fremdeles en meget uryddig dips behandling. Arbeidet med forvaltningsplan for Jærstrendene holder fram - er ikke oversendt DN. Oppdraget vedrørende skjøtselstiltak mot fremmede arter er utført. SNO-dialogen fungerer godt, men vi reistrerer at det er en ressursmangel hos SNO på Jæren/sør-fylket.

01SO18 Alle kommuner unntatt en, har levert datasett med registreringer av biologisk mangfold. Kvalitetssikring og videresending av 3-4 datasett til DN er noe forsinket pga. manglende saksbehandlerkapasitet. Registreringene brukes aktivt i vår behandling av planer etter PBL og annet lovverk. Det er gjort et betydelig arbeid med å forberede, tilrettelegge og heve kvaliteten på kartlegginger, bl.a. bekkekløfter og naturtyper. Det er gjort

avtale med to konsulenter...

01SO22 Gitt innspill til kartlegging og overvåking av BM i forbindelse med ulike utbygginger i marint miljø.

Ivaretagelse av viktige arealer for BM. Er tatt opp i Fylkesdelplan for Vindkraft som er sluttbehandlet i MD. Det er behandlet et stort antall konsesjons-søknader/ reguleringsplaner for vindkraftanlegg. Disser er i høy grad konfliktfylte og i strid med FDP og er hovedtrusselen mot biologisk mangfold og landskap i fylket. Viktige og svært viktige områder i jordbrukslandskapet forsøkes ivaretatt gjennom Regionalt Miljøprogram. Støtte til beiteskjøtsel i kystlynghei er viktigst. Vårt forslag om ordning for beiteskjøtsel i/ved våtmark er vedtatt. Fortsatt truer nydyrking biologisk mangfold, særlig på låg-Jæren.

2010-målet kan ikke nås med dagens virkemidler. Vi registrerer at den politiske viljen ikke er til stede. Vi vurderer å legge bort de fleste saker som gjelder nydyrking og landbruksveier på grunn av for lite gjennomslag. Det er i så fall et stort dilemma, siden vi skal skaffe til veie BM-data, kvalitetssikre kommunenes datafangst, men likevel ikke nytte opplysningene ved omsøkte landbrukstiltak. I Rogaland har disse sakene et betydelig omfang. Det er vanskelig å forstå at vi ikke har sterkere virkemidler i forhold til målsettingen.

Motorferdsel i utmark er ikke et stort problem. Helikoptertrafikken er økende. Manglende kommunal vilje til restriktiv politikk, også i verna områder. Venter på ny lov om motorisert ferdsel.

Vi bidra aktivt i revisjon av Regionalt miljøprogram vedrørende kulturlandskap. Har bidratt til utvelgelse av viktige kulturlandskap (01SO27) Håndteres ellers i mange plansaker.

## **01.2 Bærekraftig bruk og beskyttelse av arter, bestander og genressurser**

Tilskuddsforvaltning innen fristen var ikke mulig da rammetilskuddet kom for sent fra DN.

01SO29 og 01SO30. Vi er med i prosessen om revisjon av fylkesdelplan for villreinområda i Setesdal/Ryfylke. Revisjon av funksjonsområde for villrein i Suldal kommune er gjennomført. Arbeider aktivt for å sikre god kunnskap om hjorteviltbestandene gjennom bruk av mellom anna Sett-hjort, men det er fremdeles et stykke veg å gå.

Forvaltning av anadrom laksefisk og innlandsfisk. Betydelig innsats er lagt ned i oppfølging av St. prp. (2006-2007) i forbindelse med nye akvakultursøknader innenfor Sandsfjordssystemet. Lakseregisteret oppdatert mhp. vandringsstopp. Fisketrapper og forvaltningsplaner er enda ikke lagt inn. Vi har enda ikke kartfestet fredningssoner. Har tatt i bruk Sjøfangstregisteret i forbindelse med årets kilenotfiske. Alle kilenøter er nå kartfesta og tilgjengelig.

Oppdatering av vaninfobasen er nedprioritert i påvente av nye Vanmiljø.

Vi har rutinemessig oppfølging av rovviltsaker, inkludert skadesaker og erstatning. Sekretariatsfunksjon i Region 1.

Database for andre rødlistearter enn vilt er utarbeidet bl.a. for å gjøre tilleggskartlegging/kvalitetssikring av naturtyper mer målretta. Blir oppdatert ved nykartlegging og bruk internt, utlegging på nett vurderes. Masseimport fra Artsdatabanekn er aktuelt.

Mange trua aretr i fylket er under sterkt press som følge av generell høyt aktivitetsnivå, bl.a. knyttet til arealinngrep både i tettbygde strøk, i strandsone og fjellområder.

Vi leder arbeidet med oppfølging av handlingsplan for åkerrikse. Arbeidet med handlingsplan for elveperlemusling fortsetter som planlagt.

Mange trua arter i fylket er under sterkt press som følge av generelt høyt aktivitetsnivå, bl.a. knytta til arealinngrep i teebygde strøk, strandsone og fjellområder. Virkemidlene til Fm i forhold til "2010-målsettingen" er helt utilstrekkelige. Etter vårt syn er dette et mål vi alle vet ikke lar seg oppfylle.

## **01.3 Fremmede arter og GMOer**

Har i samarbeid med Sandnes kommune og Aksjon Jærvassdrag satt inn tiltak mot vanlig vasspest i Skas-Heigre, men denne har likevel spredt seg nedstrøms i Figgjovassdraget. NIVA har utført kartlegging av smal vasspest i

eneste kjente kilde, Bjårvatn i Hå kommune. Tiltak vil bli vurdert på grunnlag av rapporten.

## **01.4 Friluftsliv**

Fordeling av midler til friluftslivstiltak er prioritert. Formidler mulighetene til statlige tilskudd til sikring av områder. Dokumentasjon av kartlagte bygninger på sikra områder er utført og sendt MD.

Utover det gjør vi bare lovpålagte skal-oppgaver. Annet arbeid her skjer i forbindelse med arealsaksbehandling etter pbl hvor ivaretaging av friluftsinnteresser er høyt prioritert..

Svarer på henvendelser i forbindelse med allemannsretten.

Tilrettelegging for jakt og fiske er lavt prioritert. Fiskekart er foreløpig ikke oppdatert.

## **Resultatområde 02 Bevaring av kulturminner**

### **02.3 Kulturmiljø**

## **Resultatområde 03 Rent hav og vann og giftfritt samfunn**

### **03.1 Helhetlig hav- og vannforvaltning**

Vi har fullkarakterisert Figgjo-vassdraget som var utvalgt vannområde i første omgang. Overvåkingsplan er fremlagt. Forslag til inndeling i vannområder er lagt frem. Har bidratt til oppstartsseminar for regional referansegruppe. Tiltaksanalysen ble satt ut til konsulent som ikke fikk den ferdig før årsskiftet. Arbeidet med vanddirektivet har tatt mye mer tid enn forutsatt.

03SO4. Vi har ikke gitt tilbakemelding på økologisk klassifiseringssystem - grunnet kort høringsfrist.

03SO7. Overvåkingsdata for 2008 er noe forsinket og blir rapportert i 2009.

### **03.2 Overgjødning og nedslamming**

Vi mangler fremdeles virkemiddel for å begrense tilførselen av organisk stoff fra sjøbasert akvakultur som utgjør rundt 70-80% av den menneskede tilførsel til kysten. På Jærkysten dominerer diffus landbruksavrenning som vi også mangler hjemmelsgrunnlag for å avgrense. Det arbeides aktivt i Aksjon Jærvassdrag hvor kommunene stimuleres til å bruke sine virkemidler til å stanse overgjødning til vassdragene. Forskriftens åpning for å tillate spredning av husdyrgjødsel lenger ut over høsten, hadde en negativ effekt.

Vi har ferdig behandlet en søknad om unntak for sekundærrensekravet. Tillatelse til unntak ble gitt i 2009. Halvparten av de store avløpsanlegg i Rogaland har signalisert at de ønsker unntak fra sekundærrensekravet.

03SO8. Vi har gjennomført tilsyn med 7 renseanlegg hvor vi er forurensnings-myndighet. Tilbakemelding sendt SFT.

03SO9. Kontrollaksjonen har medført at kommunene har måtte fokusere på nye krav i forskriften og igangsette tiltak for å etterkomme disse.

### **03.3 Oljeforurensning**

Vi deltar som miljøfaglige rådgivere ved aksjoner og øvelser.

Vi har ikke foretatt noe MOB-land kartlegging i 2008.

### **03.4 Miljøgifter**

Vi deltar som miljøfaglige rådgivere ved aksjoner og øvelser.

Vi har ikke foretatt noen MOB-land kartlegging i 2008.

Det er fortsatt høyt aktivitetsnivå i fylket noe som resulterer i mange utfyllingssaker i sjø. Dette gjelder både utfylling fra lekter og fra land. Omfanget av sakene og antall saker gjør at det tar mye tid. Kombinasjon av et tettbygd fylke som skaper interesse -konflikter, og ikke oppdaterte reguleringsplaner gjør saksbehandlingen tidkrevende.

03SO12 Deltatt.

03SO13 Er ikke gjort noe her så langt.

03SO14 Vi har fulgt opp noen skipsverft så langt. De resterende er på vår prioriteringsliste, men varsel om pålegg er til nå ikke sendt ut.

03SO15 Følger opp de grunnforurensningslokalitetene som er gitt prioritet 2 for gjennomføring av fysiske tiltak, dvs. B-listesakene. Vi har ingen A-liste saker. Vi har mottatt søknader om utsettelse av fristen for gjennomføring av alle sakene, men Stavanger kommune som er ansvarlig for dem synes å arbeide optimalt med oppgavene.

03SO16 Vi oppdaterer grunnforurensningsbasen fortløpende.

03SO17 Vi har ikke gjort noe på skytebaner.

03RA3 Grunnforurensning. Ikke skjedd noe nytt i 08. Krav om bortfalt tinglysing er tatt til etterretning.

### **03.5 Avfall og gjenvinning**

03SO18 Kontrollaksjon EE-avfall - deltatt

03SO25 Avfallsplaner byggesaker: Arrangert ett eget møte om nye regler for kommuner og private avfallsaktører.

03RA2 Avfall fra skip. Viser til vårt brev til SFT av 14.02.08 som gir en oppsummering av vårt arbeid på dette fletet. Det er sendt ut purring/brev til nye adressater. Vi har ikke utført egen kontroll av havner; noen private havneansvarlige (bedrifter) kontrollert i forbindelse med annen kontroll av virksomheten.

03RA7 deponier. De tre deponiene som skal drive videre har nå fått nye tillatelser. Søknader om avslutning og etterdrift for de tre deponier som skal avsluttes innen 15.07.09, har vært ute til offentlig ettersyn og er under sluttbehandling.

03RA6 Behandlingsanlegg for organisk avfall. Vi har en sak under behandling.

## **Resultatområde 04 Et stabilt klima og ren luft**

## **04.1 Klimaendringer**

Vi deltar i prosjektgruppen for fylkesdelplan for Energi og Klima i Rogaland. Fylkesmannen har totalt 7 medlemmer i ulike grupper som arbeider med dette tema.

## **04.4 Lokal luftkvalitet og støy**

Vi har gjennomført et støykurs i lokal regi for å oppgradere vår kunnskap om temaet.

## **Resultatområde 05 Internasjonalt miljø samarbeid og miljø i nord- og polarområdene**

### **05.1 Miljø samarbeid i internasjonale miljøfora, herunder EUs miljø samarbeid og UNEP**

### **05.2 Geografisk rettet miljø samarbeid, herunder miljøbistand**

### **05.3 Miljø samarbeid i nord- og polarområdene**

## **Resultatområde 06 Planlegging for en bærekraftig utvikling**

### **06.1 Ansvar for at nasjonal politikk formidles og ivaretas**

Et stort omfang av vindkraftsaker i tillegg til landbruket er en hovedtrussel mot nasjonale mål for biologisk mangfold og landskap. Stort generelt byggepress, nasjonal politikk mht. strandsonen og jordvern er sterkt utfordret.

Arbeidsdeling i plansaker med fylkeskommunen er til en viss grad avlastende, men Fm må ta konfliktsakene om de skal fanges opp. Dette rammer vår deltaking i viktige FDP-arbeid som revisjon av FDP-byutvikling Jæren. Det er nødvendig med utstrakt bruk av innsigelser mot planer, og klager på dispensasjonssaker der strandsone, biologisk mangfold, høyproduktive arealer og tettstedsutvikling/handel/areal- og transportplanlegging er de tyngste konfliktområdene.

### **06.2 Fylkesmannen som styringsmessig bindeledd og rettssikkerhetsgarantist**

#### **Byggesaker behandla av Fylkesmannen i Rogaland som setjefylkesmann:**

Innkome : 40

Behandla: 41 saker. 32 saker (78%) blei opphevd/omgjort , 9 stadfesta.

Restanse: 26 saker.

Det er halde 30 synfaringar. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid: 6,8 mnd. Det er ofte eit ønskje frå sækjarane at det blir halde synfaring i desse sakene. Dette er og føremålstenleg då ein overprøver eit kommunalt skjøn, noko

som føreset lokal- kunnskap. Saksbehandlingstida blir lang, då ein samler opp saker for å kunne gjennomføre synfaringane effektivt. Det er og problematisk å gjennomføre synfaringar i strandsona og i landbruksområde vinterstid.

Effektiv tidsbruk 10 v.v. (SYSAM-registrering)

Andre klagesaker (saker i Rogaland) som inneheld dispensasjon frå plan er rapportert til KRD.

### **Behandling av klager på reguleringsvedtak:**

Innkomne: 71

Behandla: 67 saker . 3 reguleringsvedtak blei opphevd og 54 stadfesta. 10 klager blei avviste.

Restanser: 40

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var 5 mnd som er noko høgare enn intern målsetting på 3 mnd. Dette skyldast misforhold mellom ressursar og samla opp-gåveportefølgje.

Effektiv tidsbruk: 15 v.v. (SYSAM-registrering)

### **Opplæring/informasjon**

Fylkesmannen har lagt ned mykje ressursar i intern og ekstern opplæring i ny plan- og bygningslov, plandelen. Det er arrangert eit stort internseminar for tilsette i stat og fylkeskommune. To regionale to-dagarskurs i mars 2009 har og blitt førebudd i 2008 i samarbeid med fylkeskommunen..

Fylkesmannen var teknisk arrangør for landskonferansen i plan- og bygningsrett i september.

## **06.3 Samordning av statlige interesser**

### **06.4 Kart og geodata**

Oppfyller GIS strategien i hovedtrekk, ahr opprettet geodatautvalg. Flere tar GIS-tilleggsutdanning, men manglende tid til praktisering og stor gjennomtrekk i GIS-koordinatortstilling vanskeliggjør oppbygging av nødvendig kompetanse. Dette hindrer også nødvendig oppdatering av Temakartportalen. Deltar i prosjekt med kommunene m.fl. om digitale kommuneplandata.

Det er ikke laget framdriftsplan for leveranser av datasett til nasjonale fagsystemer av kapasitetsgrunner.

Ny naturdatabase virket ikke, men feil er nå funnet i DN.

Behandla to klagesaker etter delingslova. Ein er omgjort og ein er stadfesta. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid er 12 mnd. Lang saksbehandlingstid skyldast i hovudsak at det tar lang tid å få få uttale frå Statens kartverk.

## **Resultatområde 07 Tverrgående virkemidler og oppgaver**

### **07.2 Kunnskapsoppbygging og miljøinformasjon**

Arbeid med oppdatering og videreutvikling av Miljøstatus har vært nedprioritert i hele avdelingen. Informasjonsverdien blir mindre og mindre.

## 07.3 Virkemidler og prosesser

Det har vært gjennomført 149 tilsyn. Vi har deltatt i alle de landsdekkende aksjoner og gjennomført flere egeninitierte. Det er brukt 114 ukeverk på tilsyn. Innføring av gebyr for tilsyn og ansettelse av en person som driver dette arbeidet, har ført til et løft for hele forureningsarbeidet hos oss.

Vi har deltatt i kommuneundersøkelsen, men selve besøkene ble gjennomført i januar 09.

Vi har økt innsatsen på utarbeidelse/gjennomgang av tillatelser. Det er gitt 27 tillatelser/endring av tillatelse etter forureningsloven.

Det er ingen endring i status for IPPC-bedrifter.

En medarbeider har deltatt på kurset i risikoanalyse i regi av Universitetet i Stavanger og HMS-tilsynsgruppa.

## Ressursrapportering

Konfliktene i fylket er lik den vi har hatt tidligere. Aktiviteten er stor på alle felt og befolkningen er i økende grad oppmerksom på sine rettigheter og kommunens manglende arealprioriteringer mellom ulike aktiviteter. Ressurssituasjonen er generelt bedre. Vi fordeler i år budsjettet til den enkelte avdeling i følge FAD sin budsjettfordelingsmodell. Dette innebar at alle andre avdelinger enn miljøvernavdelingen tildeles ca. 30 - 50 % mer enn et middelfylke, mens miljøvernadvelingens tildeling (fra MD) er som et middelfylke. Dette hadde medført at vi i 2008 ikke kunne opprettholdt vår aktivitet og måtte sagt opp ansatte. Vi har derfor fått tildelt de nødvendige midler fra felles budsjett, slik at aktiviteten er opprettholdt. Dette er ment å være et unntak.

Fylkesmannen har tatt denne skjevfordelingen opp med DN og SFT på styringsmøtet både i 07 og 08. Dersom ikke budsjettfordelingsmodellen endres, regnes vi med at det blir flere lovpålagte oppgaver enn tidligere som ikke akn utføres. Direktoratene må derfor prioritere sterkere mellom oppgavene enn det er gjort hittil dersom deres prioritering skal kunne tas hensyn til. Fylkesmannen i Rogaland har foertatt en oppgaveprioritering etter risiko og sårbarhetsmetaoden. Vi har ut fra denne prioritering fordelt arbeidsoppgaver internt. Vår prioritering er som hovedregel at lovpålagte skal-oppgaver utføres, men at enkelte kan-oppgaver blir nedprioritert. Særskilt finansierte oppgaver utføres. Vi opplever at direktoratene ved uttalelser og brev til enkeltpersoner går inn i vår prioritering av oppgaver. Det fører til et press fra media og andre på de sakene og vil medøre ay\t andre viktige skal-oppgaver ikke blir utført.

2008 har vært et uvanlig år med langvarige sykemeldinger i avdelingen. Sykefraværet var i siste kvartal 3,1% og nesten nede på normalt nivå som er rundt 2.

Resultatområde	FMRO		Sum	
	1510 Fagdep.		1510 Fagdep.	
Resultatområde 01	150	90	150	90
Resultatområde 02	0		0	0
Resultatområde 03	131	22	131	22
Resultatområde 04	4		4	0
Resultatområde 05	0		0	0
Resultatområde 06	358		358	0
Resultatområde 07	306	54	306	54
Sum:	949	166	949	166

## Landbruks- og matdepartementet

### Resultatområde 21 Landbruksbasert næringsutvikling

#### 21.1 Jordbruk

##### Generelt

Matfylket Rogaland har vore ei sterk næringspolitisk satsing gjennom mange år, noko som m.a. har resultert i at Rogaland fekk etablert Norwegian Center of Expertise (NCE) Culinology i 2007 og Måltidets Hus som opnar i 2009. Det gode fagmiljøet i landbruket og andre mat- og forskingsmiljø har lagt grunnlaget for denne utviklinga og vil framover vere viktig for matsatsinga i Rogaland.

I Rogaland ligg mykje til rette for at vi også i framtida skal ha sterke landbruksnæringar. Det manglar likevel ikkje på utfordringar som landbruket i fylket må ha ein aktiv haldning til; Auka internasjonal konkurranse, auka konkurranse om arbeidskrafta, auka kostnadsnivå, større krav til profesjonalisering og effektivitet og utfordringar med å oppretthalde landbruksproduksjonen i distrikta – er nokre av dei mest aktuelle.

8,5% av verdiskapinga frå norsk landbruk kjem frå Rogaland, medan 10% av næringsmiddelindustrien sitt bidrag til BNP kjem frå fylket. Nær 15.000 menneske er sysselsette innan matproduksjon, skog og treforedling i fylket, noko som er 7% av sysselsatte i Rogaland.

I arbeidet med Fylkesdelplan Landbruk vil det bli gjort analysar og vurderingar av dei ulike utfordringane heile landbruket i fylket står ovanfor.

### Potet

Med eit relativt stabilt potetareal dei siste åra er det no rom for auke. Hoff utvidar sin produksjon av skrellepote på Jæren og treng meir lokalt råstoff. Det meste av potetene i fylket blir i dag dyrka på Jæren, med nokre mindre potetmiljø andre stader i fylket. Eit 3-årig potetprosjekt vil starte opp i 2009 og målet er å auke potetarealet med 1.000 daa per år dei neste tre åra, slik at ein kjem opp i totalt 14.000 daa potet i fylket. I dette ligg også at ein får etablering/styrking av potetdyrkarmiljø også i andre regionar enn Jæren, t.d. både i Ryfylke og Haugalandet. Prosjekteigar er Jæren Forsøksring og prosjektet vil få BU-midlar frå Fylkesmannen i Rogaland.

### Sau

Trass eit relativt stabilt sauetal i fylket dei siste åra på om lag 200.000 vinterfôra, meiner Fylkesmannen det framover er trong for særleg merksemd mot denne næringa. Sauehaldet står ovanfor store utviklingsutfordringar og med det også fleire produksjons- og marknadsmessige muligheiter. Underskotssituasjonen i marknaden, utfordringar knyta til kvalitet, utvida produktspekter med t.d. lokal og regional merkevarebygging, er nokre av utfordringane.

Fylkesmannen har siste året arbeida tett mot sauenæringa og slakteria med mål om å få reist eit utviklingsprogram for sauehaldet i Rogaland. Eit eige volumprosjekt, *Auka produksjon i sauehaldet i Rogaland, 2009 – 2011*, vil starta opp i 2009. Dette prosjektet blir forankra i det regionale utviklingsprogram (RUP) og ressursane vil i all hovudsak bli nytta ovanfor enkeltbønder. Det er slakteria som gjennomfører prosjektet, med utgangspunkt i ein felles prosjektplan. Resultatmålet er auke av tal vinterfôra sau i fylket med 5% og avdråten (kg tonn kjøtt levert slakteri) med 15%.

Vidare arbeidast det aktivt med å få etablert eit lamme-prosjekt i NCE-Culinology; *Kvalitet, marknadsundersøking og kartlegging av tiltak som kan auke satsing og verdiskaping på lam*. Hovudmåla med prosjektet er auka kvalitet i heile verdikjeda og auka produktdifferensiering. Fylkesmannen har også etablert ei referansegruppe for dei marknadsmessige utfordringane for sauehaldet. Andre fokusområde som vil inngå i eit utviklingsprogram er virkemiddelbruk/ politikk og økologisk (sjå meir under 22.4 Økologisk).

Det er eit stort investeringsbehov i sauehaldet. Erfaringane frå Innovasjon Norge Rogaland tilseier at det er vanskeleg å få bedriftsøkonomisk lønsame utbyggingsprosjekt for besetningar under 100 vfs. I Rogaland er middelbuskapen 72 vfs og dette gjeld altså om lag 2.700 sauebønder. Dersom vi ikkje finn måtar å stimulere til nybygg kan vi risikere ein dramatisk nedgang i sauetallet i Rogaland. Truleg har minst 20% av sauebruka behov for nytt sauehus.

### Mjølke

Mjølkeproduksjonen er den viktigaste produksjonen i jordbruksfylket Rogaland. Det er ein produksjon som er i endring og som må førehalda seg til fleire utfordringar framover. Ei av dei største utfordringane for landbruket framover er å syte for tilstrekkeleg rekruttering til ei lønsam næring. I dag legg mange bønder til grunn ein avviklings- eller vedlikehaldsstrategi for gardsdrifta. I dette ligg at den sannsynlege horisonten for aktiv verdiskapande produksjon i deira driftstid er gitt. Mjølkeproduksjonen er den mest arbeidskrevjande produksjonen, noko som også gjer rekrutteringsutfordringane i denne næringa ekstra utfordrande. Investeringsstrongen i mjølkeproduksjonen er stor. Under 5% av den samla støtta til landbruket går til omstilling, nyskaping og fornying av driftsapparatet i landbruket. Dette er alt for lite. Situasjonen i Rogaland er mange 70` tals fjøs som treng renovering og oppgradering, eller fjøsa er så nedslitne at nybygg er påkravd. Det stadig tilbakevendandes spørsmålet som reiser seg er at staten må inn med meir investeringsstøtte i det enkelte prosjekt

for at nyinvesteringar skal kunne bli lønsame.

Ut frå at Rogaland er ein omsetningsregion for kjøp, sal og leige av mjølkekvotar, er den totale mjølkemengda i fylket relativt stabil. Dei som kjøper eller leiger til høgast pris får som oftast tilslaget. Og som for tidlegare år er betalingsviljen høgast i dei sentrale jordbruksområda i fylket. Trenden med at både folk og fe flyttar sør- og vestover i fylket held fram. Om lag 40% av mjølkekyrne i fylket er i andre regionar enn region Jæren og det er Nord-Rogaland og Ryfylke kutalet har blitt mest redusert dei siste 5 åra. I tillegg til store investeringsbehov og lønsemda i næringa, har alternativt og betre betalt arbeid vore største enkeltårsak til at bøndene sluttar med mjølk.

Fylkesmannen i Rogaland sit ikkje roleg og ser at slikt berre skjer. Vi har over mange år fokusert på dei endringane som skjer og presisert at landbruket må ha eit konstant fokus på omstilling, profesjonalisering og effektivisering. Stimuleringsarbeid blir m.a. gjort gjennom fleire prosjekt. Det 3-årige mjølkeprosjektet på Haugalandet avsluttast hausten 2009. Her får vi tilbakemeldingar om at prosjektet gir resultat, m.a. gjennom fleire byggeprosjekt. I 2007 starta eit liknande prosjekt for kommunane Rennesøy og Finnøy og i 2009 blir det starta opp eit felles mjølkeprosjekt for Forsand, Strand, Hjelmeland og Suldal kommunar. Alle desse 3 prosjekta er forankra gjennom Regionalt utviklingsprogram.

Prosjektet Folkefjøset på Jæren starta opp i 2008. Dette prosjektet skal først og fremst gi tilbod til dei som ønskjer å halde fram med mjølkeproduksjon, men ikkje ser syn på å byggje eit heilt nytt stort fjøs. Vidare skal prosjektet freiste å få etablert nokre pilotprosjekt – som kan vere nyskapande t.d. i høve til pris, planløyising eller materialval. Også fleire kommunar utanom region Jæren har meldt seg inn i prosjektet. Landbruks- og Matdepartementet bidreg økonomisk til prosjektet.

#### Jæren – mangel på spreieareal vil hindre vidare vekst

I ei vurdering av dei ulike regionane i fylket er satsinga, omstillinga og veksten innan jordbruket størst på Jæren, sjølv om det også her er sterk strukturutvikling. Jærbuen står på og fortener ros for det. Region Jæren er normalt 8 kommunar med Randaberg i nord og Hå i sør. Dei "eigentlege" jærkommunane er Hå, Time og Klepp og det er først og fremst i desse kommunane at "trøkket" er størst. Desse tre kommunane utgjør ikkje berre ein stor del av matproduksjonen i Rogaland – men har etter kvart også eit vesentleg nasjonalt omfang.

Utfordringane for jærjordbruket er sjølv sagt fleire, til liks med andre område i fylket, men vi vel likevel her å ta fram ei sær stor utfordring; mangel på spreieareal. Dei sentrale jærkommunane har nesten ikkje meir ledig spreieareal. Forprosjektet for Hå Biopark og med det Hå Biogass er nær avslutta og det kjem truleg eit endeleg vedtak om bygging eller ikkje innan påsken 2009. Biogassanlegget planlegg m.a. å ta i mot opp mot 200.000 m<sup>3</sup> husdyrgjødsel frå ulike dyreslag. Dei 270 intensjonsavtalane som er inngått viser at jær bøndene berre er interessert i å ta tilbake 23% av det dei har levert inn. Dette illustrerer situasjonen med manglande spreieareal. Rett nok planlegg det prosjekterte biogass anlegget å tilby bioest kor ein del av fosforet er tatt ut – og med det aukar bonden sitt spreieareal. Men dette industrielle prosjektet vil produsere så stor mengde bioest – at det truleg blir naivt å tru at eit realisert storanlegg løyser utfordringane med spreieareal aleine. Viktigaste avgrensande faktor for ytterligare vekst i landbruket på Jæren er spreieareal - korleis jærjordbruket skal løyse dette har vi ikkje klare svar på.

#### Veksthus

I Rogaland var det i 2008 om lag 354 dekar oppvarma veksthus (tomat/agurk). Det er under planlegging opp mot 85 dekar med nye veksthus – ein auke på nær 25%. Av dette utgjør Miljøgartneriet i Hå heile 60 dekar. Men det er gledeleg at det også skjer ein del nybygging i Ryfylke. Satsingane viser offensivitet i kampen om forbrukarane. Viktige utfordringar for nybygg er sjølv sagt tilgang på kapital og svekka kronekurs. Sjå også under 22.4 Økologisk.

#### Rekruttering og likestilling

Tal frå 1998 og framover viser at gjennomsnittsalderen til bøndene i Rogaland er aukande. Talla viser også at det er færre kvinner som driv gardsbruk, sjølv om det har vore ei utflating dei siste åra. Det er framleis få kvinner som eig landbruksføretak. Tal frå 2006 viser at 13% av dei som søkte produksjonstilskot var kvinner.

Dei fleste gardsbruk blir omsatt innan familien. Det kan vere utfordringar med å få noko i familien til å overta når ein bonde blir pensjonist. Neste generasjon vil då ofte vere i 40-års alderen og godt etablert med familie, bustad og eigen yrkeskarriere. Rekruttering er og vil truleg bli ein større utfordring framover.

#### Frukt og bær

Som i resten av landbruket, skjer det ei strukturrasjonalisering innan bær-næringa, med auka profesjonalisering og spesialisering, slik at ein stadig større del av produksjonen skjer hos færre produsentar.

Meir bruk av utanlandsk haustehjelp, med tilhøyrande krav til butilbod, krev betydeleg organisering, investering

og papirarbeid i høve til offentlege organ (politi, kommune, arbeidstilsyn m.v.). Denne situasjonen gjer at det blir ei todeling mellom bærprodusentane:

- Dei som satsar profesjonelt med større areal, kostnadseffektiv drift og innleigd, utanlandsk arbeidskraft. Sal til grossist eller eige jordbærtorg nær marknaden.
- Dei som satsar på mindre areal, bruk av eiga arbeidskraft og gjerne eiga foredling av bæra (småskala matprodusentar)

Framover vil det ganske sikkert vera rom for begge desse gruppene/strategiane i bær-næringane i Rogaland. Nedanfor er peika på dei utfordringane/mulighetene for dei produsentane som satsar profesjonelt på bærproduksjon i Rogaland.

#### Jordbær

I 2005 var importen av jordbær for første gang større enn den norske produksjonen. I Rogaland har jordbærarealet har gått tilbake frå 557 daa i 2007 til 522 daa i 2008. Dette er tilsvarande trend som resten av landet.

Nærleik til marknaden og kvalitet er viktige konkurransefordelar som bærprodusentane i Rogaland kan gjera seg nytte av. Importbæra (Elsanta) tåler godt transport, men har mindre smak enn vår hovudsart Korona (som er svak for transport).

Auka kunnskap for å produsera kvalitetsbær (storleik, farge, smak) som marknaden er villig til å betala ein meirpris for, vil vera avgjerande for styrke konkurranseevna i høve til importbæra.

Rogaland har særst gode vilkår for produksjon av bær utanom ordinær vekstsesong, ved bruk av plasttunnel eller veksthus. Lang, mild vår og etter måten kjølig sommar (i høve til Østlandet), gjev ideelle vilkår for dyrking av bær i tunnel/veksthus. Det er i ferd med å etablere seg eit lite, men aktivt produsentmiljø i Rogaland som satsar profesjonelt på jordbær (og bringebær) –produksjon i plasttunnel. Dette er trenden også i andre land og elles i Norge. Kompetanseutvikling innan denne produksjonsforma (klimastyring, gjødsling/vatning, plantevern) vil vera avgjerande for å halda oppe konkurranseevna for bær dyrking i Rogaland.

#### Bringebær

Rogaland er eit lite bringebær fylke med få produsentar. Det er såleis stor underdekning på lokale bringebær. På likt med jordbær er det imidlertid vokse fram eit lite produsentmiljø som satsar på bringebær til konsummarknaden. På likt med jordbær er det ei særleg satsing på "tunnel-produksjon" også i bringebær, fordi ein her kan sikra kvaliteten på bæra langt betre enn på friland. Kompetanseutvikling innan denne produksjonsforma (klimastyring, gjødsling/vatning, plantevern) vil vera like viktig for bringebær som for jordbær. På likt med jordbær vil nærleik til marknaden, ferske bær og evt. direkte sal frå eigen gard vera ein viktig konkurransefordel for bringebærprodusentar i Rogaland.

Ein spesialproduksjon med driving av bringebær i veksthus for hausting utanfor vanleg norsk sesong, vil bli prøvd ut dei nærmaste åra. Forsking seinare åra har vist lovande resultat med driving av konsumsorten Glen Ampel. Rogaland bør ha særlege konkurransefortrinn for å kunna lykkast med ein slik produksjon.

#### Solbær, rips

Det er lite rom for utvikling av volumproduksjonar innan desse bærslaga. (Krev store areal med maskinell hausing). Småskalaproduksjon/lokal foredling er aktuelt for nokre.

Nye ripsortar med lange rakler, (delikatesserips) til pynting av kaker m.v. er ein spesialproduksjon for enkelte produsentar i utlandet (Nederland/Belgia), bl.a. ved produksjon i veksthus/tunnel. Dette kan vera aktuelt å prøva ut også i Rogaland.

#### Aronia

Aronia inneheld mykje antioksidantar og er interessant som råstoff i saft og syltetøy (jfr. Jæren Aronia). Det hadde vore interessant å fått ein lokal produksjon av dette, men krav til kostnadseffektiv produksjon og maskinell hausing, gjer at denne produksjonen lettast kan kombinerast med industriproduksjon av solbær. Denne marknaden er dekkja opp med produksjon på Austlandet.

#### Kommunale veterinærtenester

1.januar 2008 fekk kommunane ansvaret for å syte for tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell. Føremålet med reforma er å sikre heile landet tilgang til desse tenestene. Rogaland fekk i 2008 tildelt kr 6.443.682,- i vakt- og administrasjonstilskot. Administrasjonstilskotet delast likt mellom kommunane, om lag kr 10.000,- til kva kommune. Stimuleringstilskot er ikkje aktuelt i Rogaland.

Samarbeidsavtalar;

- Sandnes kommune har samarbeidsavtale om organisering av veterinærvakt med Stavanger, Kvitsøy, Rennesøy, Randaberg, Sola, Time, Klepp, Hå og Gjesdal kommunar.
- Lund kommune har inngått samarbeidsavtale med Eigersund, Sokndal og Bjerkreim kommunar.
- Hjelmeland kommune har inngått samarbeidsavtalar med Forsand og Strand kommunar.
- Haugesund, Karmøy og Utsira kommunar har inngått samarbeidsavtale med Sveio kommune i Hordaland.
- Tysvær og Bokn kommune har samarbeidsavtale.

Utviklingen i beitebruk og utarbeide tapsstatistikk

Statistikken for organisert beitebruk 2008 viser, som tidl. år, at Rogaland kjem ut med låge tapstall, 3,67 % for lam og 1,93% for sau. Det kan leggjast til at mange sauebønder i Rogaland har dyra på ”heimebeite” slik at andelen som er organisert er relativt låg.

Husdyrkonsesjon - svin og fjørfe

Med bakgrunn i opplysningar i Leveranseregisteret for slakt sende vi ut brev til 25 produsentar med slaktekylling, 13 med slaktegris og 9 med kombinert svinehald. Brevet galdt i hovudsak den såkalla ”15%-regelen” om at det er lovleg å produsera inntil 15% over konsesjonsgrensa/tildelt konsesjon det eine året mot at produksjonen blir redusert tilsvarande året etterpå. I tillegg nemner vi at det blei avslått ein søknad om utvida konsesjon, og at det i ei anna sak blei gitt mellombels konsesjon med 9.660 høner for utprøving av kraftfôr.

Erstatning etter offentlege pålegg husdyr

Det blei utbetalt erstatning i fire saker på klassisk scrapie, 2 saker på salmonella (storfje og fjørfe), og i sum utgjorde dette kr 932.469. I tillegg nemner vi ein søknad om erstatning etter restriksjonar i svineproduksjonen som blei avslått.

**Tapsstatistikk sau på utmarksbeite**

Embeter	Antall sau sluppet (innen organisert beitebruk)		% tilslutning til org. beitebruk i fylket	Tapsprosent		Total tapsprosent	
	Sau	Lam		Sau	Lam	2008	2007
FMRO	39393	59077	22	1,93	3,67	2,97	2,99
<b>Sum</b>	<b>39393</b>	<b>59077</b>	<b>22</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	

**21.2 Skogbruk**

Som skogreisingsfylke har skogbruket lenge hatt svak verdiskaping, men planteskog av gran gir no god og stigande avkastning. Samstundes gir auka satsing på skogplanting og bruk av bioenergi reduserte utslepp av klimagassar. Rogaland er dessutan det desidert største juletrefylket i landet – med sterk satsing på edelgranartar.

*Melding om kystskogbruket* blei lagt fram i slutten av januar, og den er no politisk behandla i dei ni kystfylka som initierte denne meldinga. Behandlinga viser at det er stor politisk semje om å få gjennomført dei fleste tiltaka meldinga har sett på dagsorden. Skogsektoren sjølv ønskjer også å vera ein sentral aktør i arbeidet. Landbruks- og matdepartementet (LMD) har oppretta ein eigen tilskotspost for kystskogbruket i budsjettet. Det er oppmuntrande.

Avverking

Det blei rekordavverking i 2008 med 111 000 m<sup>3</sup>. Dette er ein formidabel auke samanlikna med tidlegare år. Gjennomsnittleg avverkingskvantum dei 5 føregåande åra har vore på 52 000 m<sup>3</sup>. Tidlegare hogstrekord var i 2006 med 63 000 m<sup>3</sup>.

Det uheldige er at det er planteskog av ung gran som blir avverka. Gran utgjjer heile 84 % av all innrapportert hogst. Dette betyr at granskogen i fylket blir kraftig overavverka. Hogstaktiviteten i furu- og lauvskogen (85% av skogarealet i fylke), utgjjer ein stadig mindre del og er no blitt heilt marginal.

Det er isolert sett bra med høg avverking, men når vi ser at over 70% av grantømmeret går til massevirke, dårligaste betalte sortiment, er det grunn til å ropa eit varsko. Dette er ikkje ei berekraftig utnytting av dei beste

skogareala og den beste skogen med tanke på optimal verdiskaping og størst mogleg CO<sub>2</sub>-binding.

Hogststatistikken og våre stikkprøvar i samband med kontrollar og andre oppdrag, viser at fleire store hogstar i 2008 er gjennomført i skog som på langt nær er hogstmoden.

Dersom denne trenden held fram, vil det føre til at tilveksten av kvalitetsskog og hogstpotensialet i framtidsskogen går kraftig ned. Skog og landskap har på spørsmål sagt at med ei tilsvarande overavverking og med berre 50% av hogstarealet forynga, vil det kunne føre til at balansekvantumet om få år må reduserast med 25%. Samanliknar vi med tal frå siste landskogtakseringa, hogg vi no dobbelt så mykje gran som vi burde ut frå normal alder på hogstmoden skog. I tillegg blir store areal på dei beste bonitetane avskoga/omdisponerte. (sjå under skogkultur for meir utfyllande info).

Endringane i skogbrukslova i 2005 gjer at det er svært utfordrande å hindra denne utviklinga i eit husdyrfylke. Omdisponeringsparagrafen er tatt bort, og det er ingen restriksjonar på hogst av ungskog. **Fylkesmannen vil difor be Landbruks- og matdepartementet om å vurdera lovendringar som gjer det mogleg å hindra at bønder så lett skal kunna ta ut av produksjon framtidig verdiskaping på kvalitetsskog og CO<sub>2</sub>-binding grunna ulike, ofte kortsiktige gevinstar.** I arealpolitikken og ressursvernet elles i landbruket har det i lang tid vore ført ei restriktiv linje, der kortsiktige gevinstar må stå tilbake for det langsiktige og samfunnsgrangelege. Det bør vurderast om ikkje skogbruket som ei langsiktig næring skulle ha det same vernet.

Hogst i eldre felt på god bonitet, over 70 år, viser jamt over høg tømmerkvalitet. Det er ikkje uvanleg med skurtømmerdelar på 70 – 80 %. Utfordringa framover blir å halde att på hogsten av gran, medan aktiviteten i furu- og lauvskog bør aukast vesentleg - inntil planteskogen kjem med full tyngde i perioden 2025 – 2040. Det er ingen tvil om at skogreisninga med gran som hovudtreslag er blitt ein suksess, både i kvalitet, produksjon og økonomi. Med enda betre kunnskap om kva proveniensar som er best eigna, lovar dette godt for neste generasjon skog med tanke på optimal verdiskaping og CO<sub>2</sub>-binding.

### Skogkultur

Vi ser, som nemnt ovafor, ei urovekkande utvikling i haldningane til å sikra framtida med kvalitetsskog og høg CO<sub>2</sub>-binding. Det skjer i praksis ei avskoging av dei beste skogareala med den beste skogen. Skogplanting er blitt ein heilt marginal aktivitet. Det blei i 2008 planta 870 dekar mot 980 dekar året før. I tillegg blir skogen avverka lenge før den er hogstmoden. Manglande forynging og hogst ung skog fører til ei elendig utnytting av skogressursane og store CO<sub>2</sub>-utslepp på areal som kunne bunde og lagra klimagass over lang tid. Eit grovt overslag syner at berre i 2008 blir 1000 dekar med kvalitetsskog avskoga i Rogaland. Dette aleine medverkar til at netto utslepp vil auke med om lag 2000 tonn CO<sub>2</sub> per år.

Med rekordstor hogstaktivitet dei siste 6 åra er det oppstått eit stadig større avvik mellom snauhagd areal, og det som faktisk blir tilplanta og forynga. Ei nøktern vurdering av plantebehovet gitt dagens hogstnivå, inkl. etterslep på 10 000 daa, tilsvarer ein årleg aktivitet på minimum 3500 – 4000 daa.

#### Aktivitet planting siste 5 år

- 2004 → 570 daa
- 2005 → 790 daa
- 2006 → 980 daa
- 2007 → 980 daa
- 2008 → 870 daa

Sjølv dei siste åra med gode rammevilkår for skogkultur, stor politisk vilje, fokus på miljø/CO<sub>2</sub>-binding og gode tømmerprisar i ein periode, har ein ikkje klart og komme tilbake på tidlegare nivå før merkeåret i 2003 – med bortfallet av tilskot til skogkultur. I distrikt utan sterkt skogbruksmiljø viser det seg å vera tungt å heva interessa og dermed investeringslysta i langsiktige tiltak etter ”knekken” i 2003. I tillegg kjem følgjene av eit nedbygd offentleg tiltaksapparat for skogbruk. Skognæringa på Vestlandet har førebels heller ikkje økonomi til å betale eit privat tiltaksapparat. Det er difor få eller ingen med kompetanse som kan driva rettleiing og motivering til eit næringsretta og berekraftig skogbruk.

Investeringane i ungskogpleie er små i forhold til behovet. Over tid aukar etterslepet, og aktiviteten burde vore 3 – 4 gonger høgare for å sikre rimeleg kvalitet, produksjon og CO<sub>2</sub>-binding. Vi ser likevel ei viss positiv utvikling og ein auke i aktiviteten mot tidlegare år, og er oppe i 2160 dekar med ungskogpleie i 2008.

#### Aktivitet ungskogpleie siste 5 år

- 2004 → 2890 daa
- 2005 → 2270 daa
- 2006 → 1720 daa
- 2007 → 1630 daa
- 2008 → 2160 daa

### Skogsvegbygging

Vegbyggingsaktiviteten er ikkje stor, totalt ferdigstilt 9,7 km veg. Frå rekordlåg vegbyggingsaktivitet i 2007 er dette ei dobling. For første gong er det ferdigstilt fleire bilvegar enn traktorvegar, men det er ikkje ferdigstilt nyanlegg av bilvegar. Ombygging til skogsbilveg utgjer 6,1 km. I tillegg er det ferdigstilt berre 3,6 km med traktorveg mot 2,7 km i 2007. Den låge vegbyggingsaktiviteten er i samsvar med tilskotsrammene fylket har, saman med ei skogfondsordning som har liten effekt i furu- og lauvskogområde i kyststrok grunna låg driftsnetto. Manglande rettleingsapparat og kompetanse innan vegplanlegging er også hemmande på investeringslysta. Høg aktivitet i byggje- og anleggsbransjen i fylket har også pressa prisane oppover. Dette siste reknar vi med vil snu i 2009.

#### Oversikt siste 5 års periode

- 2004 → 7,5 km
- 2005 → 6,1 km
- 2006 → 6,7 km
- 2007 → 4,4 km
- 2008 → 9,7 km

I eit fylke der skognæringa er under oppbygging, er det langt att til eit forsvarleg utbygd vegnett. Vegbygging er ei grunnlagsinvestering på linje med sjølve skogreisinga, og difor er tilskotsrammer og andre offentlege vilkår avgjerande for tempoet i å gjera skogareala tilgjengelege for drift. Det er svært positivt at det no er politiske signal om ei omfordeling av tilskotsrammer til fylke med store investeringsbehov.

Vi ser, som sagt, elles at apparatet og kompetansen for å mobilisere/få fram gode vegprosjekt er kraftig nedbygd. Det blir ei stor utfordring å byggje dette opp igjen, dersom aktiviteten skal aukast i tråd med både nasjonale signal og tilrådingane i "Kystskogmeldinga". Ei heving av vegtettleiken vil vere heilt avgjerande for ei forsvarleg og berekraftig utnytting av skogressursane generelt, og dei ressursane skogreisingsarbeidet over tid har bygd opp spesielt.

Med nokre få unntak er kompetansen på vegplanlegging låg i kommunane. Dette betyr at vi ikkje får fram dei beste vegløysningane i alle kommunane. Det er og naturleg at kompetansen er liten på området når aktiviteten er så avgrensa. Fylkesmannen har kompetanse, men ikkje kapasitet. Vi arbeider med å få på plass ein vegplanleggjar som kan vere til hjelp for kommunane med prosjektering på større veganlegg.

Utarbeiding av hovudplan for skogsvegar har med bakgrunn i ressursituasjonen hos Fylkesmannen heller ikkje blitt prioritert i 2008. Det er planen at dette arbeidet vil bli starta opp i 2009, der første oppstartsmøte med kommunane er avtalt i februar.

### Taubane og hest

Utbetalningane her har auka frå 120 000 kr i 2007 til 147 000 kr i 2008. Dette er vesentleg mindre enn det vi hadde forventa. Vestskog BA sin intensjonsavtale med eit profesjonelt taubanelag har ikkje ført til nokon aktivitet på taubane. Ei av årsakene er nok at utstyret ikkje er tilpassa drift på store delar av skogarealet vårt, nemleg i furu- og lauvskog med avgrensa kubikkmasse/dekar. Men vi ser og at planlegging av taubanedrifter krev høg kompetanse og er heilt avgjerande for økonomi og gjennomføring av drifter. Dette byr på store utfordringar for kommunane. Det er svært lite kompetanse att på dette området både på kommune- og fylkesnivå.

Rogaland har mykje areal som er eigna for denne miljøvennlege driftsmetoden. Relativt høge driftsprisar frå 270 - 350 kr/m<sup>3</sup>, gjer at desse og ofte blir utkonkurrert av tradisjonelt utstyr og stikkvegbygging. I Rogaland har vi ein klar tilskotsprofil, der vi ønskjer aktivitet i furu- og lauvskogen, medan hogst av gran med taubane i prinsippet skal vere sjølvberande. Det er og eit krav om at grana skal vere hogstmoden for å få tilskot til taubanedrifter.

### Miljøtiltak i Skog

Dette er rapportert gjennom Skog og landskap si nettbaserte rapporteringsløysing.

### Skogbruksplanlegging og miljøtiltak i skog

Skogbruksplanlegging og miljøtiltak i skog er rapportert gjennom Skog og landskap si nettbaserte rapporteringsløsning. Skogbruksplanlegginga følgjer hovudplan for skogbruksplanlegging i fylket frå 1999.

Det har heller ikkje i 2008 vore ressursar for å kunna prioritera revisjon av hovudplan for skogbruksplanlegging.

Arbeidet med områdetaksten i Dalane har delvis stoppa opp. Også dette skuldast delvis manglande oppfølging frå Fylkesmannen, men også lite kapasitet og engasjement både frå Vestskog BA og lokale aktørar. Det er ikkje utbetalt tilskot i 2008.

Elles er situasjonen i Dalane, med godt over 200 000 daa produktiv skog, eit eksempel på at det med noverande forskrifts- og tilskotsregime kan vera ei utfordring å få gjennomført skogbruksplanlegging i visse distrikt av landet. Området har stort behov for digitale skoglege data i utviklinga av skogbruket som næring.

#### Andre tiltak i skogbruket

Her er det løyvd midlar til prosjektretta satsingar på ekstra skogkultursatsing med oppsøkjande verksemd/rettleiing i 3 kommunar – totalt 100 000 kroner. Dette er i tråd med liknande og tidlegare prosjekt på ekstra skogkultursatsing. Etter å ha vurdert desse prosjektsatsingane nærmare, ser vi at enkelte kommunar er flinke til å dokumentere behov, men at det manglar ein del på å få omsett behova til konkret handling/investeringar. Fylkesmannen har tatt initiativ til betre oppfølging frå kommunane si side.

I tillegg er det løyvd litt midlar til generell informasjon og sponing av Aktivt skogbrukskurs.

#### Spesielle midlar til kystskogbruket

LMD har oppretta tilskotsposten ”Spesielle midlar til kystskogbruket”. Løyvinga for 2008 var 5 mill. kroner til fordeling på ni fylke. Løyvinga skal gå til å dekkja tidlegare ordnignar til bl.a. virkesomsetning og kompetansehevande tiltak. Resten kan nyttast til nye tiltak.

Rogaland fekk tildelt kr 550 000. Av dette er 370 000 kroner løyvd til dei ”gamle” ordningane. Resten er nytta til felles prosjekt i regi i Kystskogbruket, bl.a. Taubaneprosjektet og Vegprosjektet.

Fylkesmannen er svært glad for at denne tilskotsposten er oppretta. Ved å nytta delar av denne løyvinga til felles prosjektsatsingar langs kysten, vil vi kunna oppnå større kostnadseffektivitet og synergieffektar. Behovet for utgreiing og tilrettelegging er stort i kystskogbruket, og det er difor særst positivt at løyvinga for 2009 er dobla.

#### *Korte distriktskurs*

Avsett ramme for 2008 var på kr 70 000, og heile ramma er løyvd fullt ut til skogdagar, korte kurs og generell informasjon. Dette er svært kjærkomne og nødvendige midlar til kurs og informasjon for område mest utan rentemidlar og næringsstøtte. Vi ser auka kompetanse verkar motiverande og aktivitetsfremjande. I tillegg gir kunnskap betre effekt av investeringsmidlane.

#### Kontroll

Kontroll med skogbrukstiltaka skjer bl.a. gjennom den godt innarbeida miljø- og resultatkontrollen for skogkultur, vegbygging og skogbruksplanlegging. Vi har i år heller ikkje hatt kapasitet til å gjennomføre vedlikehaldskontroll av skogsvegar.

#### *Resultatkontroll av skogsvegar med tilskot*

Kommunane har ansvaret for å gjennomføre resultatkontroll på alle ferdigstilte skogsvegar med tilskot. Fylkesmannen blir ofte invitert av kommunane til å delta på kontroll av større veganlegg, men vi tek også sjølv initiativ til å vere med på kontroll, spesielt av store skogsbilveganlegg. Alle resultatkontrollane blir rapportert gjennom fagsystemet SVEG, der alle skjema er lagt inn digitalt for 2008. Resultatkontrollen på skogsvegar med tilskot ser ut til å vere ei oppgåve kommunane stort sett tek på alvor, men manglande kompetanse set grenser for kvaliteten på arbeidet.

#### *Resultatkontroll av forynging og miljø*

I vårt fylke er vi pålagt å kontrollere 20 felt, derav 10 plantefelt frå 2007 og 10 på hogstfelt frå 2006. Vi gjennomfører kontrollen i samarbeid med kommunen, der også miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen er invitert. Resultata viser at det er få merknader på miljøvurderinga av hogsttiltak. Få avvik kan til dels forklarast ut frå ofte små hogstflater i vårt fylke, men også eit oppegåande entreprenørkorps som er oppdatert på å ta nødvendige miljøomsyn.

Når det gjeld kulturtiltak var resultatet nedslående, der over halvparten av felta (12 av 20) ikkje var tilfredsstillande forynga. Av desse 12 felta var 7 ikkje forsøkt forynga, medan resterande var tilplanta, men med delvis stor avgang grunna snutebille, beiteskader og dårleg utført plantearbeid.

Denne stikkprøven gir ikkje noko fullstendig oversikt over foryngingstilstanden i fylket, men sett i samanheng med liten planteaktivitet i fylket, analysar frå plantestatistikken og stor hogstaktivitet, stadfester dette den uheldige utviklinga med avskoging av våre beste skogareal.

Kontrollskjema er rapportert og lagt inn i digitalt fagsystem.

### Pyntegrønt

Pyntegrøntnæringa, og då særleg juletreproduksjonen, har gjennom ei årrekke arbeida målretta mot innanlands- og utanlandsmarknaden. Fokus på kvalitet og profesjonalitet hos enkeltprodusentar, samt eit aktivt og dyktig rettleiingsapparat, har gitt resultat. Fleire nye marknadskanalar, spesielt mot utlandet, gir grunn til optimisme i næringa og gode utsikter for dei som tør å satse. Etterspurnaden aukar og næringa treng fleire profesjonelle produsentar.

Rogaland er det førande juletrefylke med optimale produksjonsforhold. Høg kompetanse i forsøksringsystemet er og ein viktig faktor for den positive utviklinga vi ser i juletrenæringa. Med dei marknadsutsiktene ein no ser, finst det eit stort potensiale for ytterlegare vidareutvikling av juletre- og pyntegrøntnæringa i fylket, både mot innlands- og utanlandsmarknaden.

Fylkesmannen har i 2008 på bakgrunn av dette gjennomført ein prosess i 2008 med næringa m.fl. Sluttresultatet er nye retningslinjer for BU-støtte til investeringar til nyetablering og vidareutvikling av rasjonelle driftseiningar/plantasjar for juletreproduksjon. Vi tek sikte på at ordninga skal vere operativ frå 2009

Næringa sjølv saman med Fylkesmannen har over fleire år arbeida målretta for å få salet rapportert gjennom virkesdatabasen, og for å nytta skogfond til investeringar. Begge delar har lukkast rimeleg godt, og juletre dyrkarane er no langt flinkare til å nytta skogfond enn den tradisjonelle skognæringa i fylket. Vi nærmar oss 100 000 registrerte juletre for sal i 2008 mot nokre få tusen berre få år tilbake.

## **21.3 Bygde- og næringsutvikling**

### *Regionalt samarbeid*

Det regionale samarbeidet fungerer godt i Rogaland. Fylkesmannen er ein aktiv part i arbeidet med Regionalt Utviklingsprogram (RUP) og arbeider jamleg med Innovasjon Norge og Rogaland Fylkeskommune. Det er også tett kontakt mellom desse regionale partnarane i arbeidet med den regionale strategien for landbruksbasert næringsutvikling. Fylkesmannen arrangerer årleg dialogmøte om landbruksbasert næringsutvikling. Dette for å stimulere til fleire landbruksprosjekt, informere om RUP og ikkje minst skape ein attraktiv møteplass.

Med utgangspunkt i den nasjonale landbrukspolitikken og den nasjonale strategien for næringsutvikling *Ta landet i bruk!* blei Strategi for landbruksbasert næringsutvikling i Rogaland 2007 – 2009 laga. Dette er ein levande strategi og strategien pliktar heile det regionale partnerskapet, men spesielt Rogaland Fylkeskommune, Innovasjon Norge Rogaland og Fylkesmannen.

Også satsinga på å samla den offentlege rettleiinga for etablerarane har ei sterk regional forankring. Skape.no går no inn i sitt siste prosjektår – med mål om at ein deretter får etablert Skape.no som en permanent organisasjon for heile fylket. Fylkesmannen sit i styringsgruppa for prosjektet.

VRI-Rogaland har Rogaland Fylkeskommune som eigar. Denne 10-årige satsinga har no fire satsingsområde; energi, kultur, mat og maritime næringar. Fylkesmannen sit i styringsgruppa for VRI Rogaland.

Måltidets Hus (MH) blir tatt i bruk i 2009 og vil vonleg bli eit kraftsentrum for mat- og måltidssatsingane. Fylkesmannen er svært oppteken av at også primærjordbruket blir kopla opp mot MH.

### Kompetanseoppbygging

Etter- og vidareutdanning av bønder; Totalt 19 (35 i 2007) søknadar blei handsama om økonomisk støtte til EB-kurs i 2008 og det blei utbetalt totalt kr 377.971,- (kr 659.972,- i 2007). Altså ein monaleg nedgang frå 2007.

Fylkesmannen tok initiativ til forprosjektet *Kompetansesenter for landbruket i Rogaland*. Dei 4 naturbruksskulane i fylket, Høgskulen for landbruk og Bygdenæringar og Rogaland Kurs- og kompetansesenter driv prosjektet. Prosjektet er framleis i ein avklaringsfase.

Studiet *Prosjektretta nærings- og bygdeutvikling* (10 eller 15 stp) er kome i gang ved eit samarbeid mellom landbruksavdelingane hos fylkesmennene i Rogaland, Hordaland, Aust-Agder og Vest-Agder, Utviklingskompetanse as og Høgskulen i Volda. Kurset gir opplæring i prosjekt- og prosessarbeid og målgruppa er først og fremst tilsette i kommunane som arbeider med landbruk, kultur og næringsutvikling. Studie har plass til 24 studentar og blei raskt fullteikna. Kurset blir gjennomført våre og hausten 2009. Slike kompetansegivande tilbod ønskjer Fylkesmannen å utvikle fleire av.

*Agro Epathways – Vocational Training for SMEfarmers* starta opp i 2007. EU-prosjektet er under Leonardoprogrammet og går på e-læring som undervisningsform for opplæring og vidareutdanning av bønder. Målgruppa er bønder som driv med, eller ønsker å starte med gardsturisme. Prosjektet saman med andre, arrangerte ein dagskonferanse om *Gardsturismen sin plass innan reiselivsnæringa*, den 8.april i Stavanger, med heile 60 deltakarar. Rett før jula 2008 lanserte prosjektet eit nettbasert kurs i gards- og bygdeturisme.

### Teknisk planlegging

Teknisk planlegging i regi av Fylkesmannen i Rogaland gjekk over i historia i 2008. Overgangen og ”utprøvinga” til Jæren Forsøksring skjer gjennom prosjektet Folkefjøset på Jæren.

### Bruken av BU-midlane

#### Innovasjon Norge sine BU-midlar

Ei viktig side ved bruken av BU-midlane i Rogaland er å få til rett prioritering. I Rogaland har distrikta ei klar prioritering ved at Innovasjon Norge Rogaland bør løyve om lag 70% av tilskotsmidlane og rentestøtta til andre regionar enn Jæren. Vidare kan Innovasjon Norge Rogaland nytte inntil 40% av tilskotsmidlane til nye næringar, medan inntil 25% av rentestøttemidlane kan nyttast til nye næringar. I og med at det har vist seg vanskeleg å få fram saker nok til at 40% av midlane kan nyttast til nye næringar, aksepterte Fylkesmannen at 2008 blei planlagt med utgangspunkt i at 30% av tilskotsmidlane og 20% av rentestøtta blei øyremerkte nye næringar.

Alle BU-midlane for 2008 blei brukt opp. I Rogaland er det stor investeringsvilje innafor tradisjonelt jord- og hagebruk, og dermed stor søknadspågang, slik at alt av BU-midlar utan problem kunne ha blitt nytta på denne satsinga. Men både Fylkesmannen og Innovasjon Norge Rogaland er opptekne av å sikre kontinuitet i satsinga på nye næringar. Dei måla som blei satt for 2008 blei ikkje nådd – berre 25% av tilskota og 11% av rentestøtta gjekk til nye næringar. Manglande måloppnåing her er eit naturleg tema ved revideringa av den regionale strategien i 2009/2010.

Distriktsmåla er oppnådd i overkant for tilskotsdelen av midlane (72% utanom Jæren), medan Jæren har fått løyvd noko meir av rentestøtta enn det som er lagt til grunn (65% utanom Jæren). Men i sum må dette seiast å vera bra måloppnåing.

Når det gjeld fordeling av BU-midlar mellom dei 4 regionane i fylket, er det ikkje uventa at Jæren har fått tildelt mest rentestøtte. Dette fordi denne regionen har flest gardsbruk, og har mange store tunge prosjekt som utløyser rentestøtte. Tilskotsmidlane er derimot noko meir jamt fordelt.

### Prosentvis fordeling av tilskot (totalt kr 24.821.500,-) og rentestøtta (totalt kr 49.992.00,-) mellom regionane ;

- Jæren	29% av tilskota	34% av rentestøtta
- Nord-Rogaland	26% ” ”	22% ” ”
- Ryfylke	26% ” ”	23% ” ”
- Dalane	18% ” ”	20% ” ”
- Rogaland	1% ” ”	0 ” ”
<b>Sum</b>	<b>100% av tilskota</b>	<b>100% av rentestøtta</b>

I strategien er det valt ut 7 ulike strategiområde for landbruksbasert næringsutvikling i fylket som BU-midlane er

løyvd i høve til. Oversikta viser at hovudparten av BU-midlane (77% av tilskot og 87% av rentestøtte) har gått til mat-området. Dette skuldast at investeringar i tradisjonelt landbruk, som er kapitalkrevjande, i strategien er definert under Strategirområde Mat.

Til tross for at økologisk matproduksjon og –forbruk er peika ut som satsingsområde, er det svært få søknader innafor dette strategirområdet.

**Løyving av BU-midlar 2008 i høve til strategirområde (kr/tal løyvingar):**

	Tilskot	Rentestøtte - lånebeløp
1. Mat	19.067.000 / 86	43.492.000 / 29
2. Økologisk	332.000 / 1	0
3. Trevirke	830.000 / 3	350.000 / 1
4. Bioenergi	75.000 / 1	0
5. Reiseliv/oppleving	1.735.000 / 13	3.650.000 / 4
6. Inn på tunet	1.080.000 / 7	1.500.000 / 1
7. Andre produksjonar	1.702.500 / 16	1.000.000 / 1
<b>SUM</b>	<b>24.821.500 / 127</b>	<b>49.992.000 / 36</b>

*Fylkesmannen sine BU-midlar til utgreiings- og tilretteleggingsmidlar*

Løyvingsfullmakta for 2008 var på kr 5.500.442,- og det blei inndratt kr 889.123,-, slik at den totale ramma blei kr 6.389.565,-. Heile ramma blei nytta på 71 løyvingar. 8 saker er avslått.

Fordelinga av midlane i 2008 på strategirområde i prosent. Tala for 2007 i parentes.

Praktikantordninga	1	(1)
Mat	28	(34)
Økologisk matproduksjon og – forbruk	4	(4)
Trevirke	0	(2)
Bioenergi	7	(5)
Reiseliv og opplevingsproduksjon	18	(28)
Inn på tunet	3	(3)
<u>Andre produksjonar</u>	<u>39</u>	<u>(23)</u>
<u>Sum</u>	<u>100</u>	<u>(100)</u>

Korkje strategiar eller policy for Fylkesmannen sine tilretteleggingsmidlar gir føringar for kor mykje som skal nyttast til dei enkelte strategirområda eller mellom regionar. Fylkesmannen ønskjer at flest mogleg av prosjekta som får BU-midlar skal ha Rogaland som virkeområde. Samstundes oppmodar vi også om dei målretta regionale prosjekt som tek utgangspunkt i eigne fortrinn og som har sterkt regionalt eigarskap. Heile 65% av Fylkesmannen sine løyvde BU-midlar i 2008 hadde heile fylket som virkeområde. Av enkeltregionane er det Ryfylke som utmerkar seg med høgast engasjement.

Fordelinga av midlane for 2008 mellom regionane i prosent (kr);

- Rogaland	65%	(4.160.178)
- Ryfylke	16%	(1.043.387)
- Haugalandet	8%	( 375.000)
- Dalane	6%	( 516.000)
- Jæren	5%	( 295.000)

Regionalt Utviklingsprogram

Fylkesmannen prioriterer arbeidet i det Regionale partnerskapet og med det mange prosjekt i Regionalt Utviklingsprogram (RUP - Fylkesplanen sitt årlege handlingsprogram). Heile 70% av løyvde BU-midlar frå Fylkesmannen i 2008 gjekk gjennom ulike RUP-prosjekt. Over tid meiner Fylkesmannen at det er tilstrekkeleg med å nytte om lag 60% av tilretteleggings-midlane gjennom RUP.

### Praktikantordninga

Det er svært lita interesse for praktikantordninga. Berre ei løyving i 2008.

### Lokale matspesialitetar

Det siste året har det vore ekstra fokus på vekstbedrifter hos Innovasjon Norge (IN). Vi har i samarbeid med IN og Kompetanse NAV Sør lagt opp til ein strategi for korleis vi best skal hjelpe dei bedriftene som treng det. Dette arbeidet vil og prioriterast i 2009, då vi ser at nokre bedrifter har stort behov for hjelp for å gjere bedrifta meir levedyktig og robust til å hevde seg på marknaden.

Merkeordningane til KSL Matmerk er og eit viktig satsingsområde, kor Spesialitet og Beskytta merking er retta mot matspesialitetar med sær egne kvalitetar, og skal gje forbrukarar auka mangfald i utval av gode norske matprodukt. Matfylket Rogaland har ei utfordring med å få fleire til å søkje på merkeordningar, og dette er ei oppgåve som vil halde fram i 2009. Produsentane og bedriftene som oppnår slike merkeordningar kan blant anna få auka marknadsadgang og tilgang til unik kompetanse.

Mobilisering og andre tiltak retta mot potensielle matprodusentar er eit anna satsingsfelt. Oppsøkjande kontakt og arrangement i distrikta er eit nyttig reiskap for å informere om moglegheiter som finnest i matproduksjon. Samarbeid med produsentnettverk som Finnøyemat og Jæren Matfat er etablert. Dette kan resultere i utarbeiding av nye prosjekt gjennom BU-midlar eller VSP-mat programmet og stimulere til endå meir næringsutvikling på sikt.

Nettverksbygging og utvikling av gode relasjonar til aktørar i Måltidets Hus, som vil bli eit kraftsenter for mat- og måltidsindustrien, er viktig for å koordinere oppgåver tilknytt matsatsinga i Rogaland.

Distribusjon og logistikk for små og mellomstore matbedrifter er ei stor utfordring og det er retta fokus på kva slags løysingar som kan brukast i Rogaland. No finst det 2 regionale aktørar som har fokus på lokal mat, og marknaden for vekst har vore positiv. Nasjonalt finst det fleire distribusjonsløysingar og kunnskap om alternative løysingar er viktig å kartleggja med tanke på vidare utviding av distribusjonsnett for lokale matprodusentar.

### Kraftverk

I Rogaland er det Suldal kommune som har dei fleste mikro-, mini- og småkraftverka. I dag er det i denne kommunen 29 anlegg med ein samla årsproduksjon på om lag 110 GWh. Inntektene frå verka er årleg over 40 MNOK. I snitt er det 3 eigarar per verk, og selskapsform varierer. Ei av dei største utfordringane framover for næringa er å halde verdiskapinga lokalt.

### Reiseliv og opplevingsproduksjon

Fylkesmannen har retta ressursane sine mot distrikta i bygdeturismearbeidet, der dei mest vesentlege prosjekta/tiltaka er Ryfylkevegen, Lysefjorden, Vindavegen og Kulturgardar. Magma Geopark i Dalane er heilt i startfasen, men på sikt vil Fylkesmannen sette inn meir ressursar.

#### *Ryfylkevegen*

Dette er eit stort program der eit av måla er å få ein meir målretta bruk av ressursane. Arbeidet med skoging og skilting er no i sluttfasen. Grunnlaget for auka bruk av kulturlandskapet er dermed lagt. I delprosjekta mat og reiseliv har det vore for spede forsøk på stimulering og det har ikkje gitt ønska utvikling. Dette blir det no teke tak i ved at fleire prosjekt står saman om gjennomføring av ulike tiltak.

#### *Lysefjorden*

I Lysefjorden er det blitt gjennomført fleire mobiliseringsmøte for grunneigarane og andre bygdefolk, utan at det har ført til vesentleg auke av nye aktørar/tilbod innan bygdeturisme. Dette er eit døme på kor viktig det er med langsiktige prosjekt. Fylkesmannen har tru på eit vidare engasjement og ei breiare satsing som kan legge til rette for auka tilstrømming og verdiskaping i området.

#### *Vindavegen*

Bondelaga i Vindafjord og bygdeutviklingsgruppa hos Fylkesmannen arrangerte i februar eit møte for nye og eksisterande bygdeturismevertar. Målet var å sjå om eit tettare samarbeid kunne føre til auka verdiskaping. Arbeidet er viktig for å skape større merksemd omkring bygdeturisme og landbruket sine ressursar på Haugalandet. Vindavegen har inne ein RUP-søknad til vurdering.

#### *Kulturgardar*

Arbeidet med Kulturgardar blei starta opp i 2008. Målet er å definere fleire gardsbruk som kan vere særst gode ambassadørar for landbruket i fylket. Dette er gardar som har eit spesielt fokus på kulturarven som t.d. eldre og historiske bygningar, ligg i eit spesielt landskap og tilbyr spesielle opplevingar; mattradisjonar, servering, overnatting, handverk, kunst og kultur.

#### *Utmarksbasert reiseliv*

Prosjektet Utmarksbasert reiseliv blei avslutta i 2008. Arbeidet i dette prosjektet har medført auka verdiskaping for dei om lag 30 medlemmane og fleire har fått auge opp for ny bruk av utmarka si. Fylkesmannen vil trekke fram eit godt døme på ringverknader av BU-midlane. Vi har dei siste to åra brukt BU-midlar til å få utvikle ein Hjortefestival på Haugalandet. I kjølvatnet av dette blei det brukt BU-midlar til å utvikle ei jaktgruppe. Dette tiltaket har resultert i etablering av Din Jakt AS.

#### *Samarbeid Norsk Bygdeturisme og Gardsmat (NBG)/Bonden Marked (BM) /Inn på tunet (IPT)*

Rogaland Bondelag har ansvaret for eit treårig prosjekt; *Sekretariatsfunksjon for NBG, IPT og BM* som blei starta i 2006. Bakgrunnen for prosjektet var eit behov for å avlaste organisasjonane og leiarane i organisasjonane med trivielle oppgåver i tillegg ønska Fylkesmannen å frigje oppgåver innan mat, reiseliv og grøn omsorg. Det er tilsett ein prosjektleiar i 60% stilling som har definerte arbeidsoppgåver innan medlemsverving og –oppfølging, alliansebygging og sekretærfunksjonar. Det gledelege er at IPT har nær dobla tal medlemmar (70 pr. 31.12) i løpet av prosjektperioden, mens NBG (30 pr 31.12) og BM ikkje har hatt medlemsauke i det heile.

Det offentlege verkemiddelapparatet har sagt klart og tydeleg ifrå om at det ikkje er ønskeleg å støtte organisasjonane IPT, BM og NBG år etter år. Vi arbeider no for er ein styrka samhandling mellom fleire nettverk og organisasjonar for å effektivisere bruken av våre midlar, - eit forum for nye næringar. På sikt er ein samanslåing mogleg mellom IPT og NBG.

Fylkesmannen meiner det er for mange organisasjonar i landbruket. Det offentlege er med på å danne nye nettverk/organisasjonar. Etter kvart som det kjem opp nye nasjonale prosjektsatsingar, blir det danna nye nettverk. Desse blir overlate til seg sjølve når prosjektperioden er over, jamfør Utmarksbasert reiseliv. Bønder/bygdeturismeaktørar kan/må etter kvart vere medlem i mange organisasjonar; Utmarksbasert reiseliv, Innlandsfiskarlaget, Båtturisme-nettverket, ulike destinasjonsselskap, Norsk Gardsost, i tillegg til faglag og IPT, BM og NBG. Slik kan det ikkje fortsette. Nye satsingar og prosjekt må i langt større grad bli forankra i eksisterande organisasjonar. Jamfør IPT og samarbeidet med Norges Bondelag.

#### *Fragmentert reiselivssatsing*

Fylkesmannen er tett på det 5-årige prosjektet *Opplev Matfylket*, som er inne i det siste året. I prosjektet arbeidar vi for auka samhandling mellom bygdeturismen og det ordinære reiselivet, det vil seie destinasjonsselskapa. Med utgangspunkt i dette og andre prosjekt har Fylkesmannen gjort seg nokre erfaringar. Ein av dei viktigaste utfordringane for utvikling og profilering av bygdeturismen i Rogaland, er opplevinga av ei fragmentert reiselivssatsing. Fire ulike destinasjonsselskap med fire ulike måtar å arbeide på, i tillegg til mange andre reiselivsprosjekt/aktørar, fører til at det blir vanskeleg å få full effekt av tiltaka.

Fylkesmannen etterlyser ein sterkare styring av midlane, gjerne større og tyngre satsingar (5-årige prosjekt). For ofte mister vi gode prosjektleiarar enten pga at dei sluttar fordi prosjekt er av midlertidig karakter eller at prosjektet ikkje blir vidareført. Det tar tid å etablere gode forhold for utviklingstiltak. Ofte ser ein ikkje resultatene av prosjekta før det har gått minst 2 år. Det gjer at vi mistar gode folk med viktig kompetanse altfor tidlig.

Rogaland har sterke band til merkevaren Fjord-Norge og VisitNorway. Erfaringar frå det ordinære reiselivet når det gjeld tilreisande, er at det er størst effekt av Fjord-Norge-satsinga. Framover er det strategisk viktig at ressursane blir innretta slik at dei er med på å bygge opp under Fjord-Norge.

#### *4H Rogaland*

Medlemstalet i 4H Rogaland aukar! Pr. 31.12.2008 var 1662 Medlemmer, i 2007 på same tid var det 1603 medlemmer. 4H i Rogaland er ein veldig aktiv organisasjon. Lokallaga har mykje god aktivitet ute i kommunane. Det blir halde mange arrangement på lokalt nivå som har positiv verknad på lokalmiljøet til kvar enkelt klubb. I tillegg kjem alle fylkesarrangementa som alle har deltakarrekord kvart år. Dette var ikkje noko unntak i 2008. Den positive veksten i fylket har dels bakgrunn i arbeidet som blir lagt ned i å fornye organisasjonen. På fylkesplan gir vi kurs og tilbod som er aktuelt for ungdommane sine interesser og ynskjer. Men vel så viktig er den innsatsen som blir gjort lokalt.

## 21.4 Verdiskapingsprogrammene

Fylkesmannen si hovudoppgåve i høve til dei landsdekkande programma er å informere om ordningane og stimulere til søknadar om prosjektstøtte.

Fylkesmannen arbeider på fleire ulike måtar og saman med ulike aktørar for å promotera, rettleia og følgja opp næringsaktørar i høve til verdiskapingsprogramma. Vi vil særleg nemna dei fire distriktskonsulentane hos Fylkesmannen, der også kommunane og Innovasjon Norge er med i finansieringa. Desse har ei aktiv rolle i rettleiing av aktuelle søkjarar, og driv dessutan oppfølging av tiltaka i gjennomføringsfasen. Gjennom distriktskonsulentane samarbeider Fylkesmannen i dette arbeidet også nært med kommunane; og i nokre tilfelle også med nærings- og FoU-organisasjonar.

Løyvingar frå landsdekkande program til prosjekt i Rogaland i 2008 (2007):

<b>Bioenergiprogrammet</b>	10 (6) tilsagn	kr 5.015.000,- (620.000,-)
<b>Trebasert innovasjonsprogram</b>	4 (5) tilsagn	kr 4.065.000,-(4.202.000,-)
<b>Verdiskapingsprogram Mat</b>	16 (13) tilsagn	kr 5.673.000,- (2.287.000,-)

Av plassomsyn viser vi til omtale av satsingsområda mat, trevirke og bioenergi under resultatområde 21.3.

## Resultatområde 22 Miljøtiltak i landbruket

### 22.2 Tiltak for å redusere forurensninger

Hovudsatsinga til Fylkesmannen innan forureining er knytt til arbeidet mot ureining i Jær-området, der ressursane våre blir nytta saman med kommunale og fylkeskommunale midlar til prosjektet ”Frivillige tiltak mot ureining i landbruket”. Prosjektet har hatt to prosjektmedarbeidarar som har arbeidd for rettare gjødsling, etablering av gjødslingsfrie soner, organisering av bekkelag og bygging av reinseparakar. Gjødslingsfrie soner er inne som tiltak i regionalt miljøprogram der det i alt er løyvd støtte til 132 km randsone som er ein auke frå 123 km i 2007. Det er framleis høge fosfortal i jorda her i fylket - etter overdosering av fosfor frå tidlegare tider. I dag vert gjødselplanane på bruk med husdyr sett opp utan planlagt bruk av fosfor. Likevel er forureininga i vatna relativt stabil, men vi har merka ei gledelig utvikling mot mindre forureining med fosfor i bekker og elvar.

Vi er her i fylket så heldige at vi får ta del i pilotprosjektet ”Miljøvennlig spredning av husdyrgjødsel”. Dette er etter vår vurdering rett satsing for å redusere både utsleppa til luft og utsleppa til vatn. Gjennom prosjektsatsinga ”Frivilling tiltak mot ureining i landbruket” er det halde fleire motiveringsmøte for å få bøndene med på ordninga. Totalt vart det søkt om tilskot til 36 766 dekar av potensielt rundt 100 000 dekar. Dette er svært god oppslutting første året.

I 2008 vart det også lyst ut ei stilling knytt til forureining og klimatiltak i landbruket. Noko vakanse i dette arbeidet i 2008 har gjort at Fylkesmannne si landbruksavdeling ikkje har medverka så aktivt som ein kunne ønskje i arbeidet med forvaltningsplan og tiltaksanalyser i samband med EU sitt rammedirektiv for vatn. Tiltak knytt til forureining har likevel vore eit tema i revidering av Regionalt miljøprogram, utan at dette har ført til innføring av nye ordningar knytt til temaet. I miljøprogrammet er det signalisert at ein er open for å ta inn nye tiltak knytt til dette temaet.

### 22.3 Miljøprogram og miljøplan

## Prioritering og tiltak

For Regionalt miljøprogram for 2008 vart det ikkje gjort endringar samanlikna med søknadsåret 2007.

Hovudprioriteringane som er gjort i Regionalt miljøprogram kjem fram av godkjent miljøprogram frå 2005. Så elles under pkt 26.1 Jordvern og kulturlandskap

Programmet inneheld fire hovudsatsingar:

- Hindre gjengroing
- Ta vare på viktige kulturlandskap
- Hindre forureining
- Andre miljøtiltak, herunder turstigar og ugrasbekjemping/avfallshandtering.

Året vart likevel bruka på ein grundig gjennomgang av eksisterande ordningar. Regionalt miljøprogram for 2009 – 2012 vart utarbeidd etter innspel frå kommunane og i samarbeid med prosjektgruppa for arbeid med RMP.

Arbeidet er leia av ei styringsgruppe. Gruppene har vore samansatt av representantar frå to kommunar, Bondelaget, Bonde- og Småbrukarlaget, forsøksringane i Rogaland, Rogaland Fylkeskommune og Fylkesmannen si miljøvernavdeling i tillegg til Fylkesmannen si Landbruksavdeling. Politikarar frå Fylkeskommunen har vore representert i styringsgruppa.

## Tal søkjarar for RMP i 2008

I 2008 kom det inn totalt 2803 søknader til regionalt miljøprogram. Dette utgjorde 59% av dei som søkte produksjonstilskot i 2007 (mot 51% i 2007).

## Endringar i tilskotssatsar

For 2008 hadde Rogaland, som i 2007 23,4 millionar kroner til fordeling i RMP. Med utgangspunkt i førebels satsar vart det søkt om tilskot tilsvarende 24,7 millionar, om lag 1,3 millionar meir enn den totalt løyvinga til Rogaland. Dette har gjort at vi har redusert satsane noko. I gjeldande miljøprogram for jordbruket i Rogaland godkjent av Statens Landbruksforvaltning våren 2005, vart det varsla at tilskotsordningane "Tilskot til bratt areal" og "Tilskot til ugraskontroll og velstelte bruk" vil fungere som bufferordningar dersom total søknadsum avveik frå tilskotspotten som er tildelt Rogaland. Vi har derfor justert ned satsane for desse ordningane. I tillegg vart satsen for tilskot til utegangarsau noko redusert. Dette har samanheng med at ein frå og med 2009 har vedtatt å justere ned satsen for tilskot til utegangarsau fordi satsen til utegangarsau har auka gjennom produksjonstilskotet.

### *Justerte satsar:*

Tilskot til bratt areal, fulldyrka og overflatedyrka:	Førebels sats kr 150,-, ny sats kr 130,-
Tilskot til bratt areal, innmarksbeite:	Førebels sats kr 50,-, ny sats kr 40,-
Tilskot til bratt areal, innmarksbeite, partnersk.omr:	Førebels sats kr 75,-, ny sats kr 63,-
Tilskot til utegangarsau:	Førebels sats kr 200,-, ny sats kr 150,-
Tilskot til avfallsbehandling og ugraskontroll:	Førebels sats kr 2000,-, ny sats kr 1850,-

## Fordeling av midlar mellom tema og dei enkelte ordningane

Den endelege statistikken over kor mange som har søkt om tilskot for dei ulike ordningane vart ikkje heilt endeleg før etter at tilskotet vart utbetalt i mars, og klagefristen etter utbetalinga har gått ut. Eventuelle tal som er ført i feil kode, vil kunne få relativt store utslag på statistikken. Framleis er prosentdelen til tema "hindre gjengroing" og "andre miljøtiltak" større enn budsjettert. Prosentdelen til hindre gjengroing er likevel noko redusert i år samanlikna med tidlegare år. Dette skuldast nok først og fremst at tilskotssatsen for ordninga "bratt areal" er redusert. Delen til "andre miljøtiltak" aukar jamt. Dette skuldast hovudsakleg både auke i søknad til turstigar og til ordninga "ugraskontroll og avfallshandtering".

Årsaka til at omsøkt totalbeløp i år er rundt 1,5 millionar kroner høgare enn i fjor, skuldast nok i stor grad at tal søkjarar har auka med 389 søkjarar frå 2007 til 2008. Hovudtyngda av dei som søkjar tilskot, søkjar også tilskot til bratt areal og til "avfallsbehandling og ugraskontroll". Søknadsmengda til bratt areal har auka med rundt 4% frå 2007 til 2008. På bakgrunn av reduserte tilskotssatsar, er likevel utbetalinga redusert med rundt 15%. 290 fleire føretak, om lag 12.5% fleire, søkte om tilskot til avfallsbehandling og ugraskontroll. Utbetaling til denne ordninga har auka med 4,5 %.

Av andre større endringar for enkeltordningar samanlikna med i fjor ser ein at tal geit er redusert med rundt 45%. Tal meter gjødslingsfrie randsoner på grovforareal er auka noko, medan omsøkt meter ugjødsle randsoner på grønsak-, potet- og/eller kornareal er redusert med rundt 34%. Tal meter turstigar ser også ut til å vere i jamn auke. Totalt er det søkt om tilskot til rundt 53 mil turstigar, av desse rundt 40 mil nær by eller regulert bustadfelt. Omsøkt lynghei i verdiklasse A aukar også jamt. Dette har truleg samanheng med at stadig større areal verdifulle

naturtypar vert kartlagt og registert.

**Tilskudd fra regionalt miljøprogram utbetalt 2008 etter søknadsomgang 2007 - kroner utbetalt til hovedområder**

Embeter	Gjengroing	Avrenning til vassdrag	Kulturminneverdier	Tilgjengelighet og friluftsverdier	Verdifulle kulturlandskap	Plantevernmidde	Avfallsinnsamling	Annet
FMRO	7729389	1238855	1218000	3987732	2952158		4711950	195500
<b>Sum</b>	<b>7729389</b>	<b>1238855</b>	<b>1218000</b>	<b>3987732</b>	<b>2952158</b>	<b>0</b>		

**22.4 Økologisk landbruk**

Rogaland har store utfordringar med å få opp større produksjon av økologisk mat. 53 driftseiningar hadde godkjend økologisk primærproduksjon i 2008. 66 bedrifter var godkjent for foredling og import av økologisk mat. Tal produsentar er relativt stabilt. Interessa for rådgjeving innan økologisk landbruk har auka markant, utan at det har gitt resultat i fleire økologiske gardsbruk. Omsetnaden av økologisk mat har gått opp. Interessa frå storkjøkken og restaurantar for økologisk mat er aukande. Rogaland ligg på landsbasis langt framme når det gjeld tal bedrifter som er godkjend for handtering av økologisk mat.

Handlingsplan for økologisk landbruk i Rogaland blei revidert i 2007, og skal vare fram til 2015. Det er i planen sett opp mål om:

- 150 bruk med økologisk sau innan 2015
- 100 bruk med økologisk mjølk innan 2015
- 15 % økologisk tomatproduksjon innan 2015
- 100 storkjøkken/restaurantar med kjøkken godkjend for handtering av økologisk mat innan 2015

Det er sett saman ei ressursgruppe for handlingsplanen med sentrale aktørar innan økologisk landbruk. Gruppen har hatt eitt møte i 2008. Landbruksavdelinga arrangerer studietur for ressursgruppa til Biofach 2009 i februar. Biofach blir arrangert årleg i Nürnberg, Tyskland, og er verdas største handelsmesse innan økologisk mat. For 2008 disponerte Fylkesmannen, landbruksavdelinga kr 425 000 til oppfølging av planen. Midlane blir delt ut etter søknad. Frist for søknad var i 2008 15. februar. Arbeidet med økologisk landbruk er lagt til laget for Bygdeutvikling, kor ein person arbeider i 80 % stilling med økologisk landbruk.

**Enkeltproduksjonar**

**Sauehald**

Arbeidsmessig er sauehald ein av dei produksjonane det er enklast å leggje om til økologisk. I praksis har det derimot vist seg vanskeleg. Det er fleire årsaker til dette:

- Dei fleste toler ikkje meir enn 15 % avlingsnedgang før økologisk sauehald kjem dårlegare ut enn konvensjonell økonomisk.
- Krav til bygningar i regelverket for økologisk om 1,5 m2 per v.f. sau mot norm på 0,8-0,9 i konvensjonelt gjer at mange må gå ned på besetningsstorleiken, eventuelt må gjere investeringar i bygg
- Dobbel tilbakehaldstid etter behandling mot flått og snyltarar gir utfordringar opp i mot slaktedato
- Meirprisen for økologisk kjøt har historisk variert mykje. Det er blant bøndene skepsis til kor stor interessa i marknaden for økologisk sauekjøt er
- Det er usikkert kva avling ein kan vente seg på kulturbeite (innmarksbeite) med økologisk drift.

Det er ingen større prosjekt innan økologisk sauehald i Rogaland. Dei som har gode føresetnadar for å leggje om er dei med gode beiteressursar, og som i dag har eit moderat kraftfôrforbruk.

**Storfehald**

Det er gode høve for økologisk mjølkeproduksjon i Rogaland. Interessa for rådgjeving (Gratis første råd) har som sagt gått opp. Stor auke i driftskostnadane pga. stor auke i kraftfôrkostnadane har gjort at mange er "litt på vent".

I 2008 kom eit samarbeidsprosjekt mellom Tine Meieriet Sør, Jæren forsøksring, Felleskjøpet Rogaland Agder og Nortura i gong. Målet med prosjektet er å auke rekrutteringa til økologisk storfe- og mjølkeproduksjon. Prosjektet er støtta økonomisk frå Regionalt Utviklingsprogram og frå Statens landbruksforvaltning. Fylkesmannen har i tillegg ein person med i prosjektgruppa. Det er første gongen i Rogaland at desse aktørane går

saman om prosjekt innan økologisk. Det er generelt liten søknad frå næringsaktørane om støtte til prosjekt innan økologisk landbruk.

### **Veksthusproduksjon**

Bioforsk Særheim har i fleire år hatt prosjekt innan økologisk veksthusproduksjon for å finne praktiske løysningar på bruk av vekstmedium og tilførsel av gjødsel. Det har i 2008 vore auka interesse for økologisk produksjon blant gartnerane, og fleire gartneri vil i 2009 starte opp med økologisk agurk- og tomatproduksjon. Fylkesmannen har i 2008 gitt støtte til Bioforsk Særheim til utprøving av metodar for å behandla organisk gjødsel, slik at den kan tilførast gjennom dryppvatningssystemet. Manuell tilførsel av gjødsel er arbeidskrevjande og automatisering av prosessen er viktig for å få lønsemd i dyrkinga.

I veksthusproduksjon kan ein få godkjenning frå dag éin dersom ein startar opp med økologiske innsatsmiddel. Det gjer at gartnerinæringa lettare kan tilpasse seg etterspurnaden i marknaden. Grossistane gir ikkje garantert meirpris for økologisk produksjon. Det gjer at produsentane av økologisk tomat har måtta tolt store prissvingingar gjennom sesongen. Tiltak som kan betre varetraumen, og koordinere produksjon/marknad bør prioriterast framover.

### **Kornproduksjon**

Det er i Rogaland føresetnader for økologisk kornproduksjon på Jæren. God tilgong på husdyrgjødsel er ein fordel. Det er gode resultat frå økologisk korndyrking Felleskjøpet Rogaland Agder gir 80 øre i meirpris + 20 øre avtaletillegg. Det er ingen større prosjekt innan økologisk korndyrking i Rogaland.

### **Status økologiske småpotet**

Dette er eit 3-årig prosjekt med føremål om å produsera økologiske/konvensjonelle småpotet til restaurantmarknaden. Prosjektet blei starta 2005 med Gastronomisk Institutt som prosjektleiar. Sidan GI gjekk konkurs vår 2008 var det viktig å slutføra prosjektet og Fylkesmannen si landbruksavdeling overtok ansvaret med å slutføra prosjektet. Prosjektet har vist god framdrift kor fleire typar småpotet har blitt testa ut av aktørar frå restaurantar og GI AS. Dei siste testane blei gjort hausten 2008 og GI AS har oppsummert resultat og konklusjonar i eigen sluttrapport. Jæren Forsøksring som er ein samarbeidspartnar i prosjektet, har hausta mange erfaringar knyta til dyrkings- og produksjonstekniske utfordringar saman med dei potetprodusentane som var involvert i prosjektet. Jæren Forsøksring er i ferd med å skrive sluttrapport kor resultat, konklusjonar og vidare tilrådingar vil omtalast. Endeleg sluttrapport for heile prosjektet vil bli skriven av Fylkesmannen i løpet av våren 2009 til IN Rogaland. Nasjonal satsing på fleire matspesialitetar gir godt håp om at småpotet kan gi grunnlag for nye spesialitetar ikkje berre i restaurantmarknaden, men og i daglegvarehandelen.

## **22.5 Tre og miljø**

Vi viser også i år i hovudsak til rapportering under 21.2, 21.3, 21.4 og 25.3. Nettverksprosjektet for auka bruk av tre blei avslutta i 2008. Prosjektet har berre hatt ca. 30% stilling i 2008. Trass i dette har vi gjennom prosjektet styrka nettverket i sektoren vesentleg. Bygdesagforeininga i fylket har organisert seg med eige styre og er no aktive med kompetansehevande kurs for å stå sterkare i konkurransen på marknaden. Også delar av arkitekt- og byggmeistermiljøet er no interessert i å auka prosenten med kortreist trelast til beste for miljøet. Aktørane i prosjektet har vedtatt å starta opp Rogaland Treforum.

Lokalt produsert bioenergi er framleis under hardt press frå andre energikjelder som olje, gass og elektrisitet. Det er også stor import av ved til fylket. I fleire kommunar er det no likevel dels i gong og dels under oppstart fleire bioenergianlegg. Som eksempel starta Bio Dalane as opp varmeproduksjon seinhaustes 2008, for oppvarming av sjukehus og skolar i Egersund.

Fylkesmannen har elles tatt initiativ til og er aktiv deltakar i prosjektet ”Rein energi – bioenergisatsing i Rogaland”. Dette er eit samarbeid i regionalt utviklingsprogram og med Vestskog BA som prosjektansvarleg.

Fylkesmannen medverkar til ei viss koordinering av arbeidet med bioenergi og auka bruk av trevirke, men vi har siste to åra hatt lite kompetanse og svært lite ressursar å setja inn i dette arbeidet.

Fylkesmannen er elles ein motivator og dialogpartnar i arbeidet med oppfølging av Levande Skog og Forskrift om berekraftig skogbruk.

## Resultatområde 23 Eiendoms- og bosettingspolitikk

### 23.2 Eiendoms- og bosettingspolitikk

Etter at avgjerdsretten i saker etter jordlova, konsesjonslova, odelslova og skogbrukslova blei overført til kommunane, har Fylkesmannen naturlegvis mindre oversyn over utviklinga i desse saksfelte ut over det som blir rapportert gjennom KOSTRA og dei få sakene som kjem som klagesaker til Fylkeslandbruksstyret. Vi har likevel eit klart inntrykk av rimeleg store forskjellar i praktiseringa mellom kommunane, og at det i eit stort tal kommunar er vanskelegå sjå at reglane om frådelling og omdisponering i jordlova og reglane om bu- og driveplikt og

om priskontroll på landbrukseigedom blir praktiserte fullt ut i samsvar med intensjonane. Det er pr. i dag ikkje ressursar eller system for å føre ei effektiv kontroll med avgjerslene i kommunane, og det vil vere på tilfeldig kva for saker vi blir gjort kjende med og evetuelte får gjort om. Dette er etter vår vurdering svært uheldig med omsyn til partane og i ei viss grad i høve til gjennomføring av Stortinget sin vedtekne politikk.

Dei svært få klagesakene som kjem til behandling på regionalt nivå, er ein av fleire indikasjonar på at kommunane gir samtykke i samsvar med søknaden i større grad enn det retningslinene, og dei klare politiske signala som er gitt for praktiseringa, skulle gi grunn til. Medieomtale og den kunnskapen vi elles får om avgjerdene i aktuelle saker tyder i same retning. Fylkesmannen har i 2008 vore nøydd til å ta opp einskilte saker for overprøving og omgjering etter reglane i forvaltingslova. Fylkeslandbruksstyret hadde i 2008 seks overprøvings- og omgjeringssaker – mot 3 som blei omgjort i 2007 (8 til overprøving).

Fylkesmannen skal som overordna organ og i samsvar med tildelingsbrev og embetsoppdrag, sjå til at lovreglane på området blir praktiserte i samsvar med intensjonane og nasjonale retningsliner. Det er likevel tilfeldig kva for vedtak Fylkesmannen får kunnskap om. Dette er eit problem i høve til dei særskilte tidsfristane som gjeld for overprøving av vedtak og i høve til kravet om likebehandling.

Fylkesmannen vil og peike på at mange kommunar ikkje lèt avgjerd i klagesak eller anna avgjerd i overordna organ vere retningsline for vidare praktisering i liknande saker. Etter vår vurdering er dette eit viktig forvaltningsmessig prinsipp, og eit korrektiv som skal sikre rettstryggleik og måloppnåing, som til dels blir sett ut av funksjon. Vi har også merka oss til dels mangelfull grunngjeving av dei kommunale vedtaka.

Utover dette syner vi til rapporteringa vår til Statens landbruksforvaltning om fylkesmannens praktisering av jord-, odels- og konsesjonslov og til vår undersøking av praktiseringa av delingsreglane i jordlova.

## Resultatområde 24 Inntekts- og velferdspolitiske tiltak

### *Organisering, gjennomføring og oppfølging av kontrolloppgåvene*

#### 1 Korleis er kontrolloppgåvene på landbruksområdet organisert

Landbruksavdelinga har utnemnt ein kontrollansvarleg kor det er gjeve naudsynte fullmakter og ressursar for å gjennomføre kontrollarbeidet. Ansvarleg er medlem av Fylkesmannen sitt tverrfaglege tilsynslag kor embetet sitt samla arbeid med tilsyn/kontroll ovafor kommunane blir samordna.

Fagansvarleg innafor ulike fagområde har gjennom året ulike kontrollar retta både mot kommunane og enkeltføretak. Til dømes innan skogbruk.

#### 2 Kva er gjort av kompetansetiltak på kontrollområdet

Landbruksavdelinga har deltatt med personell på SLF sine samlingar innan fagområdet. Embetet har hatt

halvdagsseminar med foredrag innan temaet tilsyn/kontroll

I høve til kommunane ser vi at forvaltningskontrollen medverkar til kompetanseheving i kommunane. Dette fordi resultatane blir nytta som del av kvalitetsutviklingsarbeidet i kommunane.

### 3. Kontrollar som er gjennomført og omfanget av kontrollar

- Det er gjennomført forvaltningskontroll i 7 kommunar  
- 47 føretak er kontrollert i høve til regelverket for svine- og fjørfeproduksjon  
- I høve til stikkprøvekontrollen ( 5% kontrollen) har vi vore med 4 kommunar når det er føreteke kontroll av 25 føretak. Fylkesmannen si oppgåve er å sjå til at kommunen utfører kontrollen i samsvar med gjeldande retningslinjer.

### 4. Kva ordningar/delordningar er kontrollert

Gjennom **forvaltningskontrollen** har Fylkesmannen kontrollert kommunen si etterleving av krav gitt i forvaltningslova - med fokus på reglar om sakshandsaming, delegasjon og habilitet. Vidare er det sett nærare på forvaltninga av enkelte av reglane knyta til produksjonstilskot, velferdsordningane og SMIL-ordninga. Kommunen si rolle som tilsynsstyresmakt knyta til miljøkrav etter reglane om spreieareal og spreietidspunkt av husdyrgjødning har og blitt teke opp som tema.

#### Føretakskontroll

Kontrollert at regelverket for svine- og fjørfeproduksjon blir respektert – jf. forskrift om regulering av svine- og fjørfeproduksjon. Det er sett nærare på kravet ( § 2) om at føretaka kan overstege 15 % eit år mot tilsvarende reduksjon påfølgjande år. Det er nytta opplysningar i leveranseregisteret for slakt som grunnlagsmateriale for kontrollen.

Kontroll av kommunane i høve til 5 %-kontrollen av produksjonstilskot i jordbruket.

Vi har som tidligare år vore med kommunane på kontroll. Dette er ein kontroll for å sjå til at kommunane følgjer opp dei krav som vert stilt til stikkprøvekontrollen. Samstundes stiller vi spørsmål om kor føremålsteneleg det er for Fylkesmannen å bruka personalressursar på dette. Som tidligare år ser vi at kommunane har ei god hand for rett gjennomføring av kontrollane.

### 5. Kva slags avvik er avdekkja samt oppfølging

I høve til **forvaltningskontrollen** er funna i Fylkesmannen sin rapport karakterisert som avvik og merknad. Funn som i rapport er merknad vil ikkje bli nærare omtalt her. Nedanfor følgjer oversikt over avvik:

- Kommunar krev ikkje dokumentasjon på sal av grovfôr for føretak med oppstart og utviding av grovfôrproduksjon for sal innan fristen som er 1. april året etter søknaden. Dette er avvik frå § 5 første ledd i Forskrift om produksjonstilskudd i jordbruket.
- Kommunar har ulike manglar i høve til å innhenta naudsynt dokumentasjon i samband med refusjonsordninga ved sjukdom – jf. §§ 6 og 14 i Forskrift om tilskot til avløyning. Det er og tilfelle av andre manglar ved forvaltninga av denne ordninga
- Det er ikkje fatta vedtak i saker som gjeld avviste og avslåtte søknader i samband med søknad om tilskot til regionalt miljøprogram, produksjonstilskot og regionalt miljøprogram – jf. § 3 første ledd i forvaltningslova. Det er og tilfelle kor det er fatta vedtak, men ikkje opplyst om høve til klage.
- Eit tilfelle av inhabilitet i sakshandsaminga – jf § 6 første ledd i forvaltningslova.
- Søknader om regionalt miljøprogram levert etter fristen er likevel godkjent til utbetaling – jf. § 18 første ledd i Forskrift om tilskot til miljøtiltak i jordbruket i Rogaland.

## 6. Oppfølging:

I svarbrev frå kommunane på avvik blir det opplyst at rutinane er endra i samsvar med gjeldande reglar.

Det er lite av funn ved **kontroll av kommunane i høve til 5 %-kontrollen**. Til dømes er det funn som gjeld at det ikkje er samsvar med oppgitte søknadsdata og fysisk teljing av dyr og areal på gardsbruka. Her vil det som regel vere tale om små forskjellar. Det kan og vere manglande dokumentasjon ved sal av dyr. Til vanleg er dette i orden når kommunen krev at dette blir innsendt i ettertid.

## Føretakskontroll

Ved kontroll av at regelverket for svine- og fjørfeproduksjon blir respektert, har Fylkesmannen gjort vedtak om økonomisk reaksjon i to saker. Desse er no til klagehandsaming hjå SLF.

## 7. Kva vi ser som viktige utfordringar i kontrollarbeidet framover

Viktig utfordring er å foreta gode risikovurderingar ut frå prinsippet om kontroll av område av vesentleg verdi. Rett operasjonisering av regelverket for å leggje til rette kontroll av god standard som gir auka kvalitet i landbrusforvaltninga er krevjande. I dette arbeidet må SLF leggja til rette for tilgang til aktuelle landbruksregister.

## 8. Har kontrollarbeidet avdekket behov for endringar

I arbeidet med kvalitetsutvikling av Wespa blir det rådd til at systemet blir utvida, slik at avslag på søknader inkluderer grunngjeving for vedtaket, og at dette kan gjerast i elektronisk sakshandsamarsystem. Det bør ikkje vere naudsynt for kommunane å nytta kommunen sitt sakshandsamarsystem for å supplere Wespa.

## 9. Andre kommentarar/innspeil

Kommunane er stort sett godt nøgd med gjennomføring av forvaltningskontrollen og det høve dette er til å få sett fokus på landbruksforvaltninga i kommunane. Vi har ved gjennomføring av forvaltningskontrollen lagt vekt på kontrollen som verktøy i kommunen sitt kvalitetsutviklingsarbeid.

## Landbruksvikartenestene

Som kjent var 2008 eit overgangsår med skifte av ansvar for landbruksvikarordninga frå kommunane til avløyarlaga. Fylkesmannen har hatt god dialog med avløyarlaga for å gjere ordninga betre kjent. Sjølv om det for nokre av laga har tatt noko tid for å få etablert ordninga, syner status for året at alle laga har nytta seg av ordninga. Landbruksvikarordninga er såleis etablert i heile fylket med til saman 19,6 årsverk.

## Oversikt over behandling av klager og dispensasjonssøknader 2008 - antall

### Klagebehandling

Embeter	Produksjonstilskudd		Miljøvirkemidler			Andre tilskuddsordninger	
	Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått	
FMRO	0	17	0	1	1	2	
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>17</b>	<b>0</b>	<b>1</b>	<b>1</b>	<b>2</b>	

### Dispensasjonssøknader

Embeter	Produksjonstilskudd			Miljøvirkemidler			Andre tilskuddsordninger		
	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått
FMRO	43	0	14	4	0	6	22	0	3
<b>Sum</b>	<b>43</b>	<b>17</b>	<b>14</b>	<b>5</b>	<b>1</b>	<b>8</b>			

## Resultatområde 25 Kommunene som landbrukspolitisk aktør

### 25.1 Kompetansesenter

### *Kurs for kommunal landbruksforvaltning*

Fylkesmannen arrangerer fleire kurs kvart år som er retta mot tilsette i kommunal landbruksforvaltning. Mellom anna har vi kvart år ein konferanse som går over 2 dagar der målgruppa er tilsette i kommunal landbruksforvaltning og tilsette i Landbruksavdelinga. Som året før inviterte vi også kommunale og fylkeskommunale politikarar til det som vi kallar "Landbrukspolitisk seminar". Hovudtema første dagen var jordvern og klimautfordringar. Den andre dagen sto mellom anna økologisk landbruk på dagsorden. Del av programmet var også to utferder kor næringsutvikling var tema. Det var om lag 120 deltakarar på heile konferansen.

### *Samling for nyttilsette*

I slutten av kvart år inviterer vi alle som er nyttilsette i landbruksforvaltninga i kommunane i løpet av året til ei samling. Formålet med denne samlinga er å presentere Landbruksavdelinga og våre oppgåver i høve til kommunane i tillegg til at vi går kort gjennom ulike lovar, forskrifter og regelverk. I desember 2008 var det 7 personar frå kommunane som var på eit slikt informasjonsmøte.

### *Dialogmøte jord- og skogbruksansvarlege i kommunane*

To gonger i året inviterer vi dei som er jord- og skogbruksansvarlege i kommunane til dialogmøte der vi tek opp ulike problemstillingar. Desse møta er meint som eit møtepunkt der dei kan få utveksle erfaringar og drøfte problemstillingar dei møter i kommunane. I februar 2008 hadde vi "Ureining frå landbruket – kommunen si rolle" som tema, og i oktober 2008 hadde vi oppe tema som "Statsbudsjettet 2009", problematikken rundt praksis med ulike gjødselspreiedatoar i kommunane, spørsmål rundt ulike driftsformer.

### *Ymse samlingar, kurs m.m. kor kommunane er eller har vore blant målgruppa:*

- to samlingar om tilskotsforvaltning
- "Hest i næring"
- to fagsamlingar for skogbruksforvaltninga i kommunane
- Dialogmøte RUP og landbruksbasert næringsutvikling. Inspirasjonsmøte om produksjon av ost, yoghurt mv.
- Møte om distribusjon, marknadstilgang og merkeordningar for lokale matprodusentar
- Dagstur, møte, fagdagar og fagsamlingar om økologisk landbruk
- Konferanse om Bioenergi
- Seminar Nettverk for treverk
- Kurs i bruk av fagsystem til SLF
- (2-dagersstudietur for Fylkeslandbruksstyret)

### *Politikaropplæring*

Etter kvart kommune- og fylkestingsval arrangerer vi kurs for nyvalde politikarar.

I samband med opplæringstilbodet i 2008 blei det utarbeida ei mappe med fakta-ark om tema der kommune har eit særleg ansvar: jordlov, konsesjonslov, bu- og driveplikt, næringsutvikling, SMIL/NMSK med meir. Desse faktaarka er lagt ut på nettsida vår (under kommunal styring).

### *Kompetansegivande studium*

Vi har starta opp med eit kompetansegivande studium for tilsette i kommunal landbruksforvaltning. Dette skjer i samarbeid med Landbruksavdelingane hos fylkesmennene i Hordaland, Aust-Agder og Vest-Agder. Dette er modulbaserte kurs der kvart kurs skal gi 10 studiepoeng. Våren 2008 fekk tilsette i kommunane tilbod om kurset "Forvaltning av kulturlandskap i endring", kor 40 studentar deltok. Hausten 2008 blei kurset "Landbruksjuridiske emne" gjennomført, og der deltok 35 studentar. I 2008 har vi komme i gong med planlegginga av den tredje modulen med tema "Prosjektbasert næringsutvikling" som skal gjennomførast våren/hausten 2009 med 24 plassar. Nokre står på venteliste. Alle kursa er gjennomført med maksimalt tal deltakarar i høve til kapasitet.

### *Nettside(Heimeside)*

Vi legg vekt på å bruke nettstaden [www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland) aktivt for å nå ut med aktuell og oppdatert informasjon. I 2007 starta vi med å utvikle eit eige nyhende-brev "Land og bruk – nytt og nyttig for landbruksforvaltninga i Rogaland" der målet er å gi målretta informasjon til dei som er tilsette i landbruksforvaltninga i kommunane i Rogaland. I 2008 blei det gitt ut 6 nummer. Nyhende-brevet blir lagt ut på nettstaden til fylkesmannen. Nettstaden til Fylkesmannen i Rogaland er komme svært godt ut i vurderingar av offentlege nettstader i landet, og blant avdelingane har Landbruksavdelinga har jamt over flest treff.

*Midlar over kap. 1144 post 77 Miljøretta prosjektarbeid m.m.*

Landbruks- og matdepartementet har også i 2008 løyvd kr.150 000 til utvikling av kompetansegivande studium for tilsette i kommunal landbruksforvaltning i Rogaland, Hordaland, Aust-Agder og Vest-Agder. Midlane er nytta til utvikling og gjennomføring av kurset "Landbruksjuridisk emne" kor 35 studentar deltok. Det har vore mykje positive tilbakemeldingar frå deltakarane.

## **25.2 Landbrukspolitisk dialog med kommunene**

Etter kvart kommune- og fylkestingsval arrangerer vi kurs for nyvalde politikarar. I 2008 har vi i perioden januar – mars 2008 arrangert fem regionale seminar. Vi sette fokus på kommunen si rolle som landbrukspolitisk aktør innan næringsutvikling i landbruket, arealforvaltning og det lokale handlingsrommet. Det var også kort gjennomgang av jordlova og konsesjonslova. I alt var det om lag 100 deltakarar .

Fylkesmannen gjennomførte i 2008 personlege besøk i kommunane. Landbruk var eitt av tema som ofte blei drøfta, og leinga i FMLA deltok i dei mest aktuelle kommunane. Som innspel til fylkesmannen sin runde med kommunebesøk i 2008, har det for kvart kommunebesøk blitt vist oversikter over statlege overføringar til kommunal landbruksforvaltning og ressursbruken (årsverk) i perioden 1994 – 2005/2006. Mange kommunar har fått auka overføringar, men talet på årsverk innan landbruksforvaltning har vore konstant eller har gått ned.

Fylkesmannen i Rogaland har omfattande samarbeid og dialog med kommunane på alle saksfelt som høyrer under embetet. Det er og etablert dialog med KS på viktige felt, mellom anna på området for utvikling av livskraftige lokalsamfunn og på politikaropplæring på landbruksområdet. KS har vore med på førebuing av fylkessamlinga i 2009 og er denne gongen medarrangør og har marknadsført denne samlinga.. Fylkesmannen har kvart år saman med KS ein konferanse med ordførarane og rådmennene i kommunane for drøfting av aktuelle spørsmål og felles utfordringar. Etter kvart lokalval har Fylkesmannen møte i kvar kommune for informasjon, drøfting og formidling av nasjonale mål og retningslinjer. På landbruksområdet er det i tillegg utvikla eit sett av tiltak for å gi informasjon, utvikle kompetanse og støtte kommunen i oppgåveløysinga.

Landbruksavdelinga har i 2008 hatt kontakt med KS i samband med det årlege kompetanseprogrammet vi lagar for kommunane, og i samband med fylkessamlinga. Utover dette har det vore kontakt mellom KS sentralt i samband med planlegging og utvikling av studiet "Prosjektretta nærings- og bygdeutvikling". KS jobbar med å utvikle eit liknande studium, men pga. ulike tidsplanar valde vi å lage kvar vårt opplegg. KS lokalt fekk ny dagleg leiar frå 1. januar 2009. På grunn av dette, valde vi å ha møte med KS i januar 2009 i staden for november/desember som var planen. Dette faste møte er eit info-utvekslingsmøte der ein held kvarandre oppdaterte, samstundes som vi ser på fleire høve for samarbeid.

Vi har og eit nært samarbeid med Innovasjon Norge Rogaland. I tillegg til samarbeid i mange saker og nettverk, samarbeider vi også her når det gjeld kurstilbod til kommunane.

## **25.3 Miljøvirkemidlene i jordbruket og de økonomiske virkemidlene i skogbruket**

### ***Generelt om forvaltninga av miljøverkemidlar og økonomiske verkemidlar***

Vi signaliserte tidleg til kommunane at gode tiltaksstrategiar skulle premierast med ein større del av potten. Gode tiltaksstrategiar, areal (jord og skog), tal aktive bønder og produksjonsvolum er hovudgrunnlaget for fordelinga av midla i 2008. I tillegg har Fylkesmannen lagt vekt på å premiere dei kommunane som vi meiner gjer ein innsats ut over det vanlege for å nå dei målsetjingane strategien legg opp til. For at enkeltkommunar skal kunne gjennomføre større og gode prosjektsatsingar, har vi gjennom tildelinga gitt desse ein større del av potten. Rennesøy og Forsand kommune fekk derfor også i 2008 ein forholdsvis stor del av potten sett i forhold til

fordelingskriteria.

15 av totalt 27 kommunar har revidert sine SMIL- og NMSK-strategiar i 2008. Fylkesmannen har vektlagt å gi ein kort kommentar til kvar enkelt strategi ut frå visse kriterium:

1. Prosessen – politisk handsaming og involvering av relevante aktørar
2. Status (kva verdiar finst i kommunen), overordna planar og analyse av utfordringar/behov
3. Om strategien framstår som eit verktøy for prioritering mellom ulike tema, og med klare retningslinjer og prioriteringar innafor enkelt tema; jf. kravet i forskriftene.
4. Firårig aktivitetsbudsjett, eller tilsvarande (prioriteringsliste) med prosentvis fordeling på tema basert på nasjonale, regionale og lokale utfordringar.
5. Om miljø-, kulturlandskaps- og skogtiltak er sett i samanheng med andre utviklingstiltak
6. Strategien bør også innehalde nokre ord om korleis kommunen aktivt skal nå dei målsetjingar og prioriteringar strategien legg opp til.

Kvaliteten på strategiane er sterkt varierande. Enkelte kommunar manglar strategi for skogdelen, og har berre utarbeidd ein rein SMIL strategi. Dette er i strid med oppdraget til kommunane – der alle skal utarbeide ein felles 4-årig tiltaksstrategi for både SMIL og NMSK. Fylkesmannen er i dialog med dei kommunane det gjeld for å få dette på plass.

Vi ser at tiltaksapparatet i mange kommunar har få ressursar utover å handtere lovpålagte oppgåver/innkomne saker. Salderingspost blir då ofte arbeid knytt til desse to ordningane, SMIL og NMSK. Vi ser at kommunar som prioriterer og bruker ressursar til proaktivt arbeid innafor desse ordningane, oppnår målretta og gode resultat. I andre enden finn vi kommunar som berre avventar og ser om det kjem inn søknader. Dette gir lite styring og aktiv måloppnåing i forhold til tiltaksstrategi.

### ***Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) – m/oppdaterte tal***

Gjennom SMIL-ordninga er det i løpet av 2008 løyvd 210 saker på til saman 11.148.799 kroner. Av desse er om lag 8,41 mill. kroner løyvd på kulturlandskapstiltak (tidlegare STILK) og 1,8 mill. kroner til miljøtiltak (tidlegare IMT, spesielt fangdammar og miljøplantingar). Til planleggingstiltak (tilsvarande den gamle områdetiltaksordninga) er det løyvd kr 765.284,- og til investeringstiltak til organisert beitebruk er det bruk kr 193.455,-.

Fordeling mellom dei ulike tema frå 2007 til 2008 ser ut til å vere rimeleg stabil. Ein trend ser likevel ut til å vere at tema fellestiltak/områdetiltak aukar noko frå år til år. Type tiltak som fell inn under dette tiltaket er utarbeiding av skjøtselsområde for større område, kurs om skjøtsel av utmark, utarbeiding av ein felles plan for turstiar i eit større område m.m. Fylkesmannen har lenge prøvd å stimulere til samarbeidsprosjekt som strekkjer seg over eit større område og fleire grunneigarar. Vi ser det derfor som positivt at omfanget av fellesprosjekt ser ut til å auka, og at SMIL-midla gjerne vert nytta saman med andre prosjektmidlar som BU- og RUP-midlar. Eksempel på større prosjektsatsingar i Rogaland:

Fylkesmannen arbeider med å få etablert ei Arvesølvteam i Rogaland, etter mal frå Arvesølv-prosjektet på Agder. Eit slikt prosjekt vil føre til auka fokus på å ta vare på dei mest verdifulle areala for biologisk mangfald/gamal kulturmark og truleg utløyse fleire SMIL-tiltak innanfor desse tema:

- Utvalde kulturlandskap i jordbruket. I finansieringsplanen med å ta vare på dei viktigaste verdiane i dei utvalde områda på Rennesøy er det kalkulert med ein betydeleg sum frå SMIL-ordninga, rundt 2 mill over fire år.
- Tilrettelegging av kulturlandskapsopplevingar langs Nasjonal Turistveg Ryfylke. I Ryfylke har FM, Fylkeskommunen og kommunane gått saman om å etablere eit prosjekt mellom anna for å leggje til rette for kulturlandskapsopplevingar langs Nasjonal Turistveg. Dette inneber skoging langs vegen, merking og tilrettelegging av turstigar og vedlikehald/skilting av kulturminne.
- I samarbeid med Fylkeskommunen og Sandnes komme er det sett i gong eit prosjekt for å få etablert ein turstig gjennom jordbruksområdet i delar av det som er definert som grøntstruktur i Fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren. Eit slikt tiltak vil både sikre folk i byen gode høve for turar i nærområdet og vere eit tiltak for å hindre at desse områda vert bygd ut på sikt. SMIL-midlar vil verte brukt til opparbeiding i kombinasjon med andre midlar.
- Pågåande kulturlandskapsprosjekt i Lysefjorden der målet er å restaurere det gamle kulturlandskapet langs fjorden (bygningar, steingardar, gamal kulturmark m.m.). Lysefjorden er eit fyrtårn i turistsatsinga nasjonalt.
- Fylkesmannen har starta eit prosjekt kalla "Hest i næring". Eit av måla i dette prosjektet er å få etablert fleire

ridestigar slik at turridding vert mindre konfliktfylt. SMIL-midlar vert brukt til opparbeiding av ridestig i kombinasjon med andre mildar.

- Skogrydding langs utvalde turiststrekningar i Dalane.
- I samband med satsinga knytt til Aksjon Jærvassdrag og Vassdirektivet, vert det stadig arbeidd med forureningstiltak på Jæren. Her er etablering av reinseparkar eit aktuelt tema.

Samtidig som vi ser at ein større del av tilskotsmidla vert nytta meir målretta mot større prosjektsatsingar, ser vi også ein tendens til ein stadig meir ”kreativ” bruk av SMIL-midla. Dette medfører stadige diskusjonar om kva type tiltak som er innanfor eller utanfor føremålet med tilskotsordninga. Fylkesmannen vil i løpet av våren 2009 invitere kommunane til eit seminar for å drøfte bruk av SMIL-midla. Vi vil også vurdere å etablere eit forum på regionalt nivå for å drøfte strategiar og prioriteringar knytt til bruken av SMIL-midla.

Når det gjeld fordeling av midla knytt til dei ulike tema innanfor kulturlandskapstema, biologisk mangfald, ferdsl, kulturminne og gamle bygningar, varierer dette noko frå år til år. Trenden er likevel over tid ein viss auke i tema tilskot til biologisk mangfald, og tilskot til gamal kulturmark er aukande. Dette har gått på kostnad av tilskot til kulturminne- og kulturmiljø og freda/verneverdige bygningar. Dette er ei ønska utvikling. Fylkesmannen har i mange år arbeidd for å få opp interessa for å ta vare på biologisk mangfald og gamal kulturmark. Vi trur målretta satsing gjennom Regionalt miljøprogram har medverka til dette. Ofte kan det vere slik at ein områdeplan i eit område som kan få tilskot gjennom Regionalt miljøprogram utløyser fleire konkrete SMIL-tiltak. Dette gjeld både område som er verdifulle for biologisk mangfald og arbeid med å få til samanhengande turstiar.

### **Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)**

Rogaland fekk for 2008 5 mill. kroner til nærings- og miljøtiltak i skog, fordelt på 1,3 mill kroner til fordeling på kommunane og 3,7 mill kroner til forvaltning på fylkesnivå (inkl. midlar til kystskogbruket). Løyvingane i kroner på dei ulike ordningane ser slik ut for 2008:

• <b>Ramme kommunane</b> →	<b>1 300 000 kr</b>
• Skogkultur →	1 204 000 kr
• Førstegongstynning →	45 000 kr
• Andre tiltak i skogbruket →	99 000 kr
• Miljøtiltak i skog →	12 000 kr
• <b>Sum</b> →	<b>1 360 000 kr</b>

• <b>Ramme stat</b> →	<b>3 720 000 kr</b>
• Taubane og hest →	146 000 kr
• Skogsvegbygging →	2 454 000 kr
• Skogbruksplanlegging →	500 000 kr
• Skogdagsmidler →	70 000 kr
• Kystskogbruket →	550 000 kr
• <b>Sum</b> →	<b>3 720 000 kr</b>

Gjennom å tildele midlane for SMIL og NMSK i ein felles pott til kommunane, vil det vere naturlege svingingar alt etter prioriteringar i kommunane det enkelte år. Målet er balanse i fordelinga mellom tildelte midlar til SMIL og NMSK i løpet av fireårsperioden (2008 - 2011).

### Rammer i utakt med behovet

Fylkesmannen vil peika på at ramma for bruk av midlar til skogkultur m.m. som skal fordelast til kommunane, ikkje gir rom for å stimulere til auka aktivitet. Dette blir ute i næringa lett oppfatta som dobbeltkommunikasjon fordi vi elles registrerer eit sterkt politisk ønske om større investeringar i ny kvalitetsskog. Dei positive endringane i skogfondsordninga har i praksis liten effekt i skogreisingsfylka, og ein er difor heilt avhengig av gode og stabile tilskotsrammer for å få aktivitet.

Frå politisk hald er det også lova ei omfordeling av tilskot frå skogstroka til kystskogbruket. Med store etterslep i skogkulturarbeidet og mest ei dobling av hogsten i løpet av eit år, er det store utfordringar med å få løyvingane til å strekkja til. Landbruksavdelinga har saman med kommunane no starta ein ”Aksjon skogkultur”. Det er difor spesielt uheldig at tilskotssituasjonen er så utfordrande.

## Resultatområde 26 Jord- og landskapsressurser

### 26.1 Jordvern og kulturlandskap

*Aktivitet og utfordringar i dialog med kommunane for å nå nasjonale mål for å ivareta jord- og kulturlandskapsressursane i eit langsiktig perspektiv.*

#### Overordna planer

Erfaringane til no har vist at gjennomføring av fylkesdelplanar som gir klare forpliktingar for arealbruk, er avhengig av ein styringsambisjon frå regional stat. Fylkeskommunen fremmar berre heilt unntaksvis motsegn, sjølv om kommune- eller reguleringsplan er i strid med fylkeskommunen sin eigen fylkesdelplan.

Fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren (FDP-J) har i 2008 vore under revisjon. Planen skal på høyring i 2009. Landbruksavdelinga har m.a. leia arbeidsgruppa som har utarbeida forslag til nye konkrete retningslinjer for *Vern av ikke-fornybare arealressurser – kjerneområde landbruk, regional grøntstruktur og LNF-områder*.

Regionalt planarbeid er innafor stramme ressursar høgt prioritert hos Fylkesmannen.

Arbeidsmarknaden for plankompetanse i Rogaland er framleis stram. Dette og budsjettsituasjonen ved Landbruksavdelinga framover kan difor gi avgrensa kapasitet innan planarbeid. Aktiv deltaking tidleg og undervegs i regionalt planarbeid er difor ei ressursmessig utfordring, noko som kan gå utover gjennomføring og gjennomslag for dei nasjonale måla for jordvernet. Landbruksavdelinga i Rogaland fekk som kjent m.a. ikkje tildelt midlar frå tilleggsføringa på 25 mill. til Fylkesmennene for 2009.

#### Oversikt pågåande regionalt planarbeid Landbruksavdelinga deltok i - 2008:

- Fylkesdelplan for landbruk
- Revisjon av fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren (FDP-J)
- Fylkesdelplan for energi og klima i Rogaland
- Handlingsplan for skogbruket i Rogaland
- Interkommunal kommunedelplan ”Bybåndet sør” – Sandnes –Time –Klepp kommune
- Tverrforbindelse Ny RV 505 Jæren – E 39. Sandnes –Time – Klepp – Gjesdal kommune
- Transportkorridor Vest – Randaberg – Stavanger – Sola kommune
- Referansegruppe interkommunal kommunedelplan kollektivtrase (Bybanen Gausel- Forus - Sola)
- Masterplan Sandnes Øst

Fylkesmannen, Landbruksavdelinga, deltar på alle tidspunkt og på alle nivå, i pågåande planprosessar etter plan- og bygningslova. Dialog og oppfølging av kommunane sitt arbeid med kommuneplanar er særleg høgt prioritert. Aktiv deltaking og tidleg tydeleg formidling av nasjonale og regionale målsettingar for jordvern, kulturlandskap og den samla areal- og ressursforvaltninga, har auka fokus i vårt arbeid.

#### Dispensasjonar og spreidde tiltak i LNF-område og kjerneområde landbruk

2008 syner ei viss reduksjon i talet på dispensasjonar etter § 7 i plan- og bygningslova innanfor LNF-områda, samanlikna med 2007 (NB! Dispensasjonar i strandsona og verneområde kjem i tillegg til desse tala. Dette blir rapportert frå Miljøvernavdelinga). Ei positiv tolking av tala kan vere at ein lang periode med klår klagepraksis frå Fylkesmannen, nasjonale avgjersler frå MD og SLF og ein tett dialog med kommunane elles frå regionalt nivå i overordna planarbeidet, nå gir som resultat færre dispensasjonar. Men ein slik konklusjon må ha ein lengre periode som grunnlag før ein kan leggje til grunn at det blir ei varig utvikling.

Sjølv om 2008 synte ein viss reduksjon i talet på dispensasjonar, er tal påklaga saker etter § 15 i plan- og bygningslova auka både i absolutte tal, og relativt. 24 % av kommunane sine vedtak vart påklaga i 2008, mot 16

% i 2007. Tal vedtak klårt i strid med måla i den nasjonal arealpolitikken er altså vesentleg aukande. Dette fortel at oppfølging av nasjonale- og regionale mål for areal- og ressursforvaltninga, er vedvarande krevjande.

Dispensasjonar i LNF-område etter § i plan- og bygningslova (utanom strandsona og verneområde):

- 2008: 178 saker – 42 av kommunane sine vedtak om dispensasjon er påklaga etter § 15 i plan- og bygningslova
- 2007: 237 saker – 39 av kommunane sine vedtak om dispensasjon er påklaga etter § 15 i plan- og bygningslova

Om lag 10 % av sakene i denne statistikken blir ikkje gjennomført, enten pga. av eit nei i den endelege kommunale behandlinga, eller av di saka blir påklaga av Fylkesmannen og kor kommunen tek klaga til følgje (7 av 42 klager i 2008) eller at setjefylkesmann (Vest-Agder) tek klaga til følgje.

Setjefylkesmannen (Vest-Agder) gir Rogaland medhald i nær 100% av sakene. Éi klage frå Rogaland fekk ikkje medhald hos setjefylkesmannen i Vest-Agder i 2008. Slik sett ser det ikkje ut til at Rogaland sin terskel for å påklage saker i landbruksområde er for låg. Heller tvert imot burde kanskje fleire saker vore påklaga. Knappe ressursar innan fagområdet på embetet påverkar og omfanget, - og sjølv sagt også omsynet til det lokale sjølvstyret.

Handtering av dispensasjonssaker i LNF-område er arbeidskrevjande for Fylkesmannen og gir eit ”høgt støynivå” i media og lokalpresse.

Over tid og i sum representerer desse enkeltsøknadene om tiltak utanom stadbunden næring eit inngrep i jordbrukslandskapet der konfliktane med landbruksnæringa gradvis kjem til syne, og på ein måte der landbruksinteressene ofte vil måtte vike. Det utgjer og framleis ein trussel og utfordring knytt til måla om sikring av kjerneområde landbruk, og høve til å drive ein kostnadseffektiv produksjon i desse områda. I tillegg gir det negative konsekvensar med fragmentering av kulturlandskapet.

### Fylkeslandbruksstyret

Det føreligg ikkje tilgjengeleg statistikk over Fylkeslandbruksstyret si behandling av plansaker i 2008. Hovudinntrykket er at det noverande styret i stor grad følgjer opp nasjonal politikk og legg avgjerande vekt på vedtekne regionale og kommunale planer.

Når det gjeld tal saker der Rogaland fylkeslandbrukstyre ikkje følgde opp innstilling om motsegn frå Landbruksavdeling, og difor vart sendt SLF, syner vi til slik rapportering frå Statens Landbruksforvaltning.

### Avgang dyrka og dyrkbar jord i Rogaland

1345 daa dyrka jord og 563 daa dyrkbar jord vart omdisponert i Rogaland i 2007 – totalt 1908 daa, jf. KOSTRA-tal frå SSB. Kvaliteten på innrapporteringa er som kjent varierende og til dels mangelfull.

Utanom nemnde tal kjem i tillegg den bruk av dyrka og dyrkbar jord landbruket si eiga byggjeverksemd utgjer. I eit aktiv landbruksfylke som Rogaland utgjer dette betydelege areal, som det i dag ikkje eksisterer noko oversikt eller rapportering på.

Dei mangelfulle tala gjer ei resultatmåling av arbeidet knytt til målet om å redusera den årlege nedbygginga av dyrka og dyrkbar jord innan 2010 svært utfordrande.

Rogaland har gode planverktøy, god dialog mellom regional stat og primærkommune og erfaring med å løyse saker lokalt, sjølv om konfliktnivået knytt til jordvern er vedvarande høgt. Det er lite som talar for at konfliktnivået vil bli lågare framover. Særleg samferdselsutbygging for veg gir som konsekvens nedbygging av store jordbruksareal i beste klimasone, særleg på Jæren, men og andre delar av Rogaland.

### ***Tiltak og utfordringar***

#### Nasjonale avgjersler i plansaker

”Jordverngruppa” leia av landbruksdirektør Jon Ola Syrstad, la fram rapporten ”Klimaskifte for jordvernet” 08.01.08. Rapporten foreslår ei rekkje nye verkemiddel for å styre jordvernet og det samla areal- og ressursvernet. Fylkesmannen i Rogaland og Rogaland fylkeslandbruksstyre har i hovudsak støtta desse forslaga.

Noverande regjering har høge og tydelege ambisjonar for den nasjonale arealpolitikken. Dette er stadfesta av MD, LMD og Statens Landbruksforvaltning gjennom avgjersler i motsegnaker frå Rogaland i 2008.

Fylkesmannen vil peike på at vår vurdering er at nasjonale avgjersler som nemnd ovanfor er viktige og avgjerande for ei føreseieleg oppfølging av nasjonal politikk, og for bruk av og respekt for vedtekne kommuneplanar og fylkesplanar.

### Jordsmonnkartlegging på Jæren

Fylkesmannen har i november 2008 søkt Norsk institutt for skog og landskap om prioritering for jordsmonnkartlegging i 2009.

Regional og kommunal forvaltning i Rogaland, i samarbeid med private aktørar, har kome langt i bruk av GIS og stadfesta informasjon. Samlikna med andre deler av landet og andre viktige landbruksfylke, er likevel ein svært avgrensa del av jordbruksarealet jordsmonnkartlagt i Rogaland

Vi har fått førebels melding frå Norsk institutt for skog og landskap om at 18 km<sup>2</sup> vil bli jordsmonnkartlagt i 2009, der Sola og Klepp kommune er prioritert i denne omgang.

## **26.2 Samfunnsplanlegging**

Innførte krav om planprogram og konsekvensutredning vil, dersom det blir gjennomført i praksis, kunne sikre ei betre vurdering og dokumentasjon av landbruksinteresser i samfunnsplanlegginga. Erfaringane til no viser at dette i varierende grad blir følgt opp av kommunane. Dei store bykommunane og kommunane i sentrale strøk, har kompetanse, kapasitet og vilje til å følgje opp dette. For dei mindre kommunane er dette langt meir utfordrande.

Dersom ein ønskjer seg ein nasjonal politikk for å sikre jordvern og kulturlandskapsomsyn, er dette avhengig av ein politisk vilje til nasjonal styring. Erfaringar knytt til enkeltsaker etter jordlova og plan- og bygningslova, og plansaker elles, har vist at jordvern ofte ikkje betyr nok for lokalsamfunnet, til at jordverninteressene blir sikra tilstrekkeleg. Interessene i å vekse like mykje som nabokommunen og omdisponera areal til bustad, næring og vegprosjekt får gjennomslag i staden.

### Jordvern og samferdsel

Vedtekne planar tilbake i tid og nye planer om samferdselstiltak er på Jæren og i Rogaland elles, ofte i klår strid med det nasjonale målet om å redusera den årlege omdisponeringa av dyrka jord. Slik samferdselstiltak skjer i vår region ofte i dei beste jordbruksområda i beste klimasone. Prosjekta og avgjerslene har ofte sin ein eigen ”tyngdekraft” i pågåande planprosessar som er vanskeleg å endre, sjølv med tydeleg involvering frå Fylkesmannen. I tillegg blir Vegnormalane frå Statens Vegvesen nytta på ein rigid og lite fleksibel måte som gjer ein dialog om løysingar mellom statlege sektorstyresmakter utfordrande.

Fylkesmannen vil syne til at regjeringa ved Samferdselsdepartementet sjølv har understreka at jordvern skal vere eit hovudpremiss ved alle samferdselsprosjekt. Dette er avgjerande for at ein skal nå det nasjonale målet om halvering av den årlege omdisponeringa av dyrka jord innan 2010. Målet om å arbeide for å redusere avgangen av dyrka jord til samferdselstiltak er stadfesta i pkt 5.3.2. i St.meld. nr 26 (2006-2007) ”Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand”.

Vi vil vidare peike på at Riksrevisjonen i sin rapport om berekraftig arealplanlegging og arealomdisponering i Noreg (Dokument nr. 3:11 (2006-2007)), side 47, syner til at 84 % av Noregs fysisk nedbygde areal\* er vegar og anna samferdsel. Bygningar utgjør 16 %.

\*”Areal som er forseglet eller dekket av harde flater”

## *Tiltak og utfordringar*

Rette samferdselsprosjekt som kan gi ei ny utviklingsretning for by- og tettstadsutbygginga (til dømes Gandsfjord bru i Sandnes kommune mot Sandnes aust) kan også vere gode jordvernprosjekt for å dreie utbygginga over på mindre produktive areal. Erfaringane til nå på Jæren er likevel at omdisponeringar i kommuneplanar og mangel på statleg finansiering av vedtekne samferdselstiltak, framleis gir som konsekvens at hovuddelen av veksten skjer vest på Jæren. Noko som framover vil kunne gi press på ”Langsiktig grense landbruk” og meir utbygging i kjerneområde landbruk.

Ved planlegging og konsekvensvurdering av samferdselstiltak har i dag verna naturområde, våtmarksområde, kulturminne (og i visse saker også ”rosebed” og ”blikkgarasjar”) ofte eit større vern enn dyrka jord av nasjonal verdi.

Eit forslag frå Fylkesmannen i Rogaland er at LMD, MD, og Samferdselsdepartementet tek ein gjennomgang av praksis for bruk av Statens Vegvesen sine Vegnormalar med tanke på at desse kan og bør praktiserast på ein særskilt og anna måte i ”nasjonalparker for matproduksjon” (kjerneområde landbruk), som for eksempel på Jæren.

### Jordvern, kulturlandskap og Universell utforming (UU)

Universell utforming er eit viktig nasjonalt mål i planlegginga. Fylkesmannen i Rogaland arbeider aktivt får å nå dei nasjonale og regionale målsettingane for dette.

Landbruksavdelinga vil peike på at krav til UU, ved tilrettelegging og utbygging av nye ferdselstiltak i landbruks- og naturområde, kan gi eit press om auka arealforbruk, og val av løysingar som gir fragmentering og dårleg arrondering av landbruksområde. Val av løysingar og grad av tilrettelegging kan også gi betydelege inngrep i kulturlandskapet.

Vi vil peike på at det framleis må vere legitimt å velje løysingar og grad av tilrettelegging, der omsynet til arealforbruk og jordvern blir balansert mot omsynet til Universell utforming.

### Vernesaker med landbruksinteresser

Det har i 2008 ikkje vore planarbeid knytt til større vernesaker med landbruksinteresser i Rogaland.

### Prosjekt: Byvekst og spreidde tiltak i landbruksområda på Jæren

Ovannemnde prosjektet blei avslutta hausten 2008. Prosjektrapporten er oversendt LMD og MD i eige brev. Rapporten er sendt kommunane i fylket, Rogaland fylkeskommune, Fylkeslandbruksstyret, næringsorganisasjonar, politikarar, og andre aktørar i regionen. Rapporten er formidla ved ei rekke arrangement og samlingar både regionalt og nasjonalt.

### Geovekst og Noreg digitalt

Gis-kompetansen ved embetet er i stadig endring. Vi mista på ny GIS-koordinatoren etter sommaren, samtidig som fleire medarbeidarar tok høgskulenivå GIS-utdanning. GIS-rådgivar er tilsett 60% på forvaltning (temakart innan beredskap og kommuneplan) og 40% på landbruksavdelinga (temakart, Geovekst). Drifta av Temakart Rogaland er førebels sett ut til ekstern konsulent ([www.temakart-rogaland.no](http://www.temakart-rogaland.no)). Det er uklart korleis innsynsløysinga for kartdata blir organisert framover; temakart-portalen er tungdriven og blir moglegvis utfasa over tid.

Sakshandsamarar sin GIS-kompetanse er stadig i fokus, og ein del har fått heva kompetansen gjennom kortare og lengre kurs. Geodatautvalet har fungert som møteplass i embetet, men utan å integrere Utdanningsavdelinga og Sosial- og helseavdelinga tilfredsstillande i arbeidet med kartfesta informasjon. Elles verkar utvalet som ein nyttig arena for kartfokusert samhandling mellom avdelingane.

Fylkesmannen påverkar prioriteringane i fylket gjennom innspel til geodataplanen for Noreg digitalt Rogaland. Vi samarbeider godt med t.d. Statens kartverk Rogaland og Rogaland fylkeskommune.

Grunnlagsdata, temadata/plandata og biletdata er tilgjenglege for saksbehandlarane og allmenta gjennom internettportalen Temakart Rogaland. Ein eigen SAK-GIS versjon sørgjer for kopling mellom sakene i ePhorte og oppslag i GIS-programmet. LGIS blir ikkje vedlikehalde lenger, og blir berre delvis erstatta av nye løysingar på nettet. Her er det stort behov for å leggje til rette fleire funksjonar. Fleire tilbod av geodata gjennom WMS er og

noko vi må vurdere å nytte betre framover.

Programvara i felles lisenspool er tatt i bruk, men fleire av bruksområda er ikkje fullt ut utnytta enno. For samfunns- og arealplanlegginga blir det stadig viktigare å nytte kartet som informasjonskjelde. Tilgang til kommuneplanen gjennom GIS-systemet gir høve for fleire og betre analysar. Det er aukande krav om KU og ROS-analysar, og dette krev at data samlast, systematiserast og blir gjort tilgjengelege i kartet. Ein er i ferd med å samle inn og leggje til rette for meir kartdata på samfunnstryggleik. Ønska satsing på etablering av nye temadata blir stadig utsett, både på grunn av ressursmangel og fordi formidling av kunnskap må prioriterast.

## Ressursrapportering

### Kommentar

**Av våre 1211 ukeverk er 182 ukeverk finansiert utenom 1510.**

Dette gjelder ulike samarbeidsprosjekt der eksterne samarbeidspartnere som f.eks Rogaland fylkeskommune, Innovasjon Norge Rogaland og andre går inn med pengar for å finansiere stillinger der Fylkesmannen i Rogaland har arbeidsgiveransvar.

I tillegg til 1211 ukeverk kommer 106 ukeverk. Dette gjelder ulike permisjoner og lengre sykemeldinger.

Resultatområde	FMRO	Sum	
	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.	
Resultatområde 21	476	476	0
Resultatområde 22	119	119	0
Resultatområde 23	30	30	0
Resultatområde 24	146	146	0
Resultatområde 25	178	178	0
Resultatområde 26	262	262	0
Sum:	1211	0	1211 0

## Kunnskapsdepartementet

### Resultatområde 31 Tilsyn og forvaltningsoppgaver på utdanningsområdet

#### 31.1 Tilsyn

Det nasjonale tilsynet vart gjennomført som føresett våren 2008 i fire kommunar og ved ein privatskole på området tilpassa opplæring og spesialundervisning. Dei to nasjonale tilsyna i fylkeskommunen var tilsyn på området tilpassa opplæring og spesialundervisning for barn og unge i institusjonar etter barnevernslova samt årstimental i vidaregåande opplæring.

Hausten 2008 vart det ført tilsyn med ytterlegare to kommunar på området tilpassa opplæring og spesialundervisning. I desse to kommunane gjennomførte vi felles tilsyn saman med helse- og sosialavdelinga/helsetilsynet og forvaltningsavdelinga i den eine kommunen og helse- og sosialavdelinga/helsetilsynet i den andre kommunen. Erfaringane frå slik samordning var at dette er meir tidkrevjande for Fylkesmannen, men fagleg og systemisk lærerikt både for oss og kommunane. Ei slik samordning vil vere mest aktuell i små kommunar, og etter ønskje frå kommunen sjølv.

Det går fram av den særskilde rapporten etter det nasjonale tilsynet at det vart gitt avvik i tre av kommunane og i fylkeskommunen. I ein kommune og ved privatskolen vart det ikkje funne avvik. Ved dei to felles tilsyna vart det gitt avvik i ein av kommunane.

Det er vidare gjennomført tilsyn med to kommunar og ein privatskole retta mot elevane sitt psykososiale miljø, jf. § 9a-3, hausten 2008. Desse tilsyna vart utførte som systemrevisjon, og dermed også med tilvisning til § 13-

10, 2. ledd. Tilsynet retta mot elevane sitt psykososiale miljø vart initiert av Fylkesmannen på bakgrunn av ei generell uro over korleis situasjonen eigentleg er ute i kommunane på dette feltet. Fylkesmannen får få formelle klagar på elevane sitt psykososiale miljø, men har hatt fleire bekymringstelefonar frå foreldre. Vi lagde sjølv prosedyre med minimumskrav. Tilsynet ga avvik både i kommunane og i privatskolen.

Ved alle tilsyn der det er gitt avvik, har skoleeigar fått ein rimeleg frist til å melde frå om korleis avviket er følgt opp. Alle har svart innan fristen. I ein av kommunane og i fylkeskommunen har fylkesmannen vurdert tilbakemeldinga slik at tilsynet ikkje har blitt avslutta. Vi har sendt melding om at vi vil følgje opp tilsynet ved stikkprøvekontroll og nokre intervju for å sjekke ut om avvika er lukka. Vi vil nemne at dei nasjonale tilsyna med fylkeskommunen også dette året var krevjande både undervegs og i etterkant.

Fylkesmannen har også gjennomført tilsyn med ein kommune knytt til kravet om at kvar skole skal ha ei forsvarleg fagleg, pedagogisk og administrativ leiing. Kommunen hadde etablert fire såkalla ressurseiningar med to skolar i kvar eining. Tilsynet er gjennomført som eit skriftleg tilsyn, og i slutten av 2008 ga Fylkesmannen varsel om pålegg på bakgrunn av at kommunen ikkje hadde sannsynleggjort at to skolar hadde ei forsvarleg leiing etter § 9-1 i opplæringslova. Saka er ikkje endeleg avgjort, og sakshandsaminga vil fortsette i 2009.

Fylkesmannen har gjennomført ein omfattande kontroll av årsrekneskapen for 2007 for alle dei private skolane etablerte etter privatskolelova. Kontrollen var utvida spesielt fordi Fylkesmannen ville sjå til at skolane følgde økonomiforskriftene som tok til å gjelde frå 1.1.2007. Grunnlaget for kontrollen var ein gjennomgang av alle formelle krav (i alt 46 kontrollpunkt) som er stilte til årsrekneskapen i privatskolelova med forskrifter, rekneskapslova og revisorlova. Ingen av privatskolane hadde rekneskap med alle formelle krav i orden. Talet på brot på reglane varierte frå 2 til 19. I gjennomsnitt var det 6 brot på reglane i privatskolane; eit brot på om lag kvar femte kontrollpunkt. Kvar enkelt skole vil få tilbakemelding om funna, og det er planlagt ei samling for privatskolane våren 2009 for å gjennomgå reglane og Fylkesmannen sin kontroll.

Vi nemner elles at ein av medarbeidarane har vore med i ei arbeidsgruppe i Utdanningsdirektoratet for å førebu det nasjonale tilsynet i 2009.

Val av tilsynsobjekt er gjort i tråd med føringar frå Utdanningsdirektoratet og på bakgrunn av risikovurdering. Risikovurderingane er gjorde med utgangspunkt i m.a. KOSTRA og GSI, erfaringar frå klagebehandlinga, resultat på nasjonale prøvar (jf. 31.5), eksamens- og standpunktkarakterar, elevundersøkinga, inntrykk gjennom førespurnader og kontakt pr. telefon og e-post, oppslag i aviser og andre media.

Vi nemner her at det vart gjennomført ei kartlegging i alle kommunane når det gjeld oppfølging av ordninga med frukt og grønt (§ 13-5) på bakgrunn av nokre oppslag i media i samband med budsjettprosessen på hausten. Nokre få kommunar hadde planar om å kutte ut ordninga, men dette vart løyst gjennom rettleiing.

Resultat frå tidlegare tilsyn har også vore med i vurderingane saman med eit visst omsyn til når det var gjennomført tilsyn sist. For tilsyn med kommunane er det dessutan tatt omsyn til samordning med anna tilsyn frå Fylkesmannen. Kvart år blir tal frå KOSTRA og GSI gjennomgått og sentrale utviklingstrekk for Rogaland presenterte internt og på Fylkesmannen si nettside. I 2008 vart dei ulike emna i Utdanningsspeilet 2007 gjennomgått og drøfta internt med tanke på best moglege grunnlag for tilsynsarbeidet.

Tilsyna i 2008 er planlagde og gjennomførte med utgangspunkt i tilgjengelege ressursar i avdelinga. Tre planlagde tilsyn kunne ikkje gjennomførast på grunn av sjukdom og vakanse. Det er vanskeleg å vurdere om tilsynsarbeidet samla sett er tilstrekkeleg, men graden av avvik ved gjennomførte tilsyn kan indikere at skoleeigarane framleis har for låg kunnskap om lovverket og for dårleg forvaltningspraksis. Dette treng ikkje innebere at elevar ikkje får oppfylt rettane sine, men vi er framleis urolege for mellom anna rettar knytte til reglane i kap 5 og kap 9a -3.

Det nasjonale tilsynet vart også i 2008 følgt opp med ein todagars konferanse i november som mellom anna handla om status og utfordringar i Rogaland etter tilsynet, og ca 150 personar deltok her.

Ressursrapporteringa syner at 31% av tilgjengelege vekeverk er brukt til tilsyn i 2008. I rapporteringa til Riksrevisjonen for 2007 var talet 19%.

#### Tilsynsoversikt utdanningsområdet

	Tilsynsobjekt	Tema/Myndighetskrav	Avvik	Merknad	Pålegg	Metode	Kommentar
			Avvik 1: Eigersund kommune sikrer ikke at alle vedtakene om				

Årsrapport 2008 Fylkesmannen i Rogaland - Innhold:

FMRO	Eigersund kommune	Tilpassa opplæring og spesialundervisning	spesialundervisning er i samsvar med kravene i opplæringsloven og forvaltningsloven. Avvik 2: Eigersund kommune sikrer ikke at sakkyndighetsarbeidet er i samsvar med krav i opplæringsloven og saksbehandlingsregler i forvaltningsloven. Avvik 3: Eigersund kommune har ikke et forsvarlig system for å vurdere, avdekke og følge opp om kravene i opplæringslova knyttet til tilpasset opplæring og spesialundervisning blir oppfylte.		■	Systemrevisjon	Tilsynet er ikkje avslutta. Det er sendt melding om oppfølging av tilsynet våren 2009.
FMRO	Bokn kommune	Tilpassa opplæring og spesialundervisning	Ingen avvik		■	Systemrevisjon	
FMRO	Klepp kommune	Spesialpedagogisk hjelp	Avvik 1 Klepp kommune sikrar ikkje at vedtaka om spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder er i samsvar med krava i opplæringslova, saksbehandlingsreglane i forvaltningslova og offentleglova. Avvik 2 Klepp kommune har ikkje eit forsvarleg system for å vurdere, avdekkje og følgje opp om krava i opplæringslova knytte til spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder blir oppfylte.		■	Systemrevisjon	
FMRO	Haugesund kommune	Tilpassa opplæring og spesialundervisning	Avvik 1: Haugesund kommune sikrer ikke at alle vedtakene om spesialundervisning er i samsvar med kravene i opplæringsloven og forvaltningsloven. Avvik 2: Haugesund kommune har ikke et forsvarlig system for å vurdere, avdekke og følge opp om kravene i opplæringsloven knyttet til tilpasset opplæring og spesialundervisning blir oppfylte.		■	Systemrevisjon	
FMRO	Rogaland fylkeskommune	Opplæring i institusjonar etter barnevernlova	Avvik 1: Rogaland fylkeskommune sikrer ikke at det foreligger sakkyndige vurderinger for alle § 13-2- elever med rett til spesialundervisning og for elever som får et redusert opplæringstilbud. Avvik 2: Rogaland fylkeskommune sikrer ikke at alle vedtakene om spesialundervisning er i samsvar med kravene i opplæringsloven og forvaltningsloven. Avvik 3: Rogaland fylkeskommunene sikrer ikke at alle § 13-2-elever får det undervisningstimetallet de har rett på. Avvik 4: Rogaland fylkeskommune har ikke et forsvarlig system for å vurdere, avdekke og følge opp om opplæringslovens bestemmelser om tilpasset opplæring og spesialundervisning blir oppfylt for barn og unge plassert i barnevernsinstitusjoner.		■	Systemrevisjon	Tilsynet er ikkje avslutta. Det er sendt melding om oppfølging i 2009
FMRO	Utsira kommune	Tilpassa opplæring og spesialundervisning	Avvik 1: Utsira kommune sikrer ikke at vedtakene om spesialundervisning er i samsvar med kravene i opplæringsloven, forvaltningsloven og offentlighetsloven. Avvik 2. Utsira kommune sikrer ikke at alle de individuelle opplæringsplanene og halvårsrapportene er i samsvar med krav i opplæringsloven. Avvik 3: Utsira kommune har ikke etablert et forsvarlig system for vurdering av om kravene i opplæringsloven om tilpasset opplæring og spesialundervisning blir oppfylte.		■	Systemrevisjon	
FMRO	Kvitøy kommune	Tilpassa opplæring og spesialundervisning	Ingen avvik		■	Systemrevisjon	

FMRO	Jærtun Lutherske friskule	Tilpassa opplæring og spesialundervisning	Ingen avvik		■	Systemrevisjon	
FMRO	Rogaland fylkeskommune	Omfang - årstimental		Avvik 1: Rogaland fylkeskommune har ikke et system som sikrer at omfanget av den videregående opplæringen i tid er i samsvar med krav i opplæringsloven.	■	Skriftleg	
FMRO	Sandnes kommune	Forsvarleg leiing			■	Skriftleg	Det er gitt varsel om pålegg om å ha en rektor ved hver skole ved resultatenehete Soma og Stangeland skoler og ved Hana og Vatne skoler
FMRO	Sola kommune	Det psykososiale miljø	Avvik 1: Sola kommune sikrer ikke at henstillinger fra elever eller foreldre om tiltak som gjelder elevenes psykososiale miljø, blir behandlet etter reglene om enkeltvedtak i opplæringsloven og forvaltningsloven.		■	Systemrevisjon	
FMRO	Sandnes kommune	Det psykososiale miljø	Avvik 1: Sandnes kommune sikrer ikke at alle henstillinger fra elever eller foreldre om tiltak som gjelder elevenes psykososiale miljø, blir behandlet etter reglene om enkeltvedtak i opplæringsloven og forvaltningsloven.		■	Systemrevisjon	
FMRO	Sandnes friskole	Det psykososiale miljø	Avvik 1: Sandnes Friskole sikrer ikke at henstillinger fra elever eller foreldre om tiltak som gjelder elevenes psykososiale miljø, blir behandlet etter reglene om enkeltvedtak i privatskoleloven, opplæringsloven og forvaltningsloven. Avvik 2 Sandnes Friskole har ikke et forsvarlig system for å vurdere, avdekke og følge opp om kravene i opplæringsloven knyttet til elevenes psykososiale miljø blir fulgt.		■	Systemrevisjon	

## 31.2 Klagesaksbehandling

Det er ikkje store endringar i klagesaksbehandlinga i avdelinga i 2008. Vi har mottatt fleire klagesaker om skoleskyss frå ein kommune, men dette skuldast at kommunen har gått igjennom korleis reglane på området blir praktisert i kommunen. Vi har også mottatt fleire saker om skoleplassering. Dette skuldast stort press på skolar i område med utbygging i to kommunar. Talet på klagesaker som gjeld spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp har gått ned dei siste åra, men samstundes blir fleire av sakene meir kompliserte. Enkeltsaker kan krevje fleire vekeverk. Fleire klagar enn før blir fremja av advokat. Det er ei prioritert oppgåve å behandle klagesakene på utdanningsfeltet så raskt som råd, sidan desse sakene mest alltid gjeld individuelle rettar for barn, unge og vaksne.

I klagesaker som gjeld spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp, blir ein stor del av klagane oppheva og sendt tilbake til kommunen. Dette skuldast at sakene ikkje er opplyste godt nok til at Fylkesmannen kan fatte endeleg vedtak. Til dømes må det utarbeidast ny sakkunnig vurdering, eller kommunen manglar grunngeving for kvifor dei avvik frå den sakkunnige vurderinga. Kommunen må i desse tilfella fatte nytt vedtak når saka er tilstrekkeleg opplyst.

Saksbehandlingstida i saker etter opplæringslova har stort sett vore innanfor fristen i forvaltningslova. Det blir sendt førebels forvaltningsmelding i saker der vi trur saksbehandlingstida kan bli lenger. I 2008 vart slik melding sendt i 3 klagesaker etter opplæringslova.

## Standpunktkarakterar

Det er ei auke i talet på klagar på standpunktkarakterar i fag på i overkant av 30% frå 2007 til 2008. Dette kan skuldast at det var ei særskild nedgong i fjor, og at vi nå er tilbake på same nivå på klagar som det har vore dei seinare åra. Det er også ein auke i talet på klagar på standpunktkarakter i orden og i åtferd frå 1 til 9. Tala for alle typar klagar på standpunktkarakterar er innafor det som må reknast som normalt for fylket.

Fylkesmannen har utarbeidd rettleiar for behandling av klage på standpunktkarakterar. Dette er gjort i samarbeid med fylkesmennene i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Agderfylka. Rettleiaren blir årleg oppdater ut frå erfaringar frå siste årets klagebehandling, endringar i lovverk og forskrift, samt klargjeringar gjorde av Utdanningsdirektoratet. Rettleiaren blir publisert på nettsidene til Fylkesmannen, og er mykje nytta av skolar med ungdomstrinn.

I tillegg til rettleiaren, arrangerer Fylkesmannen årleg samlingar for skoleleiarar der m.a. aktuelt regelverk om standpunktkarakterar og erfaringar frå siste års klagebehandling er tema. For å gjere samlingane lettare tilgjengelege, blir det arrangert ei samling i nordre og ei i søre delen av fylket. Dei aller fleste skolane med ungdomstrinn sender representantar til desse samlingane.

### Klagesaker som ikkje kan rapporterast i tabellen:

Type	Oppheva	Returnert	Sum
Spesialundervisning	8	4	12
Spesialpedagogisk hjelp	6	1	7
Inntak vgs	9	2	11
Standpunktkarakterar fag		72	72

		Type klage	Medhold/Delvis medhold	Avslag	Sum
FMRO	Klage i grunnskolen	Skoleplassering	6	27	33
FMRO	Klage i grunnskolen	skoleskyss	5	25	30
FMRO	Klage i grunnskolen	Fysisk skolemiljø		1	1
FMRO	Klage i grunnskolen	Spesialundervisning		11	11
FMRO	Klage i grunnskolen	Fremskutt skolestart		1	1
FMRO	Klage i grunnskolen	Bortvisning		1	1
FMRO	Klage i grunnskolen	Permisjon		1	1
FMRO	Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder	Spesialpedagogisk hjelp		2	2
FMRO	Klage i videregående opplæring	Voksenopplæring		1	1
FMRO	Klage i grunnskolen	Orden	4	2	6
FMRO	Klage i grunnskolen	Åtferd		3	
FMRO	Klage i grunnskolen	Standpunktkarakterer fag		59	59

### 31.3 Grunnskolens informasjonssystem, GSI

Vi har følgd opp kommunar og private skolar med rettleiing og tildeling av passord i innsamlingsperioden. I ettertid har vi undersøkt tal som har vore tilsynelatande urimelege og retta opp desse. Vi har også peika på alvoret i å rapportere riktige tal, mellom anna i år med å følgje ekstra opp talet på enkeltvedtak for barn under skolepliktig alder. Det er grunn til å tro at desse tala tidlegare ikkje har vært riktige. Vi har i år også hatt eit ekstra auge med timetalsfordelinga (pga. nye reglar) og avdekkja ein del avvik her som er blitt retta opp. Reviderte tal er lagt inn i GSI.

Vi har gitt bidrag til vidareutvikling av GSI ved å delta på samlingar og samarbeida med arbeidsgruppa for utviklinga av GSI. Vi har sendt inn forslag og vurdert arbeidsgruppa sine forslag til endringar og forbetringar.

I 2008 hadde vi ikkje samling med skoleeigarane av di det var svært få som var nye i dette arbeidet. Rettleiinga har skjedd pr. telefon og e-post.

Utval av tala for Rogaland er presentert på våre nettsider og media har publisert deler av dette materialet. Tal og analysar frå GSI er nytta aktivt som grunnlag for tilsynsarbeidet.

På oppmodig frå Forvaltningsavdelinga kontrollerer vi kommunar som har oppgitt ekstra klassar på grunn av språkdeling, og som Fylkesmannen bereknar skjønnstilskott for.

I 2008 hadde vi 9 skolar på lista frå Utdanningsdirektoratet som ser ut til å bryte Stortinget sine føresetnader om gruppestorleik. Det var stort sett feil i rapporteringa. For ein skole har vi godtatt deira forklaring på at gruppestorleiken likevel er forsvarleg.

Ca 50 dagsverk er brukt til denne oppgåva. Dagsverka blir meir og meir nytta i analyser og tilsynsarbeid utover perioden med innsamling og etterkontroll / kvalitetssikring av data. I år har også dagsverka i større grad blitt nytta til å følgje opp skolane si timetalsfordeling.

## 31.4 Informasjon og veiledning

Informasjons- og rettleiingsoppdraget er krevjande. Oppdraget er todelt, med både planlagde tiltak og arbeid knytt til førespurnader utanfrå. Mengda av førespurnader pr telefon og e-post er i periodar svært stor, både frå dei som arbeider med og i skole og frå føresette. Her er det stort spenn i behovet til dei som vender seg til oss, frå ønskje om enkeltopplysningar om regelverket til behov for rettleiing i kompliserte saker som krev arbeid over tid.

For vidaregåande opplæring sin del har det vore særleg mange spørsmål knytte til studiespesialiserande utdanningsprogram, overgang frå R94 til LK06 (fag- og timefordeling, nye omgrep, eksamen, vurdering) og særinntaket. Elles har vi merkt oss mange førespurnader frå elevar og føresette knytte til klagerett, fritak frå fag, framandspråk og opptak til høgare utdanning. Vi får ein del spørsmål som gjeld rett til vaksenopplæring, både frå norske og frå folk med utanlandsk opphav. Vi har hatt fleire spørsmål frå utlendingar som ønskjer å få vurdert si utdanning frå utlandet / heimlandet.

Utdanningsavdelinga nyttar jamt dei faste møteplassane vi har med skoleeigarane, universitet og høgskolar, brukar- og fagorganisasjonar og andre til å gi informasjon om nasjonale prioriteringar og om regelverket. Vi brukar nettsida vår aktivt, og i 2008 utarbeidde vi eigen strategiplan for nettinformasjon. I tillegg stiller vi med foredrag på bestilling frå kommunane sine nettverk (avgrensa til eitt oppdrag pr nettverk pr år), vi arrangerer rektorsamlingar i nord- og sørfylket, og vi arrangerer ein foreldrekonferanse kvar haust i samarbeid med KS Rogaland og Kommunalt foreldreutval i Stavanger. Vi har også valt å vidareføre den årlege utdanningskonferansen vår, og dei siste tre åra har vi kopla denne konferansen til det nasjonale tilsynet på utdanningsfeltet. Det er vanlegvis 150-250 deltakarar på desse konferansane. I 2008 arrangerte vi dessutan nasjonal konferanse (om lag 500 deltakarar) om samarbeid og samhandling mellom barnehage og skole på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Skole er sett på dagsorden i kommunebesøka som embetsleiinga gjennomfører i heile fylket, anten generelt eller på bakgrunn av særskilde utfordringar. Utdanningsavdelinga førebur kvart besøk og deltar der særskilde utfordringar er tema. Endeleg tar vi med at vi også i 2008 har hatt foredrag med informasjon om regelverk og utfordringar på feltet både i tilknytning til tilsyn, etter førespurnad frå leiarforum for PP-tenesta, og på ulike konferansar arrangerte m.a. av Norges Handikapforbund (HBF), Ups&Downs, Karmøy kommune, m.fl.

Informasjons- og rettleiingsarbeidet er viktig både for å styrkje medvitet om nasjonale prioriteringar i utdanningspolitikken hos skoleeigarane og for å sikre kvaliteten i grunnopplæringa. Det er uråd for oss å måle effekten av verksemda, men vi meiner vi ser resultat på ulike vis, t.d. ved at ein kommune grip fatt i konkrete forvaltningsutfordringar etter eit kurs, eller ved at enkeltsaker kan bli løyste gjennom ein rettleiingsprosess utan å bli ei "sak". Elles får vi tilbakemeldingar om at deltakarane opplever både utdanningskonferansen og andre samlingar som viktige møteplassar for dialog og refleksjon. I tillegg får Fylkesmannen gjennom dette arbeidet sjølv viktig informasjon om tilstanden i sektoren, noko som er ein vesentleg del av grunnlaget for å vurdere behovet for tilsyn.

## 31.5 Eksamen og nasjonale prøver

### *Eksamen*

3 medarbeidarar har deltatt i Utdanningsdirektoratet sine eksamensmøte og i opplæringa i nytt prøveadministrativt system, PAS, og nytt prøvegjennomføringssystem, PGS.

Vi har gjennomført møte om sentralt gitt eksamen og deltatt i møte om lokalt gitt eksamen både i sør - og nord - fylket.

Vi har arrangert sensoropplæring for 45 sensorar i matematikk og har gjennomført fellessensur for grunnskoleeksamen i matematikk for fylka Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland.

Vi har deltatt i eit eksamensmøte arrangert av fylkeskommunen, orientert om sentralt gitt eksamen, og gitt hjelp og rettleiing i samband med lokalt gitt eksamen.

Fylkesmannen har gjennomført opplæring for skoleeigarar i PAS og PGS. Vi har tildelt tilgang og brukarroller til skoleeigarar, prøveansvarleg ved skolane og sensorar.

Vi har gitt hjelp med å registrere fagpersonar, med å melde på kandidatar og med å registrere resultat. Vi har tatt imot spørsmål, meldingar frå skolane om behov når det gjeld utviklinga av PAS og feilmeldingar som vi har vidareformidla til Utdanningsdirektoratet.

9 skolar med ungdomstrinn og 13 vidaregåande skolar i fylket gjennomførte forsøk med IKT-basert eksamen våren 2008.

Ved tilsyn i kommunar og i fylkeskommunen er valet av tilsynsobjekt gjort i tråd med m.a. resultat på nasjonale prøvar og eksamens- og standpunktarakterar.

Informasjons- og vurderingsarbeid knytt til resultat frå nasjonale prøvar og eksamens- og standpunktarakterar blir også etterspurt i intervju.

### *Ressursbruk*

Å innføre nytt prøveadministrativt system både i grunnskolen og i vidaregåande opplæring samtidig med at det blei gjennomført forsøk med IKT-basert eksamen for til saman 22 skolar i fylket, var ei stor utfordring. Systemet var ikkje ferdig utprøvd, og feil og manglar førte til store utfordringar både for dei eksamensansvarlege på skolane og for sensorane. Brukarstøtta frå skoleeigarane fungerte dårleg, og arbeidspresset på dei eksamensansvarlege hos Fylkesmannen blei svært høgt heile våren, mest på grensa til det uforsvarlege. Det blei brukt 383 dagsverk til arbeidet med eksamen og 25 dagsverk til nasjonale prøvar i 2008. Auken i tidsbruk frå 2007 til 2008 skuldast innføringa av nytt prøveadministrativt system.

### *Nasjonale prøvar*

Fylkesmannen har gitt brukarstøtte og følgt opp skolane i bruken av PAS. Vi har mottatt feilmeldingar og formidla desse vidare for å finne løysningar. Informasjonsarbeidet om nasjonale prøvar har i stor grad gått direkte til skolane, og det er blitt mindre arbeid med nasjonale prøvar og gjennomføringa av desse hos Fylkesmannen.

Det er likevel framleis behov for noko rettleiing. Vi har deltatt i samlingar med Utdanningsdirektoratet om nasjonale prøvar. Vi har informert om prøvene, om gjennomføringa og om resultatane, på nettsida vår.

Gjennomføringa av nasjonale prøvar er komen i god rytme og er nå meir eller mindre problemfri. Fylkesmannen følgjer opp arbeidet med nasjonale prøvar gjennom informasjon, opplysning om tidsfristar etc. Tidsbruken i 2008 er 5 dagsverk + 20 dagsverk til brukarstøtte i PAS.

Resultat frå nasjonale prøvar er brukt ved førebuing av tilsyn og ved informasjon og ressursfordeling ved tiltak som t.d. lesekurs. Risikovurdering i samband med resultatane av nasjonale prøvar og eventuelle val av tilsynsobjekt i samband med dette, er ført på resultatområde 31.1 Tilsyn. Dette gjeld og tidsbruken.

## 31.7 Tilskuddsforvaltning

Fylkesmannen forvaltar to tilskotsordningar på grunnskoleområdet; kap 225 post 64 Grunnskoleopplæring for barn og unge i asylmottak og kap 225 post 66 Leirskoleopplæring. I tillegg har Fylkesmannen kontrolloppgåver når det gjeld kap 225 post 60 Tilskot til landsliner og kap 225 post 65 Tilskot til språklege minoritetar i vidaregåande opplæring.

Fylkesmannen har gjort ein kontroll av formalia og rimelegheit av søknadane og vurdert behovet for stikkprøvekontroll. Stikkprøvekontroll er gjennomført når det gjeld tilskot til landsliner. Tala for to vidaregåande skolar vart kontrollert, og Fylkesmannen hadde ingen merknader etter kontrollen.

Fylkesmannen har i 2008 utbetalt tilskot til grunnskoleopplæring for 247 barn og unge i asylmottak hausten 2007 og 242 barn og unge i asylmottak våren 2008. Det er i alt utbetalt 4,6 mill kr. Hausten 2007 hadde elevane vore 332 månader i opplæring. Talet for våren 2008 var noko høgare; 399 månader.

Våren 2008 var det 3246 elevar på leirskole i 167 grupper. Hausten var det 1721 elevar i 85 grupper. Det er utbetalt 3 mill kr til kommunane i tilskot til leirskole. Ved behandlinga av søknadane er faktura frå leirskolen kontrollert for to kommunar. Faktura bekreftar at elevane har vore på leirskole.

## **31.8 Koordinering av sensur for sentralt gitt eksamen i videregående opplæring**

Fylkesmannen har gjennomført fellessensur for vidaregåande opplæring våren 2008 med til saman 240 sensorar i dei faga vi blei tildelt ansvaret for.

I samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland gjennomfører vi klagesensur for vidaregåande opplæring etter ei rulleringsordning.

Vi gjennomførte klagesensuren for fag bestemt av Utdanningsdirektoratet med til saman 42 klagenemndsmedlemmar.

Vi mottok og behandla 1697 klager, 1044 i hurtigklagebehandlninga i juli og 653 klager pr brev.

Fellessensuren for hausteksamen blei gjennomført med til saman 31 sensorar.

Eksamensstatistikken ligg i PAS.

## **31.9 Forvaltning av private skoler i utlandet**

### **31.10 Pedagogisk-psykologisk teneste for elever ved norske private skoler i utlandet**

## **Resultatområde 32 Oppgaver tilknyttet Kunnskapsløftet og annet utviklingsarbeid**

### **32.2 Kompetanseutvikling**

Samla ressursbruk i avdelinga til arbeidet med kompetanseutvikling er om lag 18 vekeverk

Det er eit avvik mellom tildelt og utbetalt beløp på prosjekt 62202, kap 226 post 21. Avviket skuldast at Fylkesmannen har oppgitt feil beløp i tildelingsbrevet til tre søkarar (ein kommune og to privatskolar).

Differansen mellom tildelt beløp og det beløpet som er oppgitt i tildelingsbrevet var høvesvis kr 15.000 (Sokndal kommune), kr 12.800 (Gamleveien skole) og kr 42.500 (Samfundets skole).

Alle offentlege skoleeigarar har sendt inn melding om politisk vedtekne planar og korleis desse planane er forankra lokalt. Dei har alle mottatt generelt tilskott til kompetanseutvikling i tråd med føringane frå Utdanningsdirektoratet.

14 av 15 private skolar har sendt inn melding om styrevedtekne kompetanseutviklingsplanar og korleis desse er forankra lokalt på skolane. Dei har også mottatt generelt tilskott til kompetanseutvikling. Sjølv om Fylkesmannen har etterlyst det, har ein privat skole (Gamleveien skole) valt å ikkje sende inn melding om styrevedtekne planar i 2008. Denne skolen har ikkje mottatt generelt statstilskott til kompetanseutvikling.

Fylkesmannen har bede alle offentlege og private skoleeigarar i fylket om å sende inn årsplanar for kompetanseutvikling saman med melding om at desse er behandla politisk eller i styret. Alle innsendte planar viser at skoleeigar tar ansvaret for kompetanseutvikling etter § 10-8 i opplæringslova. Planane inneheld informasjon om eigenfinansiering, og byggjer på ei kartlegging og vurdering av behovet for kompetanseutvikling lokalt.

Kontakten i samband med planarbeidet til skoleeigarane har vore god. Dette har gitt høve til å hjelpe eit fåtal kommunar og privatskolar som av ulike årsaker ikkje kom i gang med planarbeidet innan fristane fastsette av Utdanningsdirektoratet. Med slik rettleiing frå Fylkesmannen, fekk alle unntatt ein privatskole utvikla årsplanar for kompetanseutvikling i 2008. Gjennom kontakten med skoleeigarane er det blitt eit noko tydelegare fokus på nasjonale føringar og satsingsområde i årsplanane.

Det oversynet Fylkesmannen har fått gjennom systematisering av kompetanseutviklingsplanane, har gitt høve til å knyte band mellom skoleeigarar med same fokus, men som ikkje til vanleg har eit samarbeid.

Alle skoleeigarar som fekk tildelt tilskott til kompetanseutvikling i 2007 fekk medio januar påminning om rapporteringskravet og frist for rapportering på bruk av midlar til kompetanseutvikling. I tillegg til den skriftlege påminninga, ringte Fylkesmannen til skoleeigarar som ikkje hadde rapportert innan 1. februar. Alle som hadde mottatt tilskott hadde levert rapport om bruk av middel til kompetanseutvikling i byrjinga av februar. Innan 10. februar hadde Fylkesmannen gjennomgått rapporteringa og fått skoleeigarar til å rette opp eventuelle feil eller manglar.

Fylkesmannen har i samarbeid med KS Rogaland etablert Skolefagleg forum og Samarbeidsrådet for å medverke til koordinering av kompetanseutviklingsarbeidet i fylket. Alle kommunane, fylkeskommunen, Utdanningsforbundet, Høgskolen Stord/Haugesund (HSH) og Universitetet i Stavanger (UiS) er representerte i Skolefagleg forum i tillegg til KS og Fylkesmannen. Forumet møtest to gonger i året. Alle interkommunale nettverk, fylkeskommunen, Utdanningsforbundet, UiS og HSH er representerte i Samarbeidsrådet. Rådet har 4-6 møte i året.

Skolefagleg forum og Samarbeidsrådet har i løpet av 2008 utvikla seg til å bli ein etablert møtestad for dei viktigaste aktørane i grunnopplæringa i Rogaland. Samlingane har fått eit tydeleg fokus på skoleutvikling i breitt perspektiv, med innleiingar og drøftingar om aktuelle tema. Begge fora har det siste året vore med på å setje fokus på arbeidet til skoleeigarar og UH-sektoren i fylket

Fylkesmannen har tildelt kr 590 000 i tilskott til vidareutdanning i naturfag, kr 630 000 til vidareutdanning i framandspråk og kr 1 680 375 til andre fag. I tillegg er det tildelt kr 822 375 i ekstra tilskott til ulike fag hausten 2008. Det meste av dette tilskottet gjekk til vidareutdanning i andre fag enn naturfag og framandspråk. Totalt er det tildelt kr 3 722 675 til kompetanseutvikling i 2008. I alt har 17 skoleeigarar mottatt tilskott til vidareutdanning (fylkeskommunen, 12 kommunar, og 3 private skolar). Fem fekk tilskott til naturfag (fylkeskommunen og 4 kommunar), fire fekk tilskott til framandspråk (fylkeskommunen, 2 kommunar og 1 privatskole), medan 12 har fått tilskott til andre fag (fylkeskommunen, 9 kommunar og 2 private skolar). Ni av kommunane søkte om og fekk ekstratilskott til vidareutdanning hausten 2008.

### **32.3 Skoleporten**

Fylkesmannen ivaretek brukarstøttefunksjonen. Vi har informert om og demonstrert nye Skoleporten på to rektormøter. Fylkesmannen syner til Skoleporten ved spørsmål frå publikum og skolar for å medverke til at Skoleporten blir nytta som ledd i den lokale kvalitetsvurderinga i grunnopplæringa. Fylkesmannen mottar også ein del frustrerte tilbakemeldingar på at data på Skoleporten er for gamle, og kan ikkje brukast i fullt så stort mon som ønskjeleg.

I år er det brukt meir tid enn vanleg til brukarstøttefunksjon og informasjon pga UBAS/Nye Skoleporten. Det er også brukt meir tid på å sette seg inn i nye rapportfunksjonar og å informere om desse. Tidsbruken er oppjustert på resultatområdet 32.3, frå opphavleg planlagt tidsbruk i verksemdsplanen.

Fylkesmannen nyttar framleis Skoleporten systematisk i si områdeovervaking og i sitt tilsynsarbeid. Tidsbruk for dette er ført på resultatområde 31.1. Tilsyn

Vår nye Fylkesmann har i år besøkt alle kommunane i Rogaland. Som førebuing til desse besøka har vi nytta Skoleporten for å gi eit samla oversyn over kommunen og tilstanden i kommunen.

### **32.4 Nasjonale strategiplaner, program og utviklingsoppgaver**

Fylkesmannen har gitt informasjon og rettleiing, og ved nokre høve samordna sentralinitierte tiltak i nasjonale

strategiplanar og program og såleis medverka til at skoleeigarane følgjer opp sitt ansvar for relevante tiltak. Nettstaden til Fylkesmannen er nytta til å informere om alle aktuelle nasjonale strategiplanar embetet har eit oppfølgingsansvar for. I planar kor Fylkesmannen ikkje har direkte oppdrag, er informasjon, kjennskap til og kunnskap om planane viktige. Alle nasjonale strategiar og planar er gjennomgått internt. Det er vårt mål at slike planar skal vere kjende og ligge til grunn for alt vårt arbeid. Fylkesmannen har også eit godt samarbeid og jamlege møter med universitets- og høgskolesektoren (UH- sektoren).

*Språk opnar dører* : I tillegg til å informere på nett om strategiplanen, har vi følgt opp med informasjon direkte ved kontakt med skolar og skoleeigarar.

*Manifest mot mobbing* : Nyhende er publisert på nettstaden og gitt til enkeltpersonar og skolar som har vist interesse for fagfeltet.

*Se mulighetene og gjør noe med dem – strategi for entreprenørskap i utdanninga*: Fylkesmannen har gitt informasjon om faget Utdanningsval på ulike samlingar med skolar og skoleeigarar. Det er også utvikla ei eiga nettside på Fylkesmannens sin nettstad der interesserte kan hente oppdatert informasjon som er relevant for dette faget.

*Lærande nettverk*: Gjennom jamlege møtar og annan kommunikasjon har Fylkesmannen hatt eit tett samarbeid med nettverksleiarar om vidareføring av to nettverk i prosjektet . Det eine nettverket er leia av Høgskolen Stord – Haugesund (HSH), og har sju deltakande skolar frå 4 kommunar og fylkeskommunen. Det andre nettverket er leia av Universitetet i Stavanger (UiS) og har 11 deltakarskolar frå 6 kommunar. Det er tildelt tilskott til deltakarane og nettverksleiarane i begge nettverka i tråd med føringane frå Utdanningsdirektoratet. Fylkesmannen har deltatt på 2 samlingar i dei to aktive nettverka i løpet av 2008, eitt i kvart nettverk.

*EU-programma*: Det er jamleg gitt informasjon om aktuelle EU-program gjennom internett. Det er også gitt rettleiing og informasjon på førespurnad.

*Eit felles løft for realfaga*: Vi har informert på vår nettstad om planen. Vi har samarbeidd med arrangør om Landslaget for matematikk i skolen (LAMIS) sitt sommarkurs i Sandnes og gitt økonomisk støtte til kurset.

*Skapande læring*: Generell informasjon på vår nettstad.

*Gi rom for lesing, vegen vidare*: Gitt generell informasjon om overgangen til Kunnskapsløftet

*Strategi for læringsmiljøet i grunnopplæringa*: Vidareformidla informasjon om PALS til alle kommunane i fylket.

*Psykisk helse i skolen*: Deltatt og avslutta samarbeidet med helse- og sosialavdelinga. Informert på vår nettstad om kurs som Haugesund arrangerte i etterkant av prosjektet.

*Fysisk aktivitet og måltider i skolen*: Arrangert samling/konferanse om temaet våren 2008

*Demonstrasjonsskolar*: Gitt generell informasjon og besøkt demonstrasjonsskolen i Rogaland.

*Likeverdig opplæring i praksis*. NAFO har overtatt koordineringa av denne strategiplanen. Vi har stilt lokale til disposisjon for deira møter. Vi har i tillegg hatt ulik informasjon om opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne.

*Betre vurderingspraksis*: Fylkesmannen har vært kontaktperson for utprøvinga i vårt fylke, og også delteke i prosjektmøte og på samlingar. Info om resultat og undervegsrapportar er lagt ut på vår nettstad.

*Den kulturelle skolesekken*: Etter at ansvaret vart overført til Rogaland fylkeskommune (RFK) har det ikkje vore aktivitet frå vår side utanom deltaking og samarbeid saman med RFK i ei kompetanseutviklingsgruppe. Men vi har informert på våre nettsider om konkrete tiltak, prosjekt og kurs.

*Kunnskapsløftet –frå ord til handling*. Informasjon til kommunar og fylkeskommunar og rettleiing i søknadsprosessen.

*Strategi for likestilling i barnehage og grunnopplæring*: Generell informasjon er gitt. Konkret tiltak er beskrive i resultatområde 39.3.

Handlingsplan for økt tilgjengelighet gjennom universell utforming 2005-2009: Rettleiing til kommunane.

## 32.5 Tiltak innen tilpasset opplæring og spesialundervisning - kap. 230.01

Fylkesmannen har gitt informasjon og rettleiing om tilpassa opplæring, spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp til PPT, skoleleiarar, rådgivarar, foreldre og representantar for brukarorganisasjonar pr telefon og e-post. Svært mange av dei førespurnadene vi får pr. telefon og e-post, gjeld nettopp informasjon og rettleiing på dette feltet.

Oppdraget er elles blitt utført gjennom følgjande tiltak:

- Tilsyn med same tema som i nasjonalt tilsyn 2007/2008 i to kommunar
- I november blei det arrangert ein to dagars konferanse med tittelen "Saman om kvalitet", der det vart sett søkjelys på tilpassa opplæring og spesialundervisning på bakgrunn av erfaringane etter det nasjonale tilsynet. Vel 150 deltok på konferansen.
- Innlegg på to samlingar for skoleleiarar, rektorar, spesialpedagogisk ansvarlege og PPT
- Innlegg på ein konferanse i regi av HBF (Handikappede Barns Forening) og på landskonferanse i regi av Ups&Downs.
- Innlegg på to leiarsamlingar for PP-leiarane i fylket
- Deltaking i ei vidareføring av prosjektet "Dei utfordrande barna", eit samarbeidsprosjekt mellom Fylkesmannen, Senter for atferdsforskning og fire kommunar 2007 - 2009.

Grunna sjukdom blei møtet med brukarorganisasjonane ikkje gjennomført hausten 2008.

Dette er eit krevjande område som gjeld rettar til elever med spesielle behov. Arbeidet på dette området må sjåast i samband med arbeidet med tilsyn, klagebehandling og informasjon og rettleiing. Etter Fylkesmannen si vurdering har vi hatt tilfredsstillande måloppnåing i høve til oppdraget på dette resultatområdet.

## 32.6 Utviklingsarbeid – Urfolk og nasjonale minoriteter

## 32.7 Opplæring innenfor kriminalomsorgen

# Resultatområde 38 Tilsyn og forvaltningsoppgaver på barnehageområdet

## 38.1 Tilskuddsforvaltning

### 38.1 Tilskott

Fylkesmannen har forvalta dei statlege tilskota etter retningslinene frå Kunnskapsdepartementet for kvar einiskild tilskotsordning. Dette omfattar i hovudsak formalia- og rimelegkontroll av alle søknadar og stikkprøvekontroll på nokre av søknadane. Særskilt rapportering for kvar tilskotsordning blir gitt på Kunnskapsdepartementet sine skjema for gjennomført tilskotskontroll.

Det er utbetalt følgjande beløp i dei ulike tilskottsordningane:

· 0231-60 Driftstilskot	1.509.160.000
· 0231-61 Investeringsstilskot	24.760.000
· 0231-62 Barn nedsett funksj.evne	76.610.000
· 0231-63 Språkforståing min.språklege	7.800.000

· 0231-64 Faste plasser midl.t. lokalar	4.150.000
· 0231-65 Skjønnsmiddel	507.460.000

Det er utbetalt totalt over 2,1 milliardar kroner til drift og investering innan barnehagefeltet i Rogaland i 2008. Den største delen av dette er driftstilskot til alle godkjende barnehagar.

Talet på søknader om driftstilskot registrerte i ”Fylkesmennenes tilskuddsprogram-barnehager” er for 2008 tilnærma likt som for 2007. For mellombelse lokale og investeringstilskot er talet på registrerte søknader gått ned. Forklaringa på dette er at mange søknader for plassar som vart tekne i bruk i 2007, ikkje blei sende inn før i 2008. Talet på behandla saker i 2007 og 2008 er derfor nærmast likt. (2007 står i parentes);

Endringsmeldingar: 195 (194)

Opningsmeldingar: 24 (24)

Mellombelse lokale: 24 (33 – medrekna 6 saker for 2007 behandla i 2008)

Investeringstilskot: 17 (30 – medrekna 9 saker for 2007 behandla i 2008)

Per februar 2009 har Fylkesmannen ganske store restansar på ubehandla saker som gjeld tilskot og kontroll på barnehagefeltet (100 saker). Ein reknar med at om lag 20 av desse sakene gjeld søknader om tilskot for 2008. Saksmengda er likevel ikkje vesentleg auka frå 2007 til 2008, og saksbehandlingstida i 2008 har i hovudsak vore innanfor ein månad.

### Klagesaker

Fylkesmannen har gjeve avslag på 10 søknader om driftstilskot. 7 av avslaga er gjeve med grunngjeving i skjønnsregelen, eit avslag fordi det ikkje var plass til barna innanfor barnehagens godkjenning og eit på bakgrunn av stikkprøvekontroll som avdekkja feil i talet på barn.

I to saker som er delvis innvilga har ikkje FM innvilga statstilskot for opningsmånaden då barnehagane etter FM sin vurdering ikkje var godkjent etter barnehageloven ved opning. Begge desse vedtaka blei påklaga. I den eine saka dokumenterte barnehageeigar at barnehagen var godkjent ved opning. På dette grunnlaget gjorde FM om sitt vedtak\*. Den andre saka vil bli sendt til KD som endeleg klageinstans i 2009.

Vidare er det gjeve avslag på 5 søknader om investeringstilskot. Alle avslaga er gjeve med den grunngjeving at MVA har vore høgare enn maksimalt investeringstilskot.

5 av FM sine vedtak i 2008 er påklaga;

Tilskot	Klager	I påvente av ny vurdering hos FM	Omgjort av FM	Til KD som endelig klageinstans
Driftstilskot	4	1	1*	2 (oversendt i 09)
Investeringstilskot	1	1		

KD er endeleg klageinstans. I 2008 har FM fått KDs avgjerd i 4 klagesaker frå 2007 (1 driftstilskot og 3 investeringstilskot). KD stadfesta FM sine vedtak i alle sakene.

## **38.2 Klagesaksbehandling**

Talet på klagesaker er relativt lågt, men enkelte er kompliserte og tidkrevjande. Dette gjeld særleg saker etter forskrift om likeverdig behandling av barnehagar i forhold til offentlege tilskott.

Saksbehandlingstida i saker etter barnehagelova har stort sett vore innanfor fristen i forvaltningslova, med unntak for sakene etter forskrift om likeverdig behandling. Her har behandlingstida vore frå 2-6 mnd. Den relativt lange saksbehandlingstida skuldast både kompleksiteten i sakane og auke i tilsynsoppgåver

og andre oppgaver ved avdelinga. Det blir sendt førebels forvaltningsmelding i saker der vi trur saksbehandlingstida kan bli lenger.

I mange av sakene om økonomisk likeverdig behandling har vedtaka blitt oppheva og sendt tilbake til kommunen for ny behandling. Årsaka til dette er at kommunane ikkje har oppfylt si dokumentasjonsplikt etter forskrift og rundskriv. Det har samtidig blitt vist til forvaltningslovas reglar om forvaltningsorganet si plikt til å sjå til at saka er godt nok opplyst.

Sakene om økonomisk likeverdig behandling har vært fremma av dei store private barnehageeigarane eller barnehaganes interesseorganisasjon, og har vore klaga inn samla for eit stort tal barnehagar. Dette har og ført til relativt stor interesse frå media.

### Klager på barnehagefeltet

(Saker om spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder går fram av resultatområde 31.2.)

Type klage	Medhald/ delvis medhald	Ikkje medhald	Oppheva/ returnert	Sum
Øk. likeverdig behandling		2	5	8 (1 ikkje ferdig behandla)
Godkjenning	2			3 (1 ikkje ferdig behandla)
Dispensasjon frå utdanningskrav		1		2 (1 ikkje ferdig behandla)

### Klagesaksbehandling barnehageloven med forskrifter

	Type klage	Medhold/delvis medhold	Avslag	
FMRO	Klage etter barnehageloven med forskrifter	Barnehageloven § 10	2	0
FMRO	Klage etter barnehageloven med forskrifter	Forskrift om dispensasjon, midlertidig jf. barnehageloven § 18	0	1
FMRO	Klage etter barnehageloven med forskrifter	Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tiskudd, § 6	0	2

## 38.3 Informasjon og veiledning

Også på barnehagefeltet er informasjons- og rettleiingsoppdraget krevjande, og delt mellom planlagde tiltak og førespurnader utanfrå. Vi nyttar dei faste nettverka med kommunane til å gi informasjon om nasjonale prioriteringar og om regelverket, og vi nyttar også nettsida aktivt. Førespurnader pr telefon og e-post blir prioriterte for å medverke til at regelverket blir kjent og følgt.

Fylkesmannen har sett særskilt fokus på informasjon og rettleiing om kommunen sitt ansvar som barnehagemynde. Det er arrangert ei to dagars samling for barnehagefagleg ansvarlege i kommunane med tema kompetanseplanlegging, endringar i barnehagelova og oppfølging av Fylkesmannen sitt tilsyn med kommunen si godkjenning av barnehagar og kommunen sitt tilsyn med barnehagar. Kommunane uttrykkjer at dei er svært nøgde med at vi arrangerer ei årleg saksbehandlarsamling og at vi deltar i nettverk. Store utfordringar og omleggingar i barnehagesektoren gjer det ekstra viktig å etablere møtestader for informasjon, opplæring og erfaringsutveksling.

Så nemner vi at barnehage er sett på dagsorden i kommunebesøka som embetsleiinga gjennomfører i heile fylket, anten generelt eller på bakgrunn av særskilde utfordringar (t.d. dekningsgrad). Utdanningsavdelinga førebur kvart besøk og deltar der særskilde utfordringar er tema.

## 38.4 Tilsyn

Fylkesmannen har i 2008 ført tilsyn med tre kommunar etter systemrevisjonsmetoden. Tema for tilsyna har vore kommunen som godkjenningsmynde og kommunen sitt tilsyn med barnehagar. Det er gitt avvik på at kommunane ikkje fattar vedtak om godkjenning av barnehagar etter reglane i barnehagelova i alle tre kommunane. Vidare er det gitt eitt avvik og ein merknad på kommunen sitt tilsyn med barnehagar.

I tilbakemeldingar frå tilsynskommunane har vi fått melding om at avvik på kommunen si godkjenning av barnehagar vil bli retta ved at kommunane etablerer nye rutinar for å sikre saksutgreiing i tråd med regelverket. I nokre av kommunane vil dei også gi nye godkjenningar av gamle barnehagar som ikkje har hatt godkjenning i tråd med gjeldande regelverk. Avvik i samband med tilsyn av barnehagar er retta ved at kommunen utarbeider plan og rutinar som sikrar at kommunen gjennomfører tilsyn i tråd med regelverket.

### Gransking av dokument

Også i 2007 blei det gitt avvik på at tilsynskommunar ikkje fattar vedtak om godkjenning av barnehagar etter reglane i barnehagelova. I fleire kommunar er godkjenningar dokumenterte berre i skjema Q-0218, kommunen sine vurderingar etter barnehagelova er ikkje skriftleggjorte. Vi har derfor i 2008 bede om saksutgreiingar frå kommunane for å sikre at det ligg føre gyldige vedtak. Innhentinga skjer i samband med opningsmelding og søknad om driftstilskot for nye barnehagar. Kommunane vil få samla tilbakemelding om funn og manglar i saksutgreiingane saman med informasjon om krava i barnehagelova i løpet av våren 2009.

### Brevtilsyn

Fylkesmannen har starta eit skriftleg tilsyn med kommunen si saksbehandling av dispensasjonar frå kravet om førskolelærarutdanning for styrar og pedagogisk leiar etter barnehagelova §§ 17 og 18. Halvparten av kommunane har fått melding om tilsynet og har levert dokumentasjon hausten 2008, den andre halvparten vil få brev og frist for dokumentasjon våren 2009. Alle kommunane vil få rapport med tilbakemelding etter tilsynet i løpet av våren 2009.

### Tilsynsoversikt barnehageområdet

	Tilsynsobjekt	Tema/Myndighetskrav	Avvik/Funn	Frist for lukking av avvik	Pålegg	Merknad	Ressursbruk	Kommentar
FMRO	Hå kommune	Godkjenning av barnehagar og Tilsyn med barnehagar	Hå kommune fattar ikkje vedtak om godkjenning av barnehagar etter reglane i barnehagelova.	01.09.2008	■	Hå kommune manglar rutinar og felles forståing av tilsyn som ei kontinuerleg arbeidsoppgåve overfor dei private barnehagane.		
FMRO	Gjesdal kommune	Godkjenning av barnehagar og Tilsyn med barnehagar	Avvik 1 Gjesdal kommune fattar ikkje vedtak om godkjenning av barnehagar etter reglane i barnehagelova. Avvik 2 Gjesdal kommune sitt tilsyn med barnehagane oppfyller ikkje barnehagelova sine krav.	02.02.2009	■			
FMRO	Suldal kommune	Godkjenning av barnehagar og Tilsyn med barnehagar	Suldal kommune fattar ikkje vedtak om godkjenning av barnehagar etter reglane i barnehagelova.	02.02.2009	■			

## Resultatområde 39 Oppgaver tilknyttet Barnehageløftet og annet utvikling

## 39.1 Utbygging

Rogaland har hatt stor utbygging av barnehagar i 2008, og alle kommunane hadde nådd målet om full barnehagedekning ved utgangen av 2008. Fleire kommunar har auke i folketal og auka etterspurnad etter barnehageplassar og har behov og planar for vidare barnehageutbygging. Fylkesmannen held seg orientert om barnehagedekninga i Rogaland gjennom ulike former for områdeovervaking. Dei regelmessige nettverksmøta med dei barnehageansvarlege i kommunane blir aktivt brukte for å medverke til at kommunane følgjer opp plikta om tilstrekkjelege barnehageplassar.

Fylkesmannen har i løpet av året følgd utviklinga særskilt i nokre få kommunar som ikkje nådde målet om full barnehagedekning i 2007. Det har ikkje vore nødvendig med særlege tiltak, men Fylkesmannen har tatt opp utfordringane på området som tidlegare nemnt i kommunebesøk.

Kommunane er, slik vi vurderer det, opptekne av å førebu innføringa av retten til barnehageplass og kommunen si plikt til å tilby tilstrekkeleg med barnehageplassar. Spørsmål og problemstillingar knytte til området er gjengangarar i førespurnader og i nettverksmøte. Dette gjeld også spørsmål om kommunalt tilskot og økonomisk likeverdig behandling ved overgang til rammefinansiering av barnehagesektoren. Etter vår vurdering er det behov for nasjonale/regionale samlingar om kommunen sine oppgåver som barnehagemynde.

## 39.2 Kvalitetsutvikling

Kvalitetsutvikling i barnehagesektoren blir ivaretatt ved tiltak knytte til kompetansestrategien, kompetansemidla og kvalitetsmidla. Målsettingane og forventningane til kommunane vart vektlagt på saksbehandlarsamling med kommunane, sjå resultatområde 38.3.

### Kompetansetiltak i barnehagen

Rogaland mottok kr 2 280 000 i kompetansemidler i 2008 og kr 240 000 i øyremerkte midlar over post 63 for å betre kompetansen i fleirkulturell pedagogikk og språkstimulering for personalet i barnehagen. (Det blir rapportert om midla over post 63 under resultatområde 39.3.)

Kompetansemidla er tildelte til kommunane etter søknad med framlagt kompetanseplan for 2008 og rapport for bruk av midla i 2007. Midla blir tildelte etter fordelingsnøkkel etter talet på barnehagar og barn i barnehagane i kommunen. Frå rapportane ser vi at dei prioriterte områda i strategiplanen frå KD er godt ivaretatt, alle barnehagane i kommunen har deltatt i kompetansehevingstiltak og alle yrkesgruppene i barnehagen har deltatt på eit eller fleire tiltak. I nokre få tilfelle har dei private barnehagane hatt eigne kompetansehevingstiltak i regi av deira eigen organisasjon.(PBL)

Fylkesmannen tildelte prosjektmidlar til Universitetet i Stavanger (UiS) i 2007 for å medverke til at universitetet skulle etablere system og utvikle relevante tilbod til barnehagane i regionen. Dette resulterte i ei kursrekke med fagtema for tilsette i barnehagar.

### Kvalitetsutvikling i barnehagen

Rogaland mottok kr 826 000 over kap. 231 Barnehagar post 21 Spesielle driftsutgifter (kvalitetsmidlar). Midla er i stor grad nytta til nettverk og samlingar med kommunane, egne prosjekt, konferansar og tildelt til prosjekt i kommunar. Midla blir også nytta til å stimulere til arbeid med nasjonale strategiar og satsingsområde, sjå resultatområde 39.3. Etter vår vurdering er kvalitetsmidla viktige for å ivareta pådrivarrolla og initiere utviklingstiltak i sektoren.

Barnehagekonferansen 2008 vart arrangert 28. mai og hadde hovudtittelen *Kviskre til ein stein*, om kunst, kultur og kreativitet i barnehagen. Konferansen er årleg, og er eit samarbeid mellom Fylkesmannen, UiS og Utdanningsforbundet Rogaland. Det var 230 deltakarar på konferansen.

Fylkesmannen har leia prosjektet *Dei utfordrande barna* i perioden 2005-2007 med 4 kommunar og Senter for atferdsforskning (SAF). Prosjektet er vidareført i ein ny toårsperiode med fire nye kommunar og SAF som prosjektleiar. Kr 50 000 er tildelt til SAF. Denne perioden blir avslutta med ein erfaringskonferanse i juni 2009 for alle kommunane som har deltatt i løpet av dei fire åra.

Som ledd i nasjonal satsing har Fylkesmannen lyst ut og tildelt kr 260 000 i prosjektmidlar til *utviklingstiltak for barn med spesielle behov*. 9 kommunar fikk tildelt midlar. Prosjekta har følgjande tema: Tidleg identifisering i igangsetting av tiltak, kompetanseheving for personalet, kartleggingsverktøy, barn med autisme, dialog med minoritetsspråklege foreldre med barn med nedsett funksjonsevne, kompetanseheving etter forskingsprosjekt i kommune med høgt tal på barn med særlege behov, foreldrerettleiingsprogram, tidleg hjelp til barn som lever med vold i nære relasjonar, barn og helse, barn som opplever samlivsbrot.

Fylkesmannen i Rogaland arrangerte i slutten av november ein *nasjonal konferanse* om samarbeid og samanheng mellom barnehage og skole, etter oppdrag frå og i samarbeid med Kunnskapsdepartementet. Konferansen gav kunnskap om og presenterte prosjekt om kvifor og korleis ein kan fremje samarbeidet mellom barnehage og skole. Konferansen vart haldt over to dagar og hadde om lag 500 deltakarar.

*Kvalitetsutvikling og oppfølging av nasjonale satsingar og strategiområd går over i kvarandre. Vi har samla sett nytta 1 årsverk for arbeidet med resultatområda 39.2 og 39.3.*

### **39.3 Nasjonale strategiplaner og særskilte satsingsområder**

Fylkesmannen stimulerer til tiltak innan nasjonale strategiar og satsingar ved å gi informasjon på nettsidene og i nettverk og samlingar med barnehagefagleg ansvarlege.

Vi har også i år stimulert til utviklingsprosjekt, og har tildelt prosjektmidlar til desse områda:

*Kompetanse i fleirkulturell pedagogikk og språkstimulering for minoritetsspråklege barn.*

Rogaland er tildelt kr 240 000 over kapittel 231 post 63 til formålet. Midla er tildelte til 9 kommunar etter søknad: Eigersund, Sandnes, Stavanger, Gjesdal, Sola, Strand, Rennesøy, Vindafjord og Tysvær.

*Handlingsplan for likestilling i barnehage og skole*

Rogaland er tildelt midlar til lokalt arbeid med likestilling i barnehagen, tiltak 3.7 i handlingsplanen. Midla er tildelt Barnebygg Gruppen Rogaland, som har 16 barnehagar i Rogaland. Barnebygg skal starte opp systematisk arbeid for å rekruttere og behalde menn i barnehagane, og midlane (kr 70 200) skal nyttast til ein oppstartsamling felles for Barnebygg sine 42 barnehagar i 12 fylke.

*Språkleg og kulturelt mangfald i barnehagen (NAFO)*

Rogaland har deltatt i prosjektet sidan hausten 2006, til saman 9 kommunar og 17 barnehagar har vore med i løpet av dei tre åra. Prosjektet blir leia frå NAFO, med rettleiarar frå UiS. Målsettinga med prosjektet er kompetanseheving hos personalet og utprøving av modellar for tospråkleg opplæring og fleirkulturelle perspektiv i barnehagen. Det er tildelt kr 180 000 i prosjektmidlar dette året.

*Kosthaldsprosjekt*

Karmøy kommune er tildelt kr 30 000 for å vidareføre resultatane frå prosjektet "*Frå åker, hav og hagar til småbarnas margar*". Karmøy kommune har også vore ein aktiv kommune i prosjektet "Fiskesprell", og har hatt ansvar for regional kosthaldskonferanse arrangert i samarbeid med folkehelserådgivaren i embetet.

*Andre prosjekt*

Lesespirå – Hå kommune (kr 20 000)

Arbeid med å utvikle årsplanane – nettverk med 6 kommunar (kr 75 000)

*Strategi for rekruttering av førskolelærarar*

Rogaland blei tildelt kr 400 000 som ledd i strategiplanen for å lage plan for regionale tiltak for rekruttering av førskolelærarar for perioden 2007 – 2011.

Fylkesmannen har etablert ei lokal arbeidsgruppe, er i gang med tiltak og har etablert godt samarbeid med Universitets- og høgskolesektoren (UH sektoren) i regionen. Samtidig deltar vi på nettverksmøta med andre lokale grupper frå Fylkesmennene i regi av Kunnskapsdepartementet. Talet på dispensasjonar i Rogaland er mange og aukande og det skal etablerast fleire nye barnehagar. Det er positivt at både næringsliv og andre aktørar etter kvart har sett at det er viktig for regionen at det finst gode barnehagar med kompetent personale for å rekruttere anna arbeidskraft og næringsutvikling i regionen. Vi har store utfordringar i Rogaland på grunn av folkevekst og stor utbygging. Arbeidet med rekruttering er godt i gang.

Kvalitetsutvikling og oppfølging av nasjonale satsingar og strategiområde går over i kvarandre. Vi har samla sett nytta 1 årsverk for arbeidet med resultatområda 39.2 og 39.3.

## Ressursrapportering

Ressursrapporteringa er basert på berekna tidsforbruk ved gjennomføring av tiltak på dei ulike resultatområda. I vår verksemdsplan er det sett opp eit planlagd omfang av dagsverk på kvart einskild tiltak. Etter at dei ulike tiltaka er gjennomført er planen oppdatert med talet på dagar som var naudsynt for gjennomføring av tiltaka. Dagsverka er omrekna til vekeverk og brukt tid til kompetanseoppbygging, leiing og intern drift i utdanningsavdelinga er fordelt på resultatområda knytte til brukte dagsverk. Tidsforbruket i ressursrapporteringa er avstemt med tilgjengelege vekeverk i avdelinga.

31% av tilgjengelege vekeverk er brukt til tilsyn. I rapporteringa til Riksrevisjonen for 2007 var talet 19%. Nærare 7% av vekeverka er nytta til klagesaksbehandling. I rapporteringa for 2007 vart 8% av vekeverka nytta til dette. 4% av vekeverka er nytta til tilskottsordningar for opplæring av framandspråklege etter oppdrag frå AID, det same som i 2007.

Det er framleis ei utfordring å prioritere naudsynt tid til tilsyn, og sjukefråvær i 2008 har medført noko utsetting av planlagde tilsyn. Det er vidare ei utfordring å setje av naudsynt tid til områdeovervaking som grunnlag for risikovurdering ved val av tilsynsystema og tilsynsobjekt.

Eit anna krevjande område er gjennomføring av eksamen, nasjonale prøvar, sensur og klagebehandling. Her er det nytta 107 vekeverk eller 18% av tilgjengelege ressursar. I rapporten til Riksrevisjonen for 2007 var 71 vekeverk nytta til dette; 15% av tilgjengelege ressursar.

Tilskottsforvaltning krev 42 vekeverk, eller 7 % av ressursane. Informasjon og rettleiing er ei stor oppgåve som krev 129 vekeverk eller 22% av ressursane. Utviklingsarbeid (res.omr 32 og 39) krev 77 vekeverk eller 16% av ressursane.

Resultatområde	FMRO		Sum	
	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.
Resultatområde 31	343	92	343	92
31.1 Tilsyn	121	36	0	0
31.2 Klagesaksbeha	37	0	0	0
31.5 Eksamen og na	48	25	0	0
31.7 Tilskuddsförv	2	0	0	0
Resultatområde 32	35	12	35	12
32.2 Kompetanseutv	17	0	0	0
32.3 Skoleporten	7	0	0	0
Resultatområde 38	77	6	77	6
38.1 Tilskuddsförv	40	0	0	0
38.4 Tilsyn	29	0	0	0
Resultatområde 39	24	6	24	6
Landsdekkende oppgaver – Kunnskapsdepartementet			0	0
Sum:	479	116	479	116

## Barne- og likestillingsdepartementet

### Resultatområde 42 Familierett

#### 42.1 Ekteskapsloven og lov om registrert partnerskap

Det har vært ein reduksjon i talet separasjonar og skilsmisser i 2008 samanlikna med 2007. Ein av fem separasjonar førde ikkje til skilsmisse.

Oversynet visar følgjande tal for løyve som er gitt i 2008:

Separasjonar 1096

Skilsmisser 849

Partnerskapsseparasjonar 1

Partnerskapsskilsmisser 1

## **42.2 Anerkjennelsesloven**

Fylkesmannen behandla i 2008 totalt 99 saker etter anerkjenningslova. I tillegg behandla vi fire saker som gjaldt skiftefritak aleine.

I mange av desse sakene er det tidspress grunna at den eine parten har begrensa opphaldsløyve i Noreg. Mange er kome på turistvisum for å gifte seg her. Vi behandlar sakene så fort det lar seg gjere, men er i mange tilfeller ressurskrevjande å få tak i den rette dokumentasjonen. Dette forlenger også saksbehandlingstida. Vi har mye kommunikasjon med partane i saker som gjeld anerkjening av utanlandske skilsmisser, både telefonar, møter og e-post.

## **42.3 Barneloven**

Fylkesmannen fekk i 2008 totalt 14 saker til behandling etter barnelova. 13 av desse sakene omhandla foreldreansvar, fast bustad og samvær og ein sak gjaldt avslag på utlevering av opplysningar om barnet. Vi hadde ingen saker om reisekostnader.

## **42.5 Veiledning og informasjon**

Det er stadig fleire personar som tek kontakt med Fylkesmannen på e-post med konkrete problemstillingar som gjeld samarbeid om barn etter samlivsbrot. Vi får også spørsmål som gjeld ekteskap via e-post.

Vi brukar framleis svært mykje tid på rettleiing av publikum på telefon og e-post både når det gjeld barnelova, ekteskapslova og anerkjenningslova. På barnelovfeltet utgjør rettleiinga hovedtyngda av arbeidet, ettersom tilfanget av sakar er forholdsvis lite. Vi opplever at vi har ein viktig funksjon som rettleiarar og at mange har behov for den hjelpa vi kan gi.

## **Resultatområde 43 EØS-avtalens finansielle ordninger**

## **Resultatområde 44 Familievern**

Rogaland har tre familievernkontor. Fylkesmannen var på tilsynsbesøk i Eigersund i 2008. Stavanger fekk besøk seint i 2007 og Haugesund blei utsett til 2009 på bakgrunn av departementets ønskje om eit felles startpunkt for revisjonar av familievernkontora. Alle dei tre kontora har i perioder problemer med å halde fristane for ventetid, men Fylkesmannen har elles inntrykk av at dei er veldrivne og søker halde seg innafor lov og forskrift.

## **Resultatområde 45 Barnevern**

### **45.1 Tilsyn med barneverninstitusjoner og oppfølging av og tilsyn med den kommunale barneverntjenesten**

Rapporteres i egen rapport til BLD

## 45.2 Fritak for taushetsplikt

Fylkesmannen opplever at mange søknader om fritak for teieplikt er mangelfulle og kjem i siste lita. Vi bruker ganske mykje ressursar på å få tak i manglande opplysningar og å rettleie ulike instansar i reglane om teieplikt.

I 2006 utarbeida Fylkesmannen eit informasjonsskriv om fritak frå teieplikt som blei sendt aktuelle partar. Dette er nå lagt ut på nett

Vi har i 2008 motteke 77 saker om fritak for teieplikt. Vi har ikkje skilt desse på saksområde, men all erfaring tilseier at majoriteten dreiar seg om barnevernslova.

## 45.3 Kompetansetiltak/Informasjonsvirksomhet

Fylkesmannen har gjennomført en samling for barnevernlederne i fylket. Her ble ulike tema tatt opp blant annet informerte fylkesmannen om resultater av våre tilsyn mot kommuner og barneverninstitusjoner, herunder internkontroll. Vi informerte også om ulike juridiske spørsmål og om handlingsplan mot kjønnslemslesting.

Fylkesmannen har bidratt økonomisk til kompetanseheving for kommunene i Fonnaområdet sammen med FMHO og Bufetat, region vest. Tema: "Kunnskapsbasert undersøkelse i barnevernet - et felles ansvar" med foredragsholder førsteamanuensis Øyvind Kvello.

Fylkesmannen har videre bidratt økonomisk til gjennomføring av fagdag i Rennesøy kommune. Tema: Arbeid med familier ved samlivsbrudd, juridiske og praktiske sider.

Vi har også hatt et intert seminar for ansatte som fører tilsyn med barneverninstitusjoner med tema "Samtaler med barn". Foredragsholder var psykolog Kirsten Hasselknippe.

Fylkesmannen har også hatt en annonse i Fosterhjemskontakt hvor en informerte om kommunens plikter og tilsynsansvar ved plassering av barn i fosterhjem.

## 45.4 Biologisk opphav

I 2008 kom det inn 34 saker

Fylkesmannen i Rogaland har en jevn tilgang på saker etter Adopsjonsloven § 12.

Utfordringene vi står ovenfor i disse sakene er alle henvendelsene fra familiemedlemmer som kjenner til et adopsjonsforhold, men som ikke er part i saken og heller ikke krav på å få opplysninger fra Fylkesmannen.

Dette er en problemstilling som Fylkesmannen i Rogaland tok opp med BUFdir i 2005. Den 03.05.05 fikk vi en skriftlig tilbakemelding fra Bufdir om at de hadde besluttet å kartlegge omfanget av slike henvendelser for bl.a. å få en oversikt over Fylkesmennenes praksis og få synliggjort hvilke problemstillinger som er særlig aktuelle. Bufdir sa også at de vurderer å gjennomføre seminar for fylkesmennene om disse sakene for å se om det er behov for endringer i regelverk og praksis.

Vi avventer fortsatt svar på hvor langt Bufdir er kommet i arbeidet med å kartlegge behovet for endringer i regelverket og praksis og om det er sendt et forslag til Barne- og likestillingsdepartementet?

## 45.5 Eidsvoll omsorgssenter for barn - tilsyn og klagebehandling

## 45.6 Handlingsplan mot kjønnslemlesting

I tråd med handlingsplan mot kjønnslemlesting 2008-2011 - tiltak 8 skulle fylkesmennene kartlegge omfang av saker, erfaringar og behov for kompetans knytt til kjønnslemlesting i det kommunale barnevernet, samt å arrangere kompetansestyrende tiltak retta mot det kommunale barnevernet.

Fylkesmannen i Rogaland var eit av dei embeta som tok kontakt med departementet og etterlyste ei standardisering/ein presis mal for kartlegginga av behov i kommunane. Samstundes skulle NKVTS òg gjere ei kartlegging i barnevernstenesta. Departementet avgjorde at fylkesmennene skulle sjå vekk i frå den delen av oppdraget som gjekk på kartlegging, NKVTS fekk ansvar for dette. Dette vart gjort kjent i eit brev frå BLD datert 26.11.2008.

Fylkesmannen i Rogaland har fram til no inkludert BLD sitt oppdrag om å styrke kompetansen i barnevernstenesta i HOD sitt oppdrag, delkapittel 84.10, i samband med at det blei arrangert kompetansestyrende tiltak/konferanse i Stavanger:

I desember arrangerte fylkesmannen i Rogaland ein konferanse mot kjønnslemlesting i tråd med tiltak 16. Det blei sendt ut ein invitasjon til personar i helsetenesta, barnevernet, samt til politiet. I starten fekk me liten respons frå aktuelle deltakarar og me valde å ta ein ekstra kontakt med helsestasjonane i fylket. I samband med denne purringa fekk me òg kjennskap til at fleire av helsestasjonane føler seg no svært pressa på ressursar og må gjere eigne prioriteringar samt at enkelte kommunar opplever at dei har tilstrekkeleg kompetanse og rutinar vedrørende kjønnslemlesting. Det vart til slutt 40-50 deltakarar på konferansen, både frå skolehelsetenesta og sosialtenesta/barnevernet. Innhaldet i konferansen var: Orientering om den nye handlingsplanen, kva er kjønnslemlesting, ulike tilbod og strategiar for å førebygge kjønnslemlesting, kva veit vi om kjønnslemlesting og utbreiinga av kjønnslemlesting, kva har helsevesenet å tilby til personar som har vært utsett for kjønnslemlesting samt ei orientering om midlar som skulle utlysast. Fylkesmannen fekk tak i ressurspersonar frå kommunehelsetenesta, kvinneklinikken ved Stavanger Universitetssjukehus, Universitetet i Oslo, Barne- og likestillingsdepartementet. Desse haldt innlegg på konferansen.

Ved årsskiftet blei det etablert kontakt med Regionalt ressurscenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging vest (RVTS) og eit samarbeid med desse er nå i startgropa.

## Resultatområde 46 Universell utforming

Det er arrangert en konferanse om Universell utforming i det kommunale plansystem den 17.10.08 med innledere fra Fylkeskommunen, Fylkesmann, kommune og helsedirektoratet. Det er vedtatt fylkesdelplan for Universell utforming der Fylkeskommunen var ansvarlig for arbeidet men med innspill fra Fylkesmannen. Fylkesmannen i Rogaland i samarbeid med Fylkeskommunen har søkt om å bli pilotfylke for Universell utforming. Kommunene Klepp og Time søker om å bli ressurskommuner i fortsettelsen av pilotkommuneprosjektet. I møter med Fylkesmannen har de etterlyst tettere oppfølging for å øke kompetansen på plan i det videre arbeidet.

Prinsippet om tilgjenge for alle er påpeikt i dei planprogram og høyringar til kommuneplanar som Fylkesmannen har hatt til gjennomgang i 2008.

Økonomisk støtte frå Miljøverndepartementet gjorde mogleg fagsamlinga for alle kommunar med tema "Universell utforming i det kommunale plansystemet. Overordna føringar og døme frå den kommunale kvardagen". "Friluftsliv og universell utforming" var tema på nettverksamling for Fysak/Frisk i friluftskommunane. Samlingane var eit samarbeid med Rogaland fylkeskommune og med bidrag frå pilotkommunane Klepp og Time.

Fylkesmannen er representert i arbeidsgruppe ved Diakonhjemmet høgskole, Sandnes, med føremål å opprette eit vidareutdanningstilbod i universell utforming. Vidare er det kontakt med Rogaland fylkeskommune med tanke på søknad om pilotfylkestatus og med pilotkommunane Klepp og Time når det gjeld erfaringsdeling.

## Resultatområde 48 Likestilling

Stavanger kommune har på initiativ frå Fylkesmannen i Rogaland oppretta eit prosjekt for å rekruttera og behalda menn i pleie- og omsorgstenesta. Prosjektet vert støtta med midlar knytt til Omsorgsplan 2015, sjå rapport under punkt 86.5

## Ressursrapportering

Likestilling:

Prosjekt Menn i9 omsorgsyrker , knyttet til Omsorgsplan 2015 2 arbeidsuker.

Resultatområde	FMRO		Sum	
	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.		
Resultatområde 42	60		60	0
Resultatområde 44	2		2	0
Resultatområde 45	214		214	0
45.1 Tilsyn med ba	164		0	0
Resultatområde 46	4		4	0
Resultatområde 48	1		1	0
Sum:	281	0	281	0

## Justis- og politidepartementet

### Resultatområde 51 Siviladministrasjon

#### 51.1 Stiftelser

#### 51.2 Vergemålsloven

Det kommer og inn en del saker som ikke ender i enkeltvedtak, men som avsluttes med informasjon og veiledning.

##### Oppgaver etter vergemålsloven

Embeter	Antall saker	Antall tilsyn
FMRO	5	0
<b>Sum</b>	<b>5</b>	<b>0</b>

#### 51.3 Forliksrådene

Det har kome inn 21 saker i 2008. Av desse gjaldt 19 oppnemning av nye råd og ein var melding om stedfortreder. Ved eit tilfelle oppfylte ein av dei oppnemnde ikkje krava i domstolslova og det måtte oppnemnast ein ny person. Fylkesmannen hadde eit godt samarbeid med sekretariatet i denne saka.

Vi fekk også inn ein klage på forliksråd som vi handsama som tilsynsmynde. Det var ikkje grunnlag for kritikk av det aktuelle forliksrådet.

#### 51.4 Tilsynsråd for fengslene

#### 51.5 Tomtefestelov

Vi har ikkje registrert saker etter denne lova i år. Fylkesmannen sakner likevel ein meir detaljert gjennomgang av kva som er Fylkesmannen sine oppgaver etter lova.

## 51.7 Kommunale politivedtekter

Vi har i 2008 mottatt to saker som ble behandlet og videresendt til politidirektoratet

## 51.8 Hundeloven

## Resultatområde 52 Borgerrettigheter

### 52.1 Fri rettshjelp

Oversikt over mottatt nye fri rettshjelpssaker

År	Antall saker	Antall asylsaker	Antall saker uten asylsaker
2000	1889		
2001	2028		
2002	2942		
2003	3737	2458	1279
2004	2826	1556	1270
2005	2109	737	1372
2006	1759	126	1633
2007	1389	159	1230
2008	1318	222	1096

Oversikt over Fylkesmannens utbetalinger angående rettshjelpssaker i siste årene

År	2004	2005	2006	2007	2008
Utbetalt	20 207 009,-	18 718 436	13 515 253,-	11 758 821,-	14 744 111,-

Oversikt over Justisdepartementets/Justissekretariatets behandling av klager over Fylkesmannens vedtak i retts hjelpssaker

År	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Behandlet	43	44	74	49	36	22
Stadfestet	40	36	70	43	34	21
Omgjort	3	8	4	6	2	1

Statistikk skjema for fri rettshjelp		PERIODE:	
FOR:			
<b>1. Fritt rettsråd statistikk</b>		Antall	
1.1. INNVILGEDE SØKNADER FOR PERIODEN		Øk. disp	Totalt
1.1.1.	Innvilget av advokat		1261
1.1.2.	Innvilget av fylkesmannen etter stykkpris		80
1.1.3.	Innvilget av fylkesmannen uten eller utover stykkpris		81
1.1.4.	Sum	0	1422
1.2. INNVILGEDE OG FERDIGBEHANDLEDE SAKER OG UTGIFTER TIL ADVOKAT		Øk. disp	Totalt
1.2.1.	Utlendingssaker § 11 (1) nr. 1, jf. stykkprisforskriften (spf) § 5(2) nr. 1 a		41
1.2.2.	Utlendingssaker § 11 (1) nr. 1, jf. spf § 5(2) nr. 1 b		32
1.2.3.	Klager i asylsaker § 11 (1) nr. 1, jf. spf § 5(2) nr. 1 c		185
1.2.4.	Andre utlendingssaker § 11 (3)		1
1.2.5.	Barnvernssaker § 11 (1) nr. 2		32
1.2.6.	Urettmessig straffefølgning § 11 (1) nr. 3		26
1.2.7.	Voldsofre § 11 (1) nr. 4		15
1.2.8.	Vernepliktige § 11 (1) nr. 5		
1.2.9.	Mishandling § 11 (1) nr. 6		43
1.2.10.	Tvangsekteskap § 11 (1) nr. 7		
1.2.11.	Separasjon og skilsmisse § 11 (2) nr. 1, jf. spf § 5 (2) nr. 7 a		29
1.2.12.	Skiftesaker § 11 (2) nr. 1 og 2, jf. spf § 5 (2) nr. 7 b		151
1.2.13.	Barnfordeling § 11 (2) nr. 1, jf. spf § 5 (2) nr. 7 c		182
1.2.14.	Familie (både pkt. 1.2.12 og 1.2.13) § 11(2)nr 1 og 2, jf spf § 5(2) nr 7 d		94
1.2.15.	Andre familiesaker		3
1.2.16.	Personskadeerstatning § 11 (2) nr. 3		55
1.2.17.	Oppsigelse/utkastelse fra bolig § 11 (2) nr. 4		43
1.2.18.	Andre saker om husleie § 11 (3)		2
1.2.19.	Oppsigelse/avskjed i arbeidsforhold § 11 (2) nr. 5		39
1.2.20.	Andre saker om arbeidsforhold § 11 (3)		
1.2.21.	Voldsoffererstatning § 11 (2) nr. 6		75
1.2.22.	Klagesaker trygd og pensjon § 11 (2) nr. 7		42
1.2.23.	Klagesaker Aetat § 11 (2) nr. 8		
1.2.24.	Andre trygde- og pensjonssaker § 11 (3)		
1.2.25.	Gjeldssaker § 11 (3)		2
1.2.26.	Sosialsaker § 11 (3)		3
1.2.27.	Arvesaker § 11 (3)		
1.2.28.	Saker for EMD § 12 (1) nr. 1		
1.2.29.	Barnebortføring til utlandet § 12 (1) nr. 2		3
1.2.30.	Andre saker i utlandet § 12 (2)		
1.2.31.	Andre saker (alle øvrige saker)		129
1.2.32.	Sum	0	1227
1.3. DEKNING AV ANDRE UTGIFTER I PERIODEN		Antall	Beløp
1.3.1.	Egne utgifter, herunder tolk § 14 (2) 1. pkt	243	
1.3.2.	Utgifter til sakkyndig § 14 (2) 1. Og 2. pkt	9	
1.3.3.	Sum	252	0
1.4. AVSLÅTTE SØKNADER I PERIODEN		Antall	
1.4.1.	Avslått pga inntekts/formuesoverskridelse	37	
1.4.2.	Avslått av andre grunner	83	
1.4.3.	Avslag kombinasjon av 1.4.1 og 1.4.2.	6	
1.4.4.	Sum	126	
1.5. EGENANDEL FOR PERIODEN		Antall	
1.5.1.	Innvilgede behovsprøvede saker hvor det skal betales egenandel	90	
1.5.2.	Innvilgede behovsprøvede saker hvor det ikke skal betales egenandel	71	
1.5.3.	Sum	161	
1.6. SØKNADER FOR PERIODEN		Antall	
1.6.1.	Søknader innkommet for perioden		

## 52.3 Navneloven

Vi har motteke tre saker i 2008 behandla to og ingen av dei blei omgjort.

## Resultatområde 53 Forebyggende samfunnssikkerhet

### 53.1 Oversikt over regionale samfunnssikkerhetsutfordringer

FMRO har delvis tilgjengeleg oversikt over risiko og sårbarhet i fylket knytt til særskilde risikoområde, aktuelle risikoverksemder og samfunnskritiske funksjonar. Vi følgjer opp dette gjennom ei rekkje ulike forebyggande tiltak og aktivitetar. Verkemedel i denne samanhang er følgjande:

- kurs, møte og formidling av informasjon om faglege tema overfor ulike målgrupper som fylkesberedskapsråd, kommunar, fylkekommune og regionale samarbeidspartnarar.
- innhenting av rapportar med informasjon etter særskilde hendingar, og kommentarar til desse
- råd, rettleiing, gjennomgang og kommentarar til regionale utspel og tiltak.
- bruk av GIS for kartfesting av typer risiki
- "tilsyn"/rettleiingsmøte med kommunar
- øvingar med kommunar, fylkeskommunar og andre regionale etatar
- formidling av informasjon via nettsidene våre
- utarbeiding av FylkesROS og detaljROS: Svikt i kraftforsyninga

### 53.2 Risiko- og sårbarhetsanalyser

FMRO blei ferdig med FylkesROS "betre føre var..." juni 2008. Fylkes-ROS Rogaland er delt inn i to delar. Første del er ein grovanalyse over dei mest sannsynlege regionale risikområde for vårt fylke. Områda er definerte av kommunane, regionale etatar og fylkesmannen sine egne tilsette. Grovanalysen gir ein oversikt over risikobiletet i Rogaland og ei overordna vurdering av uønska hendingar. Andre del av FylkesROS Rogaland er meir detaljerte risiko- og sårbaranalysar (detaljROSar) for dei områda som vi ut frå grovanalysen ser vi bør analysere vidare.

FylkesROS Rogaland "Betre føre var" omhandlar følgjande tema og emne: Ekstremt ver og flaum, ras, svikt i kraftforsyninga, svikt i vassforsyninga, uønska hendingar innan helse, dyrehelse, store ulukker herunder (atom ulukker og akutt forureining til sjøs, transport av farleg gods, ulukker på veg, ulukker ved storulukkesverksemnder og dambrot).

Arbeidet med FylkesROS Rogaland er ein kontinuerleg prosess. Grovanalysen og detaljRosane vil endre seg i takt med samfunnsutviklinga og dei risikoutfordringane som fylket til ei kvar tid står overfor. Biletet er ikkje konstant, nye risikoområde vil dukke opp, medan andre kan/vil verte mindre viktige.

FylkesROS Rogaland er den første i sitt slag i Rogaland som tek føre seg heile fylket, mens det er fleire regionale etatar og verksemnder i fylket som har utarbeidd ROS-analysar for sine særlege ansvarsområde. Analysen finst både i papir og digital utgåve.

FMRO har og ferdig første detaljROS "Svikt i kraftforsyninga i Rogaland".

FMRO har tatt med resultat frå FylkesROS i embetet sin "Plan for ekstraordinære situasjoner, kriseledelse og samordningsansvar" .

FMRO held også på å lage ein strategiplan for vidare oppfølging av resultat frå FylkesROS.

FMRO har presentert FylkesROS Rogaland for Fylkesberedskapsrådet. I tillegg har det vore eige seminar med kommunane om dette. FylkesROS Rogaland er og introdusert for tilsette i nokre avdelingar internt i embetet og for leiargruppa. Vi har også lansert FylkesROS i media.

Arbeidet med å synleggjere tema frå FylkesROS Rogaland i kartportalen er starta.

FMRO har delvis oversyn over skred og flomutsette område i fylket. Fleire område i fylket er ikkje kartlagde når det gjeld skred. Nokre vassdrag med høg risiko er ikkje kartlagde med tanke på skadeflaum.

FMRO er aktiv i høve til temadata i Noreg Digitalt, Rogaland

FMRO har følgd opp arbeidet med Region ROS, Nord Jæren, som er eit interkommunalt samarbeidsprosjekt mellom Stavanger, Sandnes, Sola og Randaberg kommunar

### **53.3 Arealplanlegging**

FM har i 2008 delteke på 4 oppstartsmøter i kommunar i samband med rullering av kommuneplanar og 2 oppstartsmøter i samband med kommunal og interkommunal kommunedelplan.

FM har informert om krav og forventningar til kommunane og kva for tryggleiksmessige konsekvensar den einskilte kommune står overfor.

FM har gått gjennom og gjeve uttalar til 3 planprogram til kommuneplan og 2 planprogram til kommunedelplanar Ein har behandla 1 kommuneplan og 1 kommunedelplan i 2008.

FM har i 2008 fremma 1 motsegn på grunn av manglande ivaretaking av ROS - omsyn i kommunedelplan.

FM og Rogaland fylkeskommune har i 2008 halde fram med den etablerte samarbeidordninga "Den regionale dialog" og gitt fråsegn til regulerings - og bebyggelsesplanar. Ein har difor ikkje statistikk over antal motsegnar knytt til reguleringsplanar. Generelt kan ein sei at ingen reguleringsplanar vil bli godkjente utan ein tilhøyrande ROS analyse. Det er likevel ei utfordring at det er ujamn kvalitet på analysane.

FM har delteke i arbeidsgruppe for Fylkesdelplan for energi og klima i Rogaland

FM var i 2008 medarrangør av ei regional samling i samband med ny planlov

FM var medarrangør (sekretariat/koordinator) av "Samfunnsikkerhetskonsferansen 2008" med fokus på konsekvensar av klimaendingar.

FM har vurdert og gitt fråsegn om tryggleiksmessige omsyn i fylkesplanssamanheng

### **53.4 Veiledning og systematisk gjennomgang og vurdering av kommunene**

FM har gjennomført rettleiingsmøte i 6 kommunar i 2008. Desse møta vert gjennomførte saman med ein assistende fylkeslege somrepresenterer helse - og sosialavdelinga.

I tillegg har FM og saman med utdannings - og helse og sosialavdelinga gjennomført eit "samarordna tilsyn" i ein kommune.

Rettleiingsmøta omhandler ein systematisk gjennomgang av arbeidet med samfunnsstryggleik i den einskilte

kommune.

FM har dei siste 4 åra hatt eit særleg fokus på smittevern og på helse og sosialberedskapen ut frå ny "Lov om helsemessig og sosial beredskap" av 23.juni 2000.

Vi har særleg vurdert kommunane sin(e) ROS(ar) som grunnlag for både førebygging og krisehandtering gjennom kommuneplanens arealdel, overordna kriseplan og helse og sosialberedskaps- og smittevernplan. Vi har og oppfordra til auka bruk av ROS -analysar i kommunanes totale tenesteproduksjon.

Likeeins er gått gjennom kommunane sine eigne erfaringar frå siste "Øvelse Rogaland", tilpassing til klimaendringar, og innbyrdes samanheng i kommunane sitt totale beredskapsplanverk.

FM har prioritert rettleiingsmøte i aktuelle kommunar ut frå storleik, risikoprofil, tid for siste "tilsyn".

FM har i tillegg informert om sentralisering av tryggleisklårering frå 18 til 2 embete( Rogaland og Oslo og Akershus) og til nye bestemmelsar om tilsyn i Kommuneleva sin § 10A.

FM deltek i faste møte i ei tverrsektorell tilsynsgruppe

FMRO har under utvikling ein "tilsynsbase" for heile fylkesmannsembetet der alle avdelingar i løpet januar mnd. legg inn datoar for sine planlagde tilsyn - for å gi kommunane betre oversyn og syte for at to avdelingar t.d. ikkje har tidfesta tilsyn/rettleiingsmøte på ein og same dag.

FM arbeider med å etablere ein intern database for systematisk beredskapsinformasjon slik at ein raskt kan få eit oversyn over aktuell beredskapsstatus for den einskilde kommune

## **Resultatområde 54 Beredskapsforberedelser**

### **54.1 Beredskapsplaner innen samfunnssikkerhet**

FM har i 2008 vore aktiv pådrivar og kompetansegjevar for utvikling av heilskaplege og samordna krise - og beredskapsplanar i kommunane gjennom kurs og seminar, øvingar, rettleiingsmøte, nettsida, råd og rettleiing.

FM har hatt kontakt med kraftforsyninga sin distriktsjef (KDS) om beredskapsførebuingar. FM deltek og aktivt gjennom året på faste møte arrangerte av dei ulike kraftselskapa i fylket,

FM har grunna ressursmangel i 2008 ikkje tilpassa eige kriseplanverk for å sikre gjennomføring av tiltak i Sivilt Beredskapssystem (SBS)

FMRO har revidert embetets "Plan for ekstraordinære situasjoner, kriseledelse og samordningsansvar" ut frå erfaringar etter siste øving (november 08) og ut frå oppretting av og tilsetting i ny stilling som kommunikasjonsrådgjevar. FM har informert om planen i leiargruppa og i samtlege avdelingar ved embetet.

FM har revidert "Plan for utval for atomberedskap", og atomberedkapsutvalet blei øvd 6. mars 2008. FM har delteke på møte mellom Stavanger kommune omkring beredskapsplanar i samband med Ulsnes (førehandsgodkjent hamn). Det har og vore arrangert eit eige møte mellom FM og leiar for Ulsnes.

FM har ikkje revidert "Plan for ekstremt ver" på grunn av ressursmangel.

FM har i 2008 ikkje fullt ut kontrollert at dameigarane har utarbeidd dambrotsbølgerekningar. Dette på grunn av uklårt mandat frå NVE om framdrift og kva for nokre dammar dette gjeld.

FM har som del av dei ordinære "tilsyn" og rettleiingsmøte i kommunane dei siste 4 år hatt særskilt fokus på helse og sosialberedskap og smittevern.

FM har i 2008 ikkje vore ein aktiv part i revisjon/oppdatering av skjermingsverdige objekt ( nøkkelpunkt og distriktobjekt)

FM har i 2008 ikkje hatt nokon særskild aktivitet tilpassa at sivile og militære styresmakter utarbeider eit planverk tilpassa kvarandre.

Det er etablert og og teke i bruk nytt varslingsystem frå FM til kommunar mfl. basert på e-post og SMS. Nytt system erstatter telefaksvarsling.

FM har øvd eigen kriseorganisasjon. 07.11.08. "Øvelse Cosmos"

FMRO har presentert FylkesROS Rogaland for kommunane og Fylkesberedskapsrådet.

FMRO har presentert FylkesROS Rogaland for tilsette i dei ulike avdelingar internt i embetet.

Arbeid med å synleggjere tema frå FylkesROS Rogaland i kartportalen er starta og held fram.

FMRO følgjer opp tiltak i detaljROS "Svikt i kraftforsyninga i Rogaland."

FMRO har ikkje godt nok oversyn over skred og flomutsette område i fylket.

FMRO arbeider med ein strategisk plan for oppfølging av FylkesROS ROGALAND kva gjeld tema for øvingar, tema i rettleiingsbesøk i kommunane, innhaldsfokus i planhandsaming etc..

FMRO har følgd arbeidet med Region ROS, Nord Jæren

FMRO har delteke i faggruppe for temadata i Noreg Digitalt, Rogaland

## 54.2 Kommuneøvelser

UT frå øvingskonseptet "Øvelse Rogaland" der alle kommunar blir øvde annakvart år syner nedastående skjema øvingane i 2007 . Vindafjord kommune ble ikkje øvd i 2007, men blei øvd i 24. januar 2008 med Tysvær kommune som kontrollkommune

VEDLEGG	NAMN PÅ ØVINGA	TIDSPUNKT	STAD FOR GJENNOMFØRING
1	Øving for Helse og omsorgsdepartementet Øvingskommunar: Stavanger, Sola, Sandnes og Randaberg.	2. mai 2007	SOLA
2	Flyhvariøving Stavanger lufthamn, Sola Øvingskommunar: Stavanger, Sola, Sandnes, Randaberg og Rennesøy.	18. oktober 2007	SOLA
3	Øving knytt til brot på vassforsyninga til Kvitsøy. Øvingskommune: Kvitsøy.	19. oktober 2007	KVITSØY
4	Øvinga dyresjukdom Jæren. Øvingskommunar: Klepp, Time og Hå. Kontrollkommunar: Gjesdal, Randaberg og Sola.	25. oktober 2007	HÅ, KLEPP OG TIME
5	Seminar og papirøving for Utsira kommune. Øvingskommune: Utsira	31. oktober 2007	UTSIRA
6	Trafikkøving / seminar for kommunane i Dalane regionen Øvingskommunar: Bjerkreim, Sokndal, Lund og Eigersund.	8. november 2007	EIGERSUND
7	Gassøving på Karmøy saman med Gassco og StatoilHydro. Øvingskommune: Karmøy. Kontrollkommune: Haugesund. Observatørkommunar: Bokn og Tysvær.	15. november 2007	KARMØY
8	Øving knytt til ras og flaum i Strand og Hjelmeland kommune. Øvingskommunar: Strand og Hjelmeland. Kontrollkommunar: Finnøy og Forsand.	22. november 2007	STRAND OG HJELMELAND
9	Øving knytt til ras og flomproblematikk i Sauda kommune. Øvingskommune: Sauda. Kontrollkommune: Suldal.	28. november 2007	SAUDA

### **54.3 Regional samordning – øvelse**

Kompetansehevingseminar for ABU Rogaland blei gjennomført 6. mars 2008. Seminaret blei gjennomført i regi av Statens Strålevern og var først og framst ei øving for Atomberedskapsutvalets medlemmer.

Ovannemde øving vart "vidareført" 7.november 2008 gjennom "Øvelse Cosmos". Øvinga var eit samarbeid mellom FMRO og Mattilsynet, Regionkontor Rogaland der begge sine kriseorganisasjonar blei øvde. Målsetting var å øve ny kriseorganisasjon saman med leiargruppa med særleg fokus på informasjonsinnhenting. ABU og Fylkesberedskapsrådet deltok saman med ei rekke Rogalandskommunar. Likeeins deltok Statens Strålevern, Fylkesmannen i Vest - Agder, Rogaland fylkeskommune og IVAR ( interkommunalt selskap med ansvar for vatn, avlaup og renovasjon for 11 kommunar på Nord Jæren).

### **54.4 Havneberedskap – øvelse**

Fylkesmannen var tilretteleggar av eit beredskapsseminar for dei største offentlege hamnene i Rogaland 9. og 10. september 2008. Kystverket var fagansvarleg

### **54.5 Samarbeid med Forsvaret – øvelse**

FMRO sto til rådvelde i samband med "Øvelse Hafrsfjord" som blei gjennomført 20. -26. september 2008. Øvinga var og tema Fylkesberedskapsrådsmøte 25. september 2008. Målet var å øve leiingselementet for styring av land, luft og sjøstyrker.

FMRO har delteke på møte i det regionale Totalforsvarsarbeidet for fylka Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Aust og Vest-Agder

### **54.6 Regional samordning**

FM har arrangert to møte i Fylkesberedskapsrådet i 2008. Medlemslista for Fylkesberedskapsrådet blei vurdert, justert og oppdatert i 2008 og dei frivilljuge organisasjonane er representerte i rådet

FM har grunna ressursmangel ikkje arrangert møte i Regional samordningsgruppa.

FM har har vore fast representert i møte i Beredskapsutvalet for Sola lufthavn i 2008

FM har ikkje aktivt medverka med konkrete tiltak til at skogbrannovervakinga er blitt betra og vidareutvikla.

### **54.7 Utvikling av nasjonalt ressursregister for redning og beredskap (NARRE)**

FM har ikkje registrert aktivitet vedkomande ressursregisteret NARRE i 2008

### **54.8 Felles digitalt nødnett**

## **Resultatområde 55 Regional og kommunal krisehåndtering**

### **55.1 Organisering for krisehåndtering**

FM har reorganisert sin kriseorganisasjon i 2008, og peika ut fleire nye medlemmer. Vidare klårgjort roller mellom embetets leiargruppe og kriseorganisasjonen. Dette som ein konsekvens av revisjon av "Plan for ekstraordinære

situasjoner, kriseledelse og samordningsansvar". Ny kriseorganisasjon blei som før nemnt øvd 7. november 2008.

Kryptert samband er operativt.

## 55.2 Krisehåndtering

FM har rapportert fortløpande og utarbeidd evalueringsrapportar til DSB, Statens helsetilsyn og andre sentrale styresmakter etter aktuelle hendingar i fylket (storm og uver).

## 55.3 Evaluering

FM har på førespurnad frå DSB og andre sentrale styresmakter utarbeidd evalueringar etter større hendingar (rapport knytta til ekstremt ver og rapport knytta til ras.)

## Ressursrapportering

Resultatområde	FMRO		Sum	
	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.
Resultatområde 51	4		4	0
51.2 Vergemålslove	4		0	0
Resultatområde 52	115		115	0
52.1 Fri rettshjel	105		0	0
Resultatområde 53	70		70	0
Resultatområde 54	70		70	0
Resultatområde 55	63		63	0
Sum:	322	0	322	0

## Kommunal- og regionaldepartementet

### Resultatområde 61 Samordning, omstilling og fornying i kommunene

#### 61.1 Kommunerettet samordning

Fylkesmannen har valt ein modell der samordning er eit linjeansvar. Det inneber at leiinga gjennom utvikling av rutinar og drøfting av enkeltsaker må ta ansvar for at nødvendig samordning skjer, samstundes som kvar enkelt medarbeidar utøver sin del av samordningsjobben i tilknytning til sitt faglege arbeid.

Arbeidet med kommuneøkonomi, tilsyn og kommuneplanlegging har klart samordningspreg, fordi fleire avdelingar er involvert. Ved tildeling av skjønstilskot prøver vi å ta omsyn til om det er kommunar som har særlege utgiftsbehov, for på den måten å sikra at dei kan løysa oppgåvene sine. Det er ei eiga stilling som plankoordinator og det er oppretta ei plangruppe for samordning av plansaker. Vidare er det etablert eit tilsynslag med tilsynskoordinator for samordning av tilsynsarbeidet. Vi viser elles til det som står om desse områda under andre punkt. Vårt inntrykk er at dette fungerer tilfredsstillande.

Fylkesmannen sender i juni kvart år ut eit "Oppgåvebrev" (tilsvarer "forventningsbrev") til kommunane. Tilbakemeldingar tyder på at kommunane ser dette brevet som nyttig, det blir m.a. brukt i politikaropplæring og liknande.

## 61.2 Omstilling og fornying i kommunene

Fylkesmannen har prøvt å vidareføra arbeidet med omstilling og fornying i kommunane. Vi har m.a. egne nettsider for dette temaet. Vi arrangerer også KOSTRA-samling for kommunane om våren, i 2008 med fokus på kvalitetsindikatorar.

Viktigaste aktiviteten har vore fordeling av skjønsmidlar til ymse omstillingsprosjekt i kommunane og oppfølging av desse. For 2008 har desse prosjekta fått tildeling:

Kommune	Prosjekt	Tilskot kr	Samarbeid med
Sandnes	IKT-prosjektet "eJæren 24-7"	992 000	Gjesdal, Klepp, Time
Stavanger	Familievaldsprosjektet ved barnevernvakta	350 000	Sola, Randaberg, Rennesøy
Haugesund	"Klare" – et interkommunalt autismeprojekt	41 000	Tysvær, Karmøy, Suldal, Vindafjord, Sveio
Suldal	Digitale kommuneplanar i Rogaland	200 000	Tysvær
Karmøy	Kvalitet og kvalitetsledelse i omsorgstjenestene	400 000	
sum		1 983 000	

## 61.3 Samordning av statlig tilsyn

Ansvar for overordna koordinering og utvikling innafor tilsynsområdet er hos fylkesmannen i Rogaland lagt til ein avdeling, Forvaltningsavdelinga. Avdelinga har utnemnt ein koordinator med naudsynte fullmakter og ressursar frå fagavdelingane, organisert i eit tverrfagleg tilsynslag.

I 2007 og 2008 har tilsynslaget/tilsynskoordinator mellom anna gjennomført følgjande:

### *Kompetansebygging:*

- Informert om kommunelovens kap 10 A i fleire fora
- Delteke på dialogkonferanse om tilsyn i regi av KS og Helsetilsynet
- Koordinator har hospitert/deltatt ved fleire avdelingar sine tilsyn og gjennomgått kurs i systemrevisjon
- Koordinator har hospitert hos FMVE

### *Etablering av møtestader:*

- Saman med FMVE, FMHO og KRD arrangert nettverkssamling for alle embete hausten 2007
- Gjennomført tilsynsforum for embetet
- Etablert eigen side på Innsida om tilsyn
- Møta i tilsynslaget fungerer som arena for utveksling av erfaringar som utangspunkt for samordning av praksis

### *Koordinering:*

- Samordna val av kommunar for planlagde tilsyn
- Utarbeida oversikt over planlagde kommuneretta tilsyn i 2008 og sendt denne til kommunane med kopi til andre tilsynsetatar og kommunerevisjonsorgan
- Etablert intern tilsynskalender
- Gjennomført samordna/parallelle tilsyn med tre avdelingar i to kommunar

### *Kontakt andre etatar:*

- Informert andre statlige tilsynsetatar om Fylkesmannen sin rolle som samordnar og utveksla informasjon om kontaktperson
- Gjennomført kontaktmøte med Arbeidstilsynet
- Informert om planlagde kommuneretta tilsyn (jf ovafor)

### *Samordning av reaksjonar:*

- Utarbeida prosedyre for handsaming av saker som krev samordning av reaksjon

- I brev opplyst kommunane om at dei kan ta kontakt med tilsynskoordinator dersom dei blir ilagde pålegg som dei meiner kan få vesentleg verknad for kommunen og dei ønskjer dialog med det aktuelle tilsynsorganet.

Fylkesmannen har til nå ikkje hatt nokon slik dialog med kommune/tilsynsorgan.

Tilsynslaget har støtt på nokre utfordringar i arbeidet med samordning av tilsyn. Ulik kultur og innarbeida praksis er kanskje det mest openberre av desse. I tillegg inneber streng og detaljert styring frå overordna organ eit problem for samordning. Vi har dessutan hatt tekniske problem knytt til etablering av ein funksjonell tilsynskalender og begrensningane i Digimaker. Endeleg viser det seg i praksis å vere vanskeleg å prioritere utviklingsarbeid framfor løypande oppgaver.

## Resultatområde 62 Kommuneøkonomi

### 62.1 Kontroll og godkjenning etter økonomibestemmelsene i kommuneloven

Berre kommunar som står i Register over kommunar underlagt betinga kontroll (ROBEK) må innhenta godkjenning frå fylkesmannen før dei har gyldig vedtak om budsjett, økonomiplan og låneopptak. Ingen av kommunane i fylket var registrert i 2008. Vindafjord (1160) blei meldt ut i 2007. Kommunen vedtok også for 2008 eit budsjett i balanse, men i møte 3. juni 2008 blei det vedtatt endringar i budsjettet som var gjort opp med eit budsjettmessig underskot på vel 4 mill kr. Sidan praksis er at det berre er det opphavlege budsjettvedtaket som blir vurdert i høve til ROBEK blei kommunen ikkje meldt inn i registeret.

Kommunale garantivedtak skal sendast til fylkesmannen for godkjenning. Vi behandla i fjor 9 søknader om godkjenning av kommunale garantivedtak. 6 av desse gjaldt idrettsføremål, 3 barnehagar. Alle vedtaka blei godkjende. I nokre tilfelle var vedtaka ufullstendige, og vi måtte innhenta ytterlegare vedtak/opplysningar før godkjenning. Vi behandla også 4 lånevedtak frå interkommunale selskap.

Som kjent var Haugesund ein av ”Terra-kommunane”, noko som ga ein god del meirarbeid. Vi oppheva kommunens investeringsvedtak 21.1.08 og informerte samstundes ordførar og rådmann i møte hos oss. Vi har følgd opp kommunen i året, m.a. gjennom møte i Haugesund 17.12 og har hatt ein god dialog.

### 62.2 Økonomiforvaltning – veiledning

Sjølv om vi for tida ikkje har ROBEK-kommunar gir vi skriftleg tilbakemelding på budsjett/økonomiplan av meir rettleiande art til ein del kommunar kvart år, hovudsakleg kommunar som kan vera i ”faresonen”. M.a. har vi hatt ein dialog med Vindafjord, jf pkt 61.2.

Vi nyttar nettsidene aktivt for informasjon om kommuneøkonomi, kommuneoppdraget, statistikkoversyn for kommunane i fylket, skjønstilldeling m.v. 35 artiklar blei lagt ut på sida for Kommuneøkonomi i 2008

Kommuneøkonomi har også vore fast tema på kommunebesøka Fylkesmannen har gjennomført i kommunane i 2008.

Kommunane blei orienterte om kommuneoppdraget for 2009 på møte om Kommuneproposisjonen i mai. Oppmøtet var godt og tilbakemeldingane i etterkant var positive. Vi hadde også eit informasjonsopplegg for statsbudsjettet i oktober.

Når det gjeld KOSTRA arrangerte vi også i 2008 eit KOSTRA-seminar for kommunane. Tilbakemeldingar tyder på at det er godt grunnlag for slike samlingar.

Vi tok kontakt med dei kommunane som stod på lista frå SSB med manglande/mangelfulle skjema i perioden

rundt fristen 15.april. Slik vi forstår det ligg kommunane i fylket godt an når det gjeld KOSTRA-rapportering. Vi lagar til ein del tabellar med fylkesoversikter, både på grunnlag av førebelse tal og dei endelege, poenget med dei første er m.a. kvalitetssikring ved å gjera tal meir synlege før fristen for retting.

## Resultatområde 63 Kommunalrett og valglov

### 63.1 Kommunalrett

Det er ikkje stilt krav om saksbehandlingstid. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid har vore 4 mnd. Fylkesmannen har dessutan i stor utstrekning svart på spørsmål frå publikum og kommunar og publikum. Det er registrert inn 30 skriftlege spørsmål knytta m.a. eitt om habilitet og eitt om lukking av politiske møte.

To av lovlegkontrollsakene har vore særleg tidkrevande. Den eine var den såkalla Terrasaken i høve til Haugesund kommune. Den andre gjaldt kontroll av gebyrregulativet i Sandnes kommune knytta til gebyr for ulovlege byggjetiltak. Begge dei kontrollerte vedtakene blei oppheva.

#### Lovlighetskontroll

Embeter	Saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i			Lovlighetskontroll initiert av fylkesmannen			Vedr. habilitet	Vedr. lukking av møter
	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig		
FMRO	5	4	1	3	1	2	0	0
<b>Sum</b>	<b>5</b>	<b>4</b>	<b>1</b>	<b>3</b>	<b>1</b>	<b>2</b>		

### 63.2 Valg

## Resultatområde 64 Forvaltningsloven og offentlighetsloven i forhold til kommunesekt

Fylkesmannen har behandla ein forvaltningsklage etter forvaltningslova § 28, 2. ledd

Antall klager på avslag om begjæringer om innsyn, jf. offentlighetsloven § 9 tredje ledd og forvaltningsloven § 21 annet ledd

Embeter	Antall
FMRO	3
<b>Sum</b>	<b>3</b>

## Resultatområde 65 Kommuneinndeling og interkommunalt samarbeid

### 65.1 Kommuneinndeling

Det har ikkje vore aktivitet innanfor dette feltet i 2008

### 65.2 Interkommunalt samarbeid

Vi oppmuntrar kommunane til å samarbeida om oppgåveløysing der dette er formålstenleg. Såleis er dei fleste fornyingsprosjekta som får skjønsmidlar samarbeidsprosjekt. Vi har også prøvt å sikra grunnlaget for

## Resultatområde 66 Bolig- og bygningsrett

### 66.1 Byggesaker

Byggjesaker som er behandla av Fylkesmannen som setjefylkesmann er ført under resultatområde 6.0.

Det kom inn 444 klagesaker

Fylkesmannen behandla 407 saker. 79 saker eller 19,6 % blei omgjort eller opphevd, mens 288 blei stadfesta. Restanse 191 saker.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var 4,9 mnd. Dette noko lengre enn departementet si målsetting på 3 mnd. Overskridinga skyldast mishøve mellom ressursar og innkomne saker. Effektivt tidsbruk knytt til klagesaksbehandling er 86 vekeverk. (SYSAM-data).

Det er behandla 19 krav på sakskostnader.

Det er vidare gjeve 8 uttaler i saker som blir vurdert av sivilombudsmannen.

Vi var teknisk arrangør for landskonferansen i plan- og bygningsrett.

Vi har delteke i førebuing, og vore partsvitne, i 3 rettssaker.

Det er halde innlegg på interkommunalt møte knytt til universell utforming og og foretting. Halde kurs i byggesaksbehandling for ein kommune. Det er og lagt mykje arbeid ned i internopplæring av byggesaksbehandlarane og av embetet i ny pbl- M.a. blei det arrangert eit stort dagsseminar. Dette vvil fortsette i 2009.

### 66.2 Saker om ekspropriasjon

Fylkesmannen har behandla følgjande saker:

3 klagesaker på kommunale ekspropriasjonsvedtak etter pbl § 35. Alle stadfesta

Det er gitt 5 løyve til førehandstiltreding etter orl. § 25.

Det er behandla to søknader om samtykke til ekspropriasjon, den eine etter oreigningslova og den andre etter pbl § 36, første ledd. Den første blei innvilga og den andre avslått. Den siste saka gjaldt eit større utbyggingsområde i Stavanger, Jåttå, kor ein ville ekspropriere utan grunnlag i plan. Saka var svært omfattande, med mange grunneigarar innblandaog vanskelege juridiske avklaringar. Ein kan rekne med at det i alle fall blei brukt 2 vekeverk på denne eine saka.

### 66.3 Klage etter eierseksjonsloven

#### Klage etter eierseksjonsloven - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMRO	0			Restanse 1 sak
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

### 66.4 Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård

**Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård - antall**

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMRO	0			
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

**Ressursrapportering**

Resultatområde	FMRO	Sum	
	<b>1510 Fagdep.</b>	<b>1510 Fagdep.</b>	
Resultatområde 61	30	30	0
Resultatområde 62	95	95	0
Resultatområde 63	37	37	0
Resultatområde 64	4	4	0
Resultatområde 65	2	2	0
Resultatområde 66	239	239	0
66.1 Byggesaker	229	0	0
Sum:	407	0	407

**Arbeids- og inkluderingsdepartementet**

**Resultatområde 73 Sosialtjeneste**

**73.1 Lov om sosiale tjenester**

**73.2 Arbeids- og velferdsforvaltningen og sosiale tjenester – formidlingstiltak og kompetanseutvikling**

**73.3 Kvalifiseringsprogrammet**

**73.4 Gjeldsrådgivning**

**73.5 Kartlegging av funksjons- og arbeidsevne**

**Resultatområde 74 Levekår**

## 74.1 Handlingsplan mot fattigdom

Aktivitet	Formål	Dato	Målgruppe	Samarbeid	Vurdering
Nettverkssamling ”frå Midlertidig til varig” bustad	Erfaringsutveksling	15. og 16.april-08	Prosjektkommunane	Nav sentralt Husbanken	Viktig arena for erfaringsutveksl
Bustadsosial Konferanse/nettverkssamling	Opplæring/informasjon om gjeldsrådgjeving /forvaltning og erfaringsutveksling	1. og 2. sept. 08	Prosjektkommunane samt tilsette i NAV, sosialkontor, spes,h. teneste	Husbanken	Nyttig opplæring på eit felt kommunane uttrykker at dei saknar kompetanse. Netttverksbyggi
Prosjektbesøk i alle kommunar med tilskot (7)	Sikre oppfylging og framdrift i prosjekta og hjelpe kommunane i metodeutvikling	Mars-desember	Kommunar som tar imot tilskot innan det bustadsosiale området		Nyttig arena for gi og få informasjon
Interkommunale møter	Informasjons og erfaringsutveksling. Fylkesmannen er deltakar, ein kan komme med tankar kring programmet	Fire gonger årlig	Leiarar og saksbehandlarar i sosialtenesten i Jær kommunane	Jærkommunane	Nyttig arena for gje og få informasjon
Oppstartseminar Bustadsosial handlingsplan i Strand og Haugesund kommunar	Hjelpe i arbeidet med å komme i gang med bustadsosial handlingsplan	April og mai 08	Rådmann, kommunaldirektør, politikare, aktuelle tilsette i kommunen, bustadkontor	Husbanken	Inspirasjon, kunnskap og praktisk bistand
Referansegruppe for prosjekt ”frå midlertidig til varig bustad”	Ta opp problemstillingar /utfordringar knytt til prosjektet/samle kompetanse	Mai og des.	Egen prosjektgruppe med repr. frå NAV, Husbanken, deltakarkommunar og FM		Viktig i arbeide med å systematisera erfaringar og si framdrift
Tilskotsforvaltning	Behandle søknadar, utbetale og fylgje opp kommunar med tilskot ifht framdrift/rapportering	Februar og ut året			
Spesiell oppfylging av ein kommune	Sikre rapportering og framdrift	Sept.-des. samt avtalt møte 16.1.09	Samtalar med kommunaldirektør, prosjektleiar, rådmann	NAV sentralt	Naudsynt slik at kommunen kan avslutta prosjek på ein god måte
Samarbeidsmøter FM Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane, Husbanken	Informasjonsutveksling og planlegging av kompetansetiltak.	Mai og sept			Viktig arena for info. utveksling planlegging

13 av 26 kommunar i Rogaland har forankra det bustadsosiale arbeidet i kommunale planar – bustadsosial handlingsplan.

I 2008 blei det etablert 10,7 nye årsverk i kommunane som fylgje av tilskotsordninga. I tillegg blei det etablert 6,5 årsverk på midlar som var overført frå 2007.

Kor mange som får oppfylging i bustad og kor mange av dei som har rett til IP som mottar IP ,samt vedtak på tenester vil kommunane komme med tall på i rapporteringa som skal være FM i hende innan 31.3.09.

## Resultatområde 78 Innvandring og integrering

### 78.1 Statsborgersaker

#### Statsborgerseremonier

Embeter	Antall seremonier	Prosent nye statsborgere som har deltatt
FMRO	2	22
<b>Sum</b>	<b>2</b>	

### 78.2 Bosetting av flyktninger

### 78.3 Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere(introduksjonsloven)

Fylkesmannen fekk inn tre klagesakar etter introduksjonslova i 2008. Ein klage gjaldt valg av undervisningsstad, idet klagar ønska å få tilbod om å delta på undervisning i norsk og samfunnskunnskap i nabokommunen. Denne klaga blei avvist og avvinningsvedtaket blei ikkje påklaga. Ein annan klage gjaldt midlertidig stans i introduksjonsordninga (intro § 7) og den siste saka er ikkje kome til realitetsbehandling. Den gjaldt flytting av elev til anna gruppe. Fylkesmannen mottok saka direkte frå klagar og sende den vidare til kommunen med ein orientering til klagar. Vi reknar med at saka har løyst seg i kommunen.

Fylkesmannen har i tillegg til den konkrete sakshandsaminga hatt ein del rettleiing av kommuner og enkeltpersonar på telefon og ved besøk på kontoret.

### 78.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere og norskopplæring for asylsøkere

Tilskott til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar som fekk opphaldsløyve etter 1.5.05, blir tildelt kommunane som ein sum per person (per capita) i ein femårsperiode. 25 kommunar fekk i alt 57,5 mill kr i tilskot per capita i 2008 mot 34,8 mill kr i 2007. Av dette var 39,6 mill kr for dei som blei busette i 2008.

Det blir utbetalt resultattilskott når elevane har bestått munnleg eller skriftleg norskprøve. 21 kommunar fekk i alt kr 2.005.000 i resultattilskott for 343 elever i 2008. I 2007 fekk 11 kommunar kr 810.000 i tilskott for 86 elevar.

Kommunar som på grunn av svak økonomi ikkje greier å tilby opplæring etter regelverket sjølv om interkommunalt samarbeid er vurdert, kan få skjønntilskot. I 2008 fekk ingen kommunar slikt tilskott, medan 3 kommunar fekk i alt kr 900.000 i slikt tilskot i 2007.

Stortinget løyvde 75 mill kr ekstra for å styrkje opplæring av innvandrarakar i 2007.

Denne satsinga var vidareført i 2008 gjennom eit basistilskott på kr 370.000 for kommunar med mellom 4 og 150 personar i målgruppa for opplæringa.

18 kommunar fekk slikt tilskott i 2008; i alt 6,7 mill kr. I 2007 fekk 10 kommunar med mellom 10 og 200 deltakarar i målgruppa kvar kr 400.000.

Tilskot til opplæring av innvandrarakar som fekk opphaldsløyve før 1.9.05, får tilskot etter overgangsordninga. 20 kommunar fekk i alt kr 21,2 mill kr i tilskott etter denne ordninga. I 2007 fekk 19 kommunar i alt 43,0 mill kr i tilskott. Ordninga gjeld i 5 år og skal fasast ut i 2010. Talet på elevar i denne ordninga er redusert frå 752 på

våren til eit anslag på 574 hausten 2008. Dette er 30 – 33% lågare enn eit år tidlegare.

Norskopplæring for asylsøkjjarar i mottak blei gjeninnført frå 1.9.07. 4 kommunar med asylmottak fekk 5,4 mill kr i tilskott i 2008. Det er starta nytt mottak hausten 2008 i Stavanger. I 2007 fekk 3 kommunar med asylmottak utbetalt 1.3 mill kr i 2007.

Fylkesmannen har ikkje gjennomført samlingar med kommunane i 2007, men har gitt rettleiing om ordninga gjennom direkte kontakt med kommunane og rettleiing på nett. Fylkesmannen har utarbeidd ein tilskottskalender for kommunar og asylmottak der alle søknadsfristar er samla. Det er gode tilbakemeldingar om at denne kalenderen er nyttig.

I samarbeid med IMDi Vest blei det hausten 2008 arrangert opplæring for lærarar i norsk og samfunnskunnskap. Samlinga hadde over 150 deltakarar og fekk god tilbakemelding.

Forvaltninga av tilskot gjekk etter planen, men vart gjennomført noko seinare enn rekna med på hausten på grunn av stor arbeidsmengde. Nasjonalt Introduksjonsregister (NIR) blir nytta for søknad og godkjenning av tilskott per capita og fungerer godt til dei oppgåvene Fylkesmannen har med søknadsbehandling. Men det er noko uklart kva for kontrollar Fylkesmannen skal og kan gjere i eit system som er basert på personopplysningar om asylsøkjjarar og innvandrarar som er utanfor Fylkesmannens kontroll. Fylkesmannen blei i stor grad ei postkasse for utbetaling av tilskott per capita.

Det er vidare uheldig at det ikkje er nokon samanheng mellom NIR og arkivsystemet. Kommunen skal søkje om tilskot i NIR, men søknadene kjem ikkje til Fylkesmannen sitt postmottak utan at saksbehandlar hentar desse frå NIR.

Det er behandla tre klager etter introduksjonslova i 2008, tilsvarende tal var tre i 2007 og fire i 2006.

Det er brukt 3 vekeverk over kap 1510 og 1 vekeverk over framandkap til forvaltning av tilskotsordningane.

## **Resultatområde 79 konsultasjonsprosedyrer mellom statlige myndigheter og sameting**

### **Ressursrapportering**

Resultatområde	FMRO		Sum	
	1510 Fagdep.	1510 Fagdep.		
Resultatområde 73	120	56	120	56
Resultatområde 74	10		10	0
Resultatområde 78	19	1	19	1
Resultatområde 79			0	0
Sum:	149	57	149	57

## **Helse- og omsorgsdepartementet**

### **Resultatområde 75 Habilitering og rehabilitering**

#### **75.1 Habilitering og rehabilitering**

#### **75.2 Barn med nedsatt funksjonsevne og deres familier**

## **75.3 Unge personer med nedsatt funksjonsevne i alders- og sykehjem**

Fylkesmannen har også i 2008 gjeve bistand til direktoratet når det gjeld oppfølging av unge som bur i alders- og sykehjem mot eigen vilje. I alt elleve kommunar har ein vore i kontakt med i dette arbeidet.

## **Resultatområde 76 Kvalitet og samhandling**

### **76.1 Samarbeid mellom 1. og 2. linjetjenesten**

Fylkesmannen har deltatt i arbeidsgruppe saman med kommunane på Nord-jæren og Stavanger universitetssykehus med sikte på ein interkommunal plan for pandemiberedskap

Fylkesmannen har deltatt i samarbeidsorganene ved Stavanger Universitetssykehus og ved HelseFonna avd Haugesund. som er et samarbeid mellom sykehusene og kommunene i nedslagsfeltet. Tema : Samarbeidsavtaler.

Det siste året har ein fått på plass skriftlege samarbeidsavtalar mellom alle DPS'ane og kommunane. Dette er viktig som ei ramme for å få til gode og samkøyrde tiltak og tenester rundt den einskilde tenestemottakar, slik at ein ikkje opplever å verta "kasteball" i systemet. Utfordringa er å få desse samarbeidsavtalane til å verta meir enn eit skriftleg dokument, men eit levande verkemiddel til å nå målet med gode, heilskaplege tenester for dei som treng det.

Det er no etablert gode, regelmessige samarbeidsfora mellom spesialisthelsetenesta (DPS), kommunane, Fylkesmannen og brukarrepresentantar på Haugalandet, i Dalane, på Jæren og Sandnes. Framleis er det ei utfordring å få fleire med i slike nyttige samarbeidsfora.

### **76.2 Individuell plan**

Fylkesmannen har regelmessige treff to gonger årleg med psykiatrikoordinatorane i alle kommunane, to i nordfylket og to i sørfylket. Målet er gjensidig utveksling av informasjonar og erfaringar, anna nettverksarbeid og etablering av kontaktnett. Fylkesmannen held jamnleg kontakt med tenesteapparatet i einskildkommunar, og har såleis vitja ei heil rekkje einingar for psykisk helsearbeid det siste året. Fokus på innhald, oppfølging og organisering av tenestene, herunder bruk av individuell plan har vore fokus frå Fylkesmannen si side gjennom m.a. kommunekontakt.

Individuell plan har og vore tema, dei planlagte tilsyna med helse-, sosial og barnevernstenesta i kommunane, og har vært eit fokusområde ved behandling av enkeltsaker

### **76.3 Nasjonal strategi for kvalitetsforbedring i sosial- og helsetjenesten**

Ved gjennomføring og oppfølging av systemrevisjoner i kommunehelsetjenesten har vi vært aktive med å gi råd og veiledning om kontinuerlig forbedring og implementering av gode styringssystemer. Tilsvarende arbeidsmåte har vi brukt for å bidra til implementering av forskrift om kvalitet i pleie og omsorgstjenesten.

## 76.5 Felles digitalt nødnett

Det felles digitale nødnettet er ennå ikke implementert i Rogaland, jf prosjektplanen. Ingen aktivitet å rapportere fra fylket i 2008.

## Resultatområde 77 Andre oppdrag

### 77.1 Helsemessig og sosial beredskap

Det blei gjennomført tilsyn og kartlegging av beredskapsplanar i 6 kommunar i 2008 av beredskapslaget i embetet. HS avdelinga har deltatt i 6 av tilsyna. Alle kommunane har utarbeidd planar for sosial og helsemessig beredskap, sjølv om ikkje alle har gjort like grundige ROS analyser. Gjennomgåande er planane for sosial beredskap generelle og lite konkrete. Vi har deltatt i relevante beredskapsøvingar, også i regi av Hovudredningsentralen (HRS) og deltatt regelmessig på leiarmøta. Representantar for helsetenesta har vore kontakta og vore til stades ved reelle redningsaksjonar.

Fylkesmannen har deltatt i arbeidsgruppe saman med kommunane på Nord-jæren og Stavanger universitetssykehus med sikte på ein interkommunal plan for pandemiberedskap

### 77.2 Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

#### Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittelig saksbehandlingstid
FMRO	17	2
<b>Sum</b>	<b>17</b>	

### 77.3 Særfradrag

Det er handsama 48 klager frå skattyttarar etter oversending frå skattemyndigheitene.

Det er og oversend 13 saker til Helsedirektoratet. Dette er klager på vedtak hjå oss.

#### Særfradrag for utgifter til behandling utenfor den offentlige helsetjenesten. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid.

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittelig saksbehandlingstid
FMRO	48	16
<b>Sum</b>	<b>48</b>	

### 77.4 Førerkortsaker

Saksbehandlingstid uten tilleggsdokumentasjoner : snitt 16,1

Saksbehandlingstid med tilleggsdokumentasjon median saksbeh. tid 22,7

Snitt saksbehandlingstid = 24,9

#### Førerkort. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittelig saksbehandlingstid
FMRO	1733	21

Sum	1733	
-----	------	--

## 77.5 Pasientjournaler

1 arkiv motatt i 2008

### Pasientjournaler. Antall saker.

Embeter	Antall
FMRO	1
<b>Sum</b>	<b>1</b>

## 77.6 Rett til trygderefusjon

## 77.7 Helse- og sosialmelding

Er under utarbeidelse.

Ferdigstilles innen 01.04.2009

## 77.8 Rettssikkerhet ved ytelse av helsehjelp med hjemmel i Pasientrettighetsloven kap. 4A

## Resultatområde 83 Folkehelsearbeid

### 83.1 Folkehelsearbeid generelt

#### Resultatkrav 83.1

##### Kommunehelseprofilar

Fylkesmannen har hatt to kurs i bruk av Kommunehelseprofilar i 2008 og to i 2006. Til saman har halvdel av kommunane delteke, samt personar frå fylkeskommunen. Vi er ikkje kjent med i kva omfang Kommunehelseprofilar vert nytta i planlegginga.

Folkehelse- og tilgjengeperspektivet blir vurdert i alle planprogram og andre planar som krev innspel frå Fylkesmannen. 7 planprogram og 3 kommuneplanar har vore til gjennomgang i 2008. Fylkesmannen har i sin uttale lagt særleg vekt på at kommunen sin medisinske faglege rådgivar skal delta i planprosessen. Vidare legg ein vekt på omsynet til sosial ulikskap i helse, avsetjing og tilrettelegging av gang- og sykkelveggar, gode rekreasjonsområde og høve til friluftsliv for alle. Folkehelse og universell utforming er fast tema i alle oppstartsmøte med kommunane.

Generelt ser vi at folkehelse er teken inn i kommuneplanane, og då helst knytt til tilrettelegging for fysisk aktivitet, avsetjing av areal og sykkel-gangveggar, likeså universell utforming. Fleire kommunar har eit godt folkehelseperspektiv, mellom anna ein stor kommune som Stavanger, som legg jamlege levekårsundersøkingar til grunn i planarbeidet.

#### Status lokalt folkehelsearbeid

11 kommunar, (famnar om lag 75% av befolkninga), har skrive under partnerskapsavtale. 3 nye kommunar har bedt om orienteringsmøte. Avtale er også inngått med Nasjonalforeningen for folkehelsen. Kommunane har tilsett koordinatorar, dei fleste i 50% stilling, 3 i full stilling. Fylkesmannen har jamleg kontakt med desse, både uformelt og i faste nettverksmøte.

Aktivitetmidla er fordelte i samråd med fylkeskommunen, og i tråd med retningslinene som ligg føre. Dei fleste søknadane handlar om kosthaldstiltak og fysisk aktivitet.

For fleire kommunar ser det ut til at partnerskapsmidla vert nytta til løn, og at kommunen sjølv legg inn små midlar til tiltak.

#### Folkehelsearbeid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittelig saksbehandlingstid
FMRO		
<b>Sum</b>	<b>0</b>	

### 83.2 Miljørettet helsevern

Ingen ferdigbehandla saker i 2008.

RegROT viser 2 innkomne saker i 2008, herav 1 sak avvist

1 sak i restanse 31.12.2008

### 83.3 Ernæring, fysisk aktivitet og tobakk

#### Ernæring, fysisk aktivitet og tobakk

##### Ernæring

Fylkesmannen registrerer ei aukande interesse for kosthaldsarbeid i kommunane. Fleire helsestasjonar, bufellesskap og barnehagar har søkt om støtte til ekstra innsats på dette området. Rogaland vart pilotfylke for Fiskesprell i 2007 og har hatt 2 kurs for nye barnehagar i 2008. Desse kursa får svært gode tilbakemeldingar. Universitetet har lagt inn eit "mini-kurs" for førskolelærarstudentane.

Nye retningsliner for kosthald i barnehagen er teken opp i eigen konferanse, men vert og trekt inn i teoridelen i Fiskesprell-kursa. Karmøy kommune har gjort eit systematisk forbetningsarbeid for kosthald i alle barnehagane. Evalueringa syner ei monaleg forbetring av mattilbodet i tråd med dei nye retningslinene.

Ammekyndig helsestasjon har god oppslutnad i fylket, men meldingar til Fylkesmannen viser at helsesøstre opplever at tidlig utskriving frå sjukehus etter fødsel ikkje samsvarar med intensjonane i Handlingsplan for et bedre kosthold når det gjeld amming, då amming ofte ikkje er godt nok i gang ved utskriving og problem har festa seg innan helsesøster kjem inn i bildet.

- Andel 1-10 og 8-10-skolar med skolefruktordning:

Ein kommune hadde ikkje innført gratis skolefruktordning hausten -08, (etter spørjing ved Utdanningsdirektøren). Kommunen seier dei vil få dette på plass frå 2009.

Andel 1-7 skolar med skolefruktordning: 67 av 152 skolar, ca 44 % , (43% i 2006).

##### Fysisk aktivitet

Partnerskapen Frisk i friluft held fram med mål å auka fysisk aktivitet i befolkninga. Varierende grad av stillingsressurs har verknad for engasjementet i dei ulike kommunane. Hovudfokus har vore tilrettelegging av nye turstiar, og aktivitetar knytt til desse. Fleire av kommunane har hatt tiltak knytt opp mot skolane. Friluftsliv og universell utforming var tema på heildagssamling for denne partnerskapen. Eit samarbeid med Rogaland idrettskrets om lågterskeltilbod til inaktive er under utvikling.

Fylkesmannen har også i 2008 bidrege til ei styrking av ordninga med treningskontaktar for personar med rus- og /eller psykiske problem. 4 kommunar og Jæren DPS arbeider godt med dette, og har også etablert Aktiv på dagtid med støtte frå fylkeskommunen. Ordninga med treningskontaktar har stor interesse, mellom anna i kommunar som Sandnes og Stavanger som er i gang med opplæring, (40-timars kurs).

Prosjektet Fysisk aktivitet og måltid i skolen hadde sluttksamling i 2008. Deltakarskolane nådde ikkje målet om 60 minutt aktivitet kvar dag, men ligg på mellom 30-45 minutt i tillegg til kroppsøvingstimane. Ei vidareføring av prosjektet ligg best til rette der skolane legg kosthaldsarbeid og auka aktivitet inn som del av den ordinære skoledagen, og ikkje basert på "ekstratiltak".

#### Fysisk aktivitet

- Andel grunnskolar med minimum 60 min fysisk aktivitet dagleg :

Ingen av prosjektskolane nådde dette målet. (Ligg mellom 30-45 min.) Det er ikkje gjennomført ei eiga spørjing om dette, men det er rimeleg å tru at oppslutnaden er om lag den same for andre skolar.

#### Tobakk

Tal på daglegrøykjarar i fylket følgjer landssnittet. Det har synt seg vanskeleg å rekruttere eller halde på personar som kan tilby opne røykjesluttkurs. Dei som har tilbydt slike kurs melder om låg oppslutnad. Fleire bedriftshelsetenester gjennomfører kurs og syner stor interesse for å delta på kursleiarkurs. Nokre få kommunar ønskjer å tilby røykjesluttkurs for sine tilsette eller publikum. Fylkesmannen mottok få førespurnader etter røykjesluttkurs.

